

Farskapssakene på 1920-talet

– Rettsbruk og fordommar

Kandidatnummer: 203972

Veileder: Jørn Øyrehagen Sunde

Antall ord: 34.888



JUS398 Masteroppgave
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

01.06.2014

Innholdsfortegnelse

Innholdsfortegnelse	2
1 Innleiing	3
1.1 Tema for oppgåva.....	3
1.2 Konkret problemstilling og framgangsmåte for oppgåva.....	9
1.3 Tidlegare forskning.....	10
2 Lovene.....	12
2.1 1892-lova.....	12
2.2 1915-lova.....	13
3 Haldningar i forarbeida til farsbidragsføresegnene.....	17
3.1 1892-forarbeida	17
3.2 1915-forarbeida	27
4 Farskapssakene.....	34
4.1 Farskapssakene som kjeldegrunnlag	34
4.2 Rettsmøta i farskapssakene.....	37
4.2.1 Metode.....	38
4.2.2 Undersøking av rettsmøta i sakene.....	46
4.3 Domspremissane og resultata i sakene	86
4.3.1 Metode.....	86
4.3.2 Undersøking av resultata og domspremissane i sakene	88
5 Konklusjon	96
Litteraturliste	98
Lister over tabeller, figurer o.l.	100

1 Innleiing

1.1 Tema for oppgåva

Blei kvinner som fekk barn utanfor ekteskap utsett for fordommar i farskapssakene på 1920-talet?

Dei Castbergske barnelover blei ein del av norsk lov i 1915. Det er tale om seks lover som høvesvis omfatta «uektefødde» barn, forandringar i arvelova, formueforhold mellom ektefeller, skilsmisse, foreldre og ektebarn, og forsorg for barn¹. I den fyrstnemnde lova som omhandla uektefødde barn, «Lov om barn, viss forældre ikke har indgaaet egteskab med hverandre», blei den allereie lovpålagte farsbidragsplikta i norsk lov vidareført.

Johan Castberg som var pådrivaren bak lovene meinte at fordommar i samfunnet medførte dårlege levekår for barn fødd utanfor ekteskap:

Det ligger... nær at tenke paa de fordomme som især i tidligere tider har gjort sig gjældende mot de førstnevnte børn, idet den almindelige opinion har været tilbøielige til at anse dem for en ringere klasse menneske, hvis ære er berørt ved det uregelmessige forhold, som de skylder sin tilværelse.²

Farsbidragsplikta hadde i 1915 vore ein del av norsk lov i mange år. Fyrste gong plikta blei implementert i norsk lov var ved forordning av 14. oktober 1763, som vidare blei avløyst av ein rekkje forordningar. Desse bestemte at faren «...etter sin...formue...skulle...betale minst halvparten av de omkostninger» som måtte til for å dekkje barnet sitt «nødtørftige underhold».³ Etter ordninga skulle faren og mora dele utgiftene til barnet tilnærma likt. Plikta fekk likevel ikkje det omfanget det var ynskjeleg at den skulle få. Årsaka til dette var blant anna at «den dansk-norske staten enno ikkje var tilstrekkeleg utbygd til å realisera ideen om sosiale ordningar..., og lovreglane om barnebidrag vart i varierende grad berre følgd i praksis.»⁴ Ein annan sentral årsak til den manglande etterfølgjinga av lova var at negative haldningar mot kvinner som fekk born utanfor ekteskap gjorde seg gjeldande i samfunnet. Det

¹ Holthe, Berit Marion, *Et norsk førsteskritt i rettsutviklingen, Forbedringer i barn født utenfor ekteskaps rettsstilling etter de Castbergske barnelover av 1915, med særlig henblikk på retten til navn og arv etter faren. - Argumentasjon og forutsetning for likestilling*, Stensilserie, Institutt for privatrett, Universitetet i Oslo, Oslo 1986, s. 22

² Ot. prp. nr. 13, 1909, s. 1

³ Holthe, Oslo, 1986, s. 6

⁴ Sunde, Jørn Øyrehagen, *Speculum legale- rettspegele*, Fagbokforlaget, Bergen 2005, s. 263

var ei «sosial...stigmatisering» av desse kvinnene:⁵Haldningane medførte at rettsbrukarane vegra seg for å gje kvinnene og barna deira den rett dei etter lova hadde krav på. Resultatet var at kvinnene åleine måtte bære ansvaret for konsekvensane av det seksuelle samkvem utanfor ekteskap.

Det krevjast to for å danse tango, men ansvarleggjeringa av kvinna tilseier haldningar i samfunnet om at det var hennar skuld at det seksuelle samkvem hadde funne stad. I hermenutikken definerast ein fordom som ein dom eller oppfatning fatta på forhand.⁶ Det ser ut til at kvinnene som fekk avvist farsbidragssakene var offer for nettopp fordommar. Ein kan sjå fordommane som eit resultat av seksualmoralreglane i dei kondisjonerte miljøa i samfunnet på denne tida. Moralreglane gjekk blant anna ut på at kvinnene i miljøa skulle vera «reine» før ekteskap, og difor ikkje ha seksuelt samkvem før dei blei gift. I retts sakene var det dette moralsynet som blei representert av dommarane.⁷

På grunn av den lite omfattande etterfølgjinga av bidragsplikten på 1700-talet haldt arbeidet med bidragsplikta fram. I den alt nemnde forordning av 14. oktober 1763, og i tillegg lov av 1. august 1821, blei bidragsplikta til faren slege fast som ein allmenn gjeldande regel. Etter fyrstnemnde forordning skulle faren bidra med minst halvparten av dei omkostningar som barnet sitt «nødtørftige underhold» kravde til barnet var 10 år. Loven av 1821 utvida denne plikta til å gjelde til barnet var fylt 15 år.⁸ Dette vart så vidareført med «Lov om Underholdningsbidrag til Børn, viss Forældre ikke har indgaaet Ægteskab med hinanden, m.v» av 6. juli 1892. Lova var ei av to nye lover som omhandla uektefødde barn si rettsstilling,⁹ og den ga ei betre stilling for mødrene i høve bidragsplikten ved at faren no skulle betale bidrag etter økonomisk evne.¹⁰

Reformeringa av barnelovene var likevel ikkje over med desse lovene. I kjølvatnet av diskusjonen rundt 1892-lova, blei det i 1906 føreteke ei undersøking av livsvilkåra til barn fødd utanfor ekteskap. Det blei særleg uro over opplysninga om at de var «omtrent dobbelt så

⁵ Sunde, Bergen, 2005, s. 263

⁶ http://snl.no/fordom%2Fhermeneutisk_metode (April 2014)

⁷ Eliassen, Jørgen, «Fine jomfruer, gravide bruder og ugifte mødre. Forholdene i Moss rundt 1800» i Jørgen Eliassen og Sølvi Sogner (red.), *Bot eller bryllup, ugifte mødre og gravide bruder i det gamle samfunn*, Universitetsforlaget 1981, s. 81

⁸ Ot. prop. nr. 13, 1909, s. 2-3

⁹ Holthe, Oslo, 1986, s. 7

¹⁰ Seip, Anne Lise, *Sosialhjelpstaten blir til, Norsk sosialpolitikk 1740-1920*, Gyldendal Norsk forlag, Oslo 1994, s. 193

mange dødsfall blant uekte barn som blant ektefødte det første leveåret.»¹¹ Årsaka til den høge dødelegheita var blant anna kunstig ernæring av barna i staden for morsmjølk, og dårlege hygieniske forhold. Departementet meinte at ein måtte betre tilhøva slik at mødrene kunne amme barna sjølve, og at ein gjennom lovgjevinga måtte legge dei økonomiske og praktiske forholda betre til rette for dette.¹² Det viste seg at svært få kvinner reiste sak for å få bidrag frå faren. I praksis var det berre 18% av mødrene som gjekk til sak.¹³ 22% fekk bidragssak reist av fattigvesenet. Dei resterande 60% fekk enten såkalla minneleg ordning, eller aldri bidrag i det heile.¹⁴

I «Lov om barn, hvis forældre ikke har indgået ekteskap med hverandre» av 10. april, nr. 3, 1915 blei den låge prosent av kvinner som reiste sak motvirka ved § 8 i lova. Føresegna bestemte at mannen som mora utpeikte som far blei sett på som far og bidragspliktig så lenge han ikkje protesterte og reiste sak. I tillegg blei det fastslege at dersom mannen blei dømt til farskap, og ikkje berre bidragsplikt, så skulle barnet også få namne- og arverett etter han. Å bli idømt bidragsplikt var såleis ikkje det same som å bli dømt til farskap.

I 1915 hadde farsbidragsplikta vore ein del av norsk lov i 152 år. Samtidig råda det framleis fiendtlege haldningar i samfunnet mot kvinner som fekk barn utanfor ekteskap. Dette ser ein blant anna i ei utsegn som Landsmandsposten siterte frå Norsk Landsmandsforbunds Landsstyre då diskusjonen om vedtakinga av dei Castbergske barnelovene gjekk som verst. Det blei uttalt:

Vi bondefolk, for hvem Moral og moralske Værdier er mere end Fraser, og som i Familielivets Renhet og Egtesakpets Hellighet i Folkets Bevissthet, ser det eneste trygge Grundlag for Samfundets Trivsel og varige Lykke, vi som i vort Virke, hjemme og ute, har lært at skatte Betydningen av Hustruens stilleverkende ethiske indsats, i Familie og Samfund- *vi taaler ikke, at Tøsen gjennem norsk lov likestilles med Hustruen.* Og vi var ikke- Mænd- om vi taalte det.¹⁵

Utsegna er illustrerande for nokre av samfunnsmedlemmene sitt syn på kvinner som fekk barn utanfor ekteskap. I tillegg til denne utsegna blei det reist ein rekkje protestar frå mange ulike organisasjonar og samfunnsgrupper mot dei nye lovforslaga.¹⁶ Det kan etter dette sjå ut til at fordømmar mot kvinner som fekk barn utanfor ekteskap framleis levde i beste velgåande i samfunnet.

¹¹ Holthe, Oslo, 1986, s. 17

¹² Holthe, Oslo, 1986, s. 17

¹³ Seip, s. 193

¹⁴ Seip, s. 197

¹⁵ Holthe, Oslo, 1986, s. 80 (Mi utheving).

¹⁶ Stortingstidende 1915, bind 8 II, Forhandlinger i Lagtinget, 3. mars, s. 3-4

Dersom fordommar mot kvinner som fekk barn utanfor ekteskap var til stade i samfunnet kan kvinnene ha blitt møtt av ei fordomsfull atmosfære i rettsmøta i farskapssakene. Fordommane kan ha medført at dommarane i farskapssakene bevisst eller ubevisst var innstilt på at kvinna og barnet ikkje skulle få dei rettane dei etter lova hadde krav på, og at dette såleis påverka deira handsaming av sakene. Farskapssakene hadde ein form for inkvisitorisk prosess som kan ha medført at ein slik påverknad også i større grad kunne skje, enn ved ein ordinær prosess. Prosessen var forvaltningsliknande og med inkvisitoriske element, framfor ein vanleg akkusatorisk prosess som ein finn i den ordinære sivilprosessen. Det var dommarane som stilte spørsmål i sakene, oppnemnde vitne og hadde ansvaret for saka si opplysning. Partane var heller ikkje representert av advokatar. Det var likevel ikkje ein reindyrka forvaltningsprosess i sakene, då det var ein domstol framfor eit forvaltningsorgan som tok avgjerslene i dei.

I farskapssakene var det § 13 i «Lov om barn, hvis ikke forældre har indgået ekteskap med hverandre» av 10. april, nr. 3 1915, som var den aktuelle føresegna som blei nytta. Etter føresegna var det tre moglege resultat ein kunne komme til: farskap, farsbidragsplikt eller frikjenning. Ein føresetnad for idømming av både farsbidragsplikt og farskap var at enten mannen erkjente, eller at retten såg det bevist at mannen hadde hatt eit fullbyrda samleie med kvinna på graviditetstidspunktet. DNA-bevis fanst ikkje på denne tida, og det avgjerande ved bevisvurderinga var difor kven av partane si forklaring retten hadde størst tiltru til. Dersom mannen erkjente å ha hatt fullbyrda samleie med kvinna på graviditetstidspunktet, eller at retten kom fram til at dette var bevist, var spørsmålet vidare om mannen skulle dømmast til farskap eller berre bidragsplikt. Det avgjerande for om han berre skulle dømmast til farsbidragsplikt var om det var moglegheit for at nokon andre enn den utpeikte mannen kunne vera faren til barnet. Her var det nok at det var «grunn til å anta» at kvinna hadde hatt samleie med ein annan mann på graviditetstidspunktet, eller at det førelåg andre «omstændigheter» som gjorde det «tvilsomt» om den utpeikte mannen var faren til barnet.

Bevisa i sakene var vitneforklaringar, og bevisvurderinga var som i dag fri. Dette vil seie at dommarane måtte vurdere kven av partane ein hadde størst tiltru etter ei heilskapsvurdering av parts- og vitneforklaringane. I tillegg til ein påverknad på handsaminga av sakene i rettsmøta, kan fordommar også ha påverka bevisvurderinga til dommarane og resultatata i dei.

Irrelevante faktorar, som fordommar, kan bevisst eller ubevisst ha blitt ein del av den frie bevisvurderinga.

Ein fordom må kunne karakterisast som ei subjektiv meining eller haldning som er kjenslestyrt. Sjølv om mange i eit samfunn er samde om den, er haldninga framleis subjektiv. Negative haldingar mot minoritetsgrupper og minoritetshaldningar vil såleis også vera subjektive, og i så måte fell også fordommar mot kvinner som fekk barn utanfor ekteskap i denne kategorien. Grunnprinsippet om objektiv rettsbruk i rettssystemet taler klart imot at fordommar og andre utanomrettslige faktorar skal kunne påverke handsaminga av saker, bevisvurderingar og resultatata i dei. Den frie bevisvurderinga skal vera objektiv sjølv om den er fri. Francis Hagerup uttrykte dette kravet på denne måten:

Det maa her vel bemærkes, at den frie bevisteori ikke medfører, at bevisbedømmelsen er prisgivet dommerens rent subjektive vilkaarlighed. De bevisgrunde, der bestemmer hans overbevisning, maa være af den art, at de objektivt, efter en samvittighedsfuld prøvelse egner seg til at fremkalde overbevisning hos en forstandig dommer.¹⁷

I juridisk teori er det likevel blitt akseptert at ikkje-juridiske faktorar enten tilsikta eller utilsikta kan påverke rettsbruken i større eller mindre grad. Eit omgrep som er nytta for å beskrive korleis dette kan hende er omgrepet «rettskultur». Rettskultur er blitt definert som idear og forventningar til retten.¹⁸ Rettskulturomgrepet viser til at retten i eit samfunn ikkje berre blir til gjennom til dømes lover, men at rett er «relasjonar mellom ei svært differansiert gruppe rettslege handlande rettssubjekt og eit vidt spekter av handhevande institusjonar...».¹⁹ Kva som er retten i samfunnet og korleis den kjem til uttrykk i rettspraksis, blir avgjort av ein rekkje ulike komponentar som til saman utgjer rettskulturen. Ein av desse komponentane vil også vera haldningar i samfunnet. Dette viste til dømes Francis Hagerup til i artikkelen «Det psykologiske Grundlaget for Retten» frå 1906/07. Jørn Øyrehagen Sunde oppsummerer poenget i artikkelen hans med at «...etterleving av retten ikkje er eit spørsmål om autorativt opphav og handhevingsmakt, men om motivasjon skapt ved at det er eit visst samsvar mellom rett og samfunnsmessig rettskjensle, det ein gjerne kallar allmenne rettsoppfatning».²⁰

¹⁷ Hagerup, Francis, *Forelæsninger over den norske civilproses*, H. Aschehoug & co,s forlag, Kristiania, 1895, s. 377

¹⁸ Sunde, Jørn Øyrehagen, «Champagne at the funeral – an introduction to legal culture», i Jørn Øyrehagen Sunde og Knut Eidar Skodvin (red.), *Rendezvous of European Legal Cultures*, Fagbokforlaget, Bergen 2009, s. 3

¹⁹ Sunde, Jørn Øyrehagen, *Den juridiske komedien*, Fagbokforlaget, Bergen 2007, s. 22

²⁰ Sunde, Bergen 2007, s. 22-23

Komponentane som saman utgjer rettskulturen påverkar kvarandre likevel gjensidig. Dersom det blir innført ei lov som strider mot grunnleggjande haldningar i samfunnet kan haldningane bremse intensjonane til lova, men lova vil også ofte rokke ved desse bremsande haldningane eller oppfatningane i samfunnet. Eit av poenga i det rettskulturelle omgrep er at retten ikkje er statisk men i stadig endring. Endringane skjer ved at komponentane støyter borti kvarandre og skapar friksjon og skiftingar. Det er altså eit gjensidig sampel mellom komponentane. Ut frå dette er det også interessant å sjå om fordommar som kan ha eksisterte i samfunnet då dei Castbergske barnelovene blei fastslege var sterke nok til å påverke bruken av lova i praksis. I motsett fall kan det tenkjast at det halvanna århundre med farsbidragsplikta hadde medført ei svekking av fordommar i samfunnet, og ført til at det var ei allmenn rettsoppfatning om at også mannen var skuld i og skulle ansvarleggjerast for seksuelle relasjonar utanfor ekteskap.

Rettskulturomgrepet gir oss eit overblikk i korleis fordommar kan virke inn på rettsbruken generelt. På det konkrete rettsbruksnivå blir det dette eit spørsmål om det er mogleg for eit menneske å fri seg hundre prosent frå alle fordommar han eller ho er blitt berar av som eit samfunnsmedlem. Kan ein dommar verkeleg klare å setje til side all form for subjektivitet når han eller ho trer inn i rettssalen? Professor i filosofi, Arne Johan Vetlesen skriv i artikkelen «Ideen om upartiskhet» til dette spørsmålet at «Faglitteraturen... inneholder en rekke refleksjoner om hvorvidt det virkelig er realistisk at noen opptrer med...fargeblindhet og usynlighet.»²¹

Konkurrerende haldningar og verdier i samfunnet kan tenkjast å eliminere den moglege påverknaden fordommar eller andre haldningar kan få på rettsbruken. Det avgjerande for korleis retten blir er kven av dei ulike haldningane og verdiane som er sterkast i samfunnet, og som dermed i størst grad vil påverke rettsbruken. Vi såg at det var ei uro for dei uektefødde barna som førte til revisjonen av farsbidragspliktføresegna på 1900-talet. Ein meinte at barnet hadde krav på å få fastslege kven faren var, og at faren skulle bidra til barnet si forsørging. Desse haldningane oppmuntra såleis til ein objektiv rettsbruk fri frå fordommar mot kvinner og deira seksuelle aktivitet, for å finne ut om den som kvinna hadde utpeikt som faren til barnet faktisk var faren, og i tillegg ansvarleggjere han. Dersom desse haldningane

²¹ <http://www.regjeringen.no/en/dep/ud/kampanjer/refleks/innspill/engasjement/vetlesen.html?id=492751>
(November 2013)

var sterke i samfunnet kan dei ha utkonkurrert og eliminert eventuelle påverknadar
fordommar kunne ha på handsaminga av sakene, bevisvurderingane og resultatata.

1.2 Konkret problemstilling og framgangsmåte for oppgåva

Den konkrete problemstillinga for oppgåva er, som alt nemnt innleiingsvis:

Blei kvinner som fekk barn fødd utanfor ekteskap utsett for fordommar i farskapssakene på 1920-talet?

Måten eg skal finne svar på problemstillinga er gjennom ei strukturell tredeling av oppgåva. Tredelinga har bakgrunn i måten fordommar kan bli ein del av rettsbruken på: Fordommar vil manifistere seg i samfunnet hjå samfunnsmedlem, deretter vil dei kunne ta vegen inn i rettssalen og påverke handsaminga av sakene gjennom dommarane, og til slutt vil dei kunne bli ein del av bevisvurderinga og påverke resultatata. Eg har valt å følgje denne vegen og desse tre hovudstoppa i mi søken etter svar på problemstillinga: Eg skal først sjå på dei aktuelle lovene og forarbeida som låg til grunn for dei. Deretter skal eg analyserer handsaminga av sakene i rettsmøta. Til slutt skal eg undersøke resultatata i dommane og domspremissane for dei.

Fokuset i oppgåva vil liggje på analyse- og undersøkingsdelane. Det er desse som hovudsakleg vil gje svar på oppgåva si problemstilling. Analysen og undersøkinga av rettsbruken skal bli gjort på bakgrunn av ein gjennomgang av til saman 136 underrettssaker frå Midthordaland og Bergen. Grunna avgrensingsomsyn i høve mengda av materiale har eg gått igjennom dommar frå 1921 frå Bergen, medan eg har gått igjennom dommar frå heile 1920-talet frå Midthordaland.

1.3 Tidlegare forskning

Det er ikkje blitt forska på farskapssaker frå 1920-talet tidlegare. Sakene har også vore nedlagt med 80 års teieplikt etter forvaltningsrettslege reglar.²²

Det er gjort forskning som delvis overlappar, eller som ligg i grensesjiktet til temaet i denne oppgåva. Eg skal ikkje gjera noko forsøk på å lage ei fullstendig oversikt over forskinga på felta, men eg skal vise til den forskinga som eg har fått kjennskap til gjennom arbeidet med oppgåva. Noko av forskinga har eg nytte som kjelder i arbeidet.

Det er blitt forska på farskapssaker, leiermålssaker og barnedrapssaker, frå tidlegare epokar enn det som har vore temaet for denne oppgåva.

Jørn Øyrehagen Sunde har undersøkt farskapssaker frå 1700-talet. Dette har han skrive om i boka *Speculum legale- rettspegelen* som er utgitt av Fagbokforlaget i 2005.

Randi Holden Hoff har sett på saker som gjaldt seksuelt samkvem utanfor ekteskap på 1700-talet i si hovudoppgåve i historie frå Universitetet i Oslo i 1995: «Avlet i synd og ondskap - En sosial- og rettshistorisk undersøkelse av fødsler utenfor ekteskap i Kristiansund 1742-1801».

Charlotte Soma har undersøkt barnedrapssaker frå 1800-talet i si masteroppgåve i rettsvitenskap frå Universitetet i Bergen i 2011: «Barnedrap i Norge på 1800 tallet i lys av straffelovgivningen og Høyesterettspraksis - Barnedrap i Norge fra 1800 til 1900 tallet, studert gjennom betydningen av straffehjemlenes utforming og Høyesteretts tolkning for reduksjonen av barnefødsel i dølgemaal fra 1842 til 1902.»

Det er vidare blitt forska på forarbeida til dei Castbergske barnelover. Det kan her særleg nemnast avhandlinga «Et norsk førsteskritt i rettsutviklingen, Forbedringer i barn født utenfor ekteskaps rettsstilling etter de Castbergske barnelover av 1915, med særlig henblikk på retten til navn og arv etter faren.-Argumentasjon og forutsetning for likestilling.» av Berit Marion Holthe. Avhandlinga er blitt publisert i ein stensils serie utgitt av Institutt for privatrett ved Universitetet i Oslo i 1986. Holthe har undersøkt forarbeida ut frå ein sosiologisk synsvinkel.

²² Det er normalt 60 år med teieplikt på materiale av denne art etter fvl. § 13 punkt c). Riksantikvaren kan likevel forlenge tidsfrista, og det er vanleg å rekne med 80 års sperrefrist på dette materialet.

Teksten har vore til nytte som kjelde i mitt arbeidet med undersøkinga av forarbeida i denne oppgåva.

Forarbeida er også blitt forska på i historiehovudoppgåva «Stortingets behandling av de Castbergske barnelover» skrive av Anna Sofie Dale ved Universitet i Oslo i 1969.

Anne Lise Seip har sett på bakgrunnen for dei Castbergske barnelover i boka «Sosialhjelpstaten blir til, Norsk sosialpolitikk 1740-1920» utgitt av Gyldendal Norsk Forlag i Oslo i 1994. Boka har vore til nytte som bakgrunnsstoff og som kjelde i denne oppgåva.

2 Lovene

Det er 1892-lova og 1915-lova som inneheld føresegnene som låg til grunn for idømming av farsbidrag og namne- og arverett til barn som var fødd utanfor ekteskap på 1920-talet. Det var 1915-lova som blei nytta i rettssakene på 1920-talet. Det er likevel av interesse å sjå på utforminga til både 1892-lova og 1915-lova, då ein gjennom ei samanlikning av lovene vil sjå kva endringar i rettane til kvinnene og barna 1915-lova nedfelte opp mot rettane etter 1892-lova.

2.1 1892-lova

Det var § 1 i «Lov om Børn, hvis Forældre ikke har indg. Ægtesk. m. hinanden» av 6. juli, nr. 4, 1892 som var grunnlaget for at faren skulle yte farsbidrag etter økonomisk evne, og som blei vidareført til 1915-lova. Føresegna bestemte at:

For Barn, viss Forældre ikke har indgaaet Ægteskab med hinanden...pligter Faderen indtil Barnets fyldte 15de Aar delvis eller efter Omstændighederne helt at utrede de med dets Underhold og Opdragelse forbundne Udgifter afpassede efter hans egne og Moderens økonomiske Vilkaar. Herunder inbefattes ogsaa Udgifterne ved dets Daap, Skolegang og Konfirmation. Hvor meget Faderen aarlig skal utrede, bliver paa Undragende at bestemme af Overøvrigheden. Herved iagttages, at Opfostringsbyrden saavidt muligt falder ligeligt paa begge Forældre efter deres økonomiske Vilkaar, forsaavidt ikke en anden Fordeling kræves af Billighed, saasom paa Grund af den enes større Skyld i den ulovlige forbindelse. Er moderen Død, bør det i fornødent Fald paalegges Faderen, forsaavidt han har Evne dertil, helt at udrede udgifterne. Det same bør ogsaa ske, saafremt Moderen ikke formaar at utrede sin Del af Udgifterne.

Denne bidragsplikta skulle vare fram til barnet hadde fylt 15 år. Dette kan ein lese antitetisk ut av § 2 i lova kor det går fram at faren også etter at barnet var fylt 15 år skulle gi bidrag dersom han hadde:

...evne dertil, og Barnet paa Grund af aandelig eller legemlig Svaghed ikke kan forsørge sig selv... [eller dersom] ...der maatte være særlig Grund til at skaffe Barnet en fortsat Uddannelse, og Faderen efter sine økonomiske vilkaar antages at burde bidrage dertil.

Bidragsplikta blei idømt etter § 25. Føresegna bestemte at dersom mannen som var utpekt som far erkjente å ha hatt «legemlig Omgang med Moderen til saadan Tid, som etter de fremkomne Oplysninger maa ansees som den antagelige Besvangrelsestid» blei han å «anse som Barnets Fader». Dersom mannen nekta på dette utan at retten fann dei framkomne opplysningar «tilstrækkelige til enten at godtage eller forfalde hans Benægtelse», blei utfallet

av saka avgjort på bakgrunn av ei eidsavleggjing på spørsmålet om partane hadde hatt lekamleg omgang med kvarandre til ei slik tid at mannen kunne vera faren til barnet. I høve denne eidsavlegginga går det fram av føresegna at det normalt var faren som fekk avlegge eid. Mora fekk avlegge eid ved særskilte omstende:

Eden bliver i Aldmindelighed at paalegge den angivelige Fader, men kan dog under særlige Omstendigheder i Stedet pålegges Moderen, saasom når den angivelige Fader begjærer det, eller naar han paa Grund af sin Vandel eller sin optræden under Sagen har mindre Troværdighed, eller naar Moderen har tilveiebragt noget, men ikke tilstrækkeligt Bevis for Riktigheden af sin Paastand.

Dersom mannen blei idømt bidragsplikt medførte dette at ein rekkje føresegner i lova kunne nyttast ovanfor mannen. Nokre av føresegnene regulerte inndraging av bidragsplikta, medan andre påla mannen å betale ekstra pengebidrag til kvinna og barnet i særskilte situasjonar. Sistnemnde situasjonar blei regulert av §§ 3 og 4. § 3 bestemte at faren kunne påleggast heilt eller delvis å dekke utgifter ved «Barnets sykdom eller Begravelse». § 4 bestemte at faren var plikta til å bidra etter evne til utgifter ved «Moderens nedkomst og forsvarlige forpleining under Barselleiet». Når det gjaldt inndringa av det allmenne bidraget bestemte § 8 at eit lønstrekk kunne bli gjort av mannen si inntekt for å dekke bidraget. § 10 bestemte at mannen kunne bli beordra til «Tvangsarbeidanstalt» for å dekke bidragsplikta si, eller han kunne bli sett til å arbeide i det offentlege eller det private etter § 11 for å oppfylle plikta si.

Dersom mannen ynskja å dra til utlandet måtte han etter § 14 betale eller stille tryggleik for forfalte terminar av bidraget, og i tillegg stille tryggleik for framtidige bidragsterminar.

Dersom det førelåg omstende som godtgjorde eller sannsynleggjorde at mannen hadde planar om å dra til utlandet utan å oppfylle plikta si, kunne politiet etter § 15 «forbyde Faderen at afreise og lægge Beslag paa hans Gods.»²³

2.2 1915-lova

I «Lov om barn, viss forældre ikke har indgaat egteskap med hverandre» av 10 april, nr. 3 1915, § 1 blei det bestemt at barn fødd utanfor ekteskap skulle ha «samme rettstilling i forhold til faren som i forhold til moren..., [med] de avvikelser, lovgivningen forøvrig fastsetter.». Denne føresegna formulerte føremålet med heile lova. Det var første gong i norsk

²³ Love, anordninger etc., XII. 1., 1891-1892, Christiania, P.T. Mallings Boghandels Forlag, 1895, s. 739-745

rettshistorie at barn fødd utanfor ekteskap fekk like rettar ovanfor begge foreldra. Føresegna var såleis banebrytande, og var ei prinsippformulering som var viktig å nedfelle i lova.

I § 2 blei denne rettsstillinga vidare utdjupa med at barnet hadde rett til å få «opfostring—underhold, opdragelse og utdanning—baade av sin far og av sin mor.» Det blei vidare bestemt at barnet skulle «opdrages og utdannes efter farens vilkaar, men efter morens, om det er hende, som har bedst raad», og at oppfostringa elles skulle skje «under hensynstagen til den bedstilledes økonomiske vilkaar».

§ 4 bestemte at den av foreldra som ikkje hadde omsorg for barnet skulle oppfylle si oppfostringsplikt «ved at betale pengebidrag efter reglene i §§ 19 og 20». Etter § 19 skulle «Opfostringsbidrag...betales, til barnet har fylt 16 aar». Bidragsplikta var ut ifrå dette utvida med eitt år opp mot 1892-lova. Vidare blei det bestemt i samsvar med 1892-føresegna at det også kunne fastsetjast bidrag ut over dei fylte 16 år ved særskilte tilfelle. Etter § 20 blei det bestemt at bidraget skulle «fastsettes således, at der så vidt mulig faller like stor byrde på hver av foreldrene i forhold til deres økonomiske kår».

Etter § 25 blei det bestemt at: «De ydelser, som er lagt paa faren eller den bidragspligtige, forfalder ikke, før enten farskapet eller bidragsplikten er fastslaaet ved erkjendelse eller ved oversiddens av søksmaalsfristen efter § 8 eller ved endelig dom». Det var såleis tre måtar ein kunne aktivere bidragsplikta ovanfor faren på: For det første ved at mannen som var utpeikt som far erkjente farskapet, for det andre ved at mannen ikkje gjekk til sak for å bli fråkjent farskapet før søksmålsfristen var ute, eller for det tredje ved dom. Lova skil seg såleis frå 1892-lova ved at den utpeikte faren måtte gå til sak for å ikkje bli sett på som faren til barnet, og at det såleis ikkje lenger var kvinna som måtte gå til sak for å få mannen fastslege som far. Dette var ei endring som blei til på bakgrunn av det problemet, som vi såg tidlegare, at det var få kvinner som gjekk vegen via retten for å få bidrag. Siktemålet til § 25 var difor å sørge for at kvinnene fekk det bidraget dei hadde krav på utan å alltid å måtte gå til sak, og såleis betre økonomien deira og få ned spedbarnsdødelgheita i samfunnet.

Dersom mannen gjekk til sak for å bli fråkjent farskapet var det § 13 som regulerte om mannen skulle bli idømt bidragsplikt, farskap eller bli frikjent. Føresegna bestemte at:

Den oppgivne far skal ved dommen kjendes at være barnets far, saafremt retten finder det bevist, at han har hat saadant samleie med moren, at han efter naturens orden kan være barnets far, og retten ikke finder grund til at anta, at moren har hat saadant samleie med nogen anden, eller at det iøvrig foreligger omstændigheder, som gjør det tvilsomt, om den oppgivne far er barnets far.

Finder retten ikke at kunne avsi dom for den opgvine fars farskap, blir denne at kjende bidragspliktig, saafremt retten anser det bevist, at han har hat samleie med moren til saadan tid, at han efter naturens orden kan være barnets far.

Ein kan merke seg at føresegnene i 1915-lova hovudsakleg skilde seg frå føresegnene i 1892-lova ved at det no også kunne bli dømt til farskap, og ikkje berre farsbidrag. Det var nettopp dette som låg i at barnet no fekk same «rettsstilling» ovanfor faren som for mora i prinsippføresegna i § 1. I praksis medførte dette: Dersom ein mann blei dømt til farskap fekk barnet, i tillegg til bidrag, også namne- og arverett etter faren.

Dersom faren ikkje betalte bidraget ved forfall bestemte § 26 at han skulle betale «4 pct., dog ikke under 50 øre...i indrævningsavgift». Dersom han framleis ikkje betalte til tross for påkrav bestemte § 27 at pengane kunne drivast inn ved «utpatning eller ved, at pengene tilbakeholdes i skyldnerens arbeidsløn».

På same måten som 1892-lova bestemte lova av 1915 at dersom mannen blei dømt til bidragsplikt skulle han i tillegg til det allmenne bidraget også yte ekstra bidrag til kvinna og barnet ved særskilte situasjonar. § 20 bestemte at dersom barnet blei «sykt» kunne «særskilt bidrag til disse utgifter pålegges». Vidare blei det bestemt at dersom barnet døde før det var fylt 16 år kunne det «pålegges et særskilt bidrag til begravelserutgifter». Desse pliktene var lik den plikta som faren hadde blitt pålagt etter 1892-lova i desse situasjonane. 1915-lova utvida likevel faren si plikt ved at han kunne bli pålagt ein «særskilt hjelp» til barnet sin dåp og konfirmasjon. Vidare bestemte § 21 i 1915-lova at faren ved påkrav skulle betale utgiftene ved «nedkomsten» til kvinna, «og ved hennes forsvarlige pleie under barselleiet». Etter 1892-lova var det, som vi såg, nok at faren bidrog etter evne på dette punktet. 1915-lova auka plikta til faren ved at han no måtte betale alle utgiftene. Lova av 1915 utvida såleis faren si plikt til å bidra ved særskilte situasjonar på fleire punkt.

§ 30 i lova bestemte at dersom faren lot vera å betale dei pålagte bidraga kunne han «straffes med bøter eller fængsel indtil 3 maaneder». Han kunne etter § 31 bli sett til å «arbeide for det offentlige eller hos private», eller ein kunne sette domfelte i «tvangsarbeidshus». Lova av 1892 ga i samsvar med 1915-lova moglegheit til å setje faren i arbeid for å dekke plikta si, men moglegheita til å straffe faren med bøter eller fengsel var nytt for lova av 1915.

Dersom mannen skulle dra til utlandet på permanent basis bestemte § 34, på same måten som § 14 i 1892-lova, at faren skulle «betale eller stille sikkerhet for det, som er forfaldt», og i tillegg dersom han ikkje blei fritaken av amtmannen «stille sikkerhet for det som senere

forfalder». På same vis som i 1892 kunne politiet etter § 35, dersom det var grunn til å tru at faren hadde tenkt å dra til utlandet, «negte ham at reise og lægge beslag paa hans gods». Dersom han hadde forlete landet og dersom utreise etter lova kunne «være negtet ham», kunne det etter § 38 bli lagt «beslag paa gods» som han hadde i landet.

Dersom den bidragspliktige døydde før bidragsplikta var felle bort bestemte § 40 at dei tinga som var nødvendig til dekning av bidraget kunne «holdes tilbake av boet, efterat fordringshaverne» hadde fått sitt. Dette var også nytt for 1915-lova sett opp mot lova av 1892.²⁴

²⁴ Norsk Lovsamling, Annet bind, 1901-1915, Grøndahl & Søns Boktrykkeri, Oslo, 1926, s. 791-804

3 Haldningar i forarbeida til farsbidragsføresegnene

Det føreligg eit stort materiale med forarbeidsdiskusjonar i forkant av 1892-lova og 1915-lova. Til 1892-lova føreligg det 242 sider med forarbeidsdiskusjonar i Odels- og Lagtingsforhandlingane, medan det til 1915-lova føreligg til saman 530 sider i tilsvarende forhandlingar. Kva haldningar som kjem til uttrykk mot kvinner som fekk barn utanfor ekteskap i forarbeida, vil avspegle nokre av haldningane mot denne gruppa generelt i samfunnet i samtida. Ei føresegn er i seg sjølv berre eit utval av bestemte haldningar i samfunnet, men i lovdiskusjonen må lovgivarane også vurdere kva andre konsekvensar ut over føremålet loven kan få som kan stride mot andre haldningar i samfunnet. Dersom ei lov blir innført til tross for at den går på tvers av andre haldningar i samfunnet kan haldningane, som vi har sett, tenkjast å kunne gi motvilje til å gjennomføre lova fullt ut av rettsbrukarane. Dersom det fantes fordømmende haldningar i forarbeida kan det vera av interesse å få klårlagt innhaldet i dei, kven som var berarane av desse fordommane i debatten og om det var semje om desse haldningane, eller om dei utgjorde meir unntaket enn regelen hjå debattantane.

3.1 1892-forarbeida

Det er to sentrale odelstingsproposisjonar til «Lov om Børn, hvis Forældre ikke har indg. Ægtesk. m. hinanden» av 6.juli 1892: Ot.prop. nr 10 av 1892 og Ot.prop. nr. 45 av 1892. I den fyrstnemnde odelstingsproposisjonen blir det henta inn ulike synspunkt frå fattigkommisjonar og embetsmenn, som magistratar og futar, rundt om i landet. Spørsmåla ein innhentar synspunkt på omhandlar auka bidragsplikt, forlenga bidragsplikt, spørsmål om arverett etter faren og om det skulle vera erstatningsplikt for mannen i høve utgiftene kvinna hadde hatt ved barselseng eller i høve utgifter ved gravferd for kvinna eller barnet. I proposisjonen blir det vist til argumenta til amtmennene då desse var representative for synspunkta til både embetsmennene og fattigkommisjonane. I Ot.prop. nr. 45 blir lovforslag som er utforma rundt dei same spørsmåla som i fyrstnemnde proposisjon diskutert av stortingsrepresentantar og deretter votert over.

Auka bidragsplikt

I Ot.prop. nr. 10 går det fram at det var 260 fattigkommisjonar som var for ei allmenn auking av bidragsplikta. Talet på fattigkommisjonar som på den andre sida rådde ifrå å auke bidragsplikta låg på 300 kommisjonar. Til slutt var det 106 kommisjonar som var for ei auking av bidragsplikta, men med den føresetnad at ein berre auka bidraget etter dei økonomiske vilkåra til mannen. Det blei vidare vist til at 9 magistratar og 5 futar i landet var for ei allmenn forhøgning, medan 5 magistratar og 5 futar var for ei auking etter økonomiske vilkår.²⁵ I alt var det 64 magistratar og 49 futar i landet i 1892.²⁶ Det går ikkje fram av forarbeida kva synspunkt dei resterande futane og magistratane i landet hadde på spørsmålet.

Forkjemparane for utvida bidragsplikt hjå embetsmennene argumenterte for det første med at kvinna, særleg i det første leveåret til barnet, ville ha vanskar med å tene inn pengar for å kunne sørgje for barnet. Ein kan sjå argumentet som eit ynskje om at barna som var fødd utanfor ekteskap skulle få ein betre økonomisk lagnad enn kva dei hadde. Det ser med dette ut til at det var eit solidaritetsomsyn ovanfor barna ein meinte talte for ein utvida bidragsplikt. I høve denne synsvinkelen blei det vidare uttalt at kvinnene som fekk barn utanfor ekteskap fekk eit skår i deira sosiale omdømme som kunne påverke framtidsutsiktene deira:

...da Kvinden ved et uægte Barns Fødsel lider et ganske andet Skaar i det sociale Omdømme end Barnefaderen, og Udsigterne for Fremtiden overhovedet stiller sig langt mørkere for hendes Vedkommende end for hans, er det ogsaa billigt, at de økonomiske Byrder, der udspringer af Forholdet, lettes noget for Kvinden i forhold til Manden.²⁷

Denne utsegna kan tolkast som om at det for kvinnene ville vera vanskeleg å få arbeid eller bli gift seinare i livet dersom ho hadde fått eit barn utanfor ekteskap. Det ville såleis bli problematisk for kvinna å sørgje økonomisk for barnet, ikkje berre dei første leveåra til barnet, men også gjennom oppveksten. Ein ynskja gjennom utvida bidragsplikt å bøte på dette problemet. Det kan av utsegna også sjå ut til at det ikkje berre var solidaritetsomsyn ovanfor barnet, men også rettferdsomsyn ovanfor kvinna som var eit omsyn bak auka bidragsplikt. Utsegna kan tolkast som at ein meinte det var rettferdig ovanfor kvinna at mannen skulle yte meir økonomisk. Begge partar skulle altså ta ansvar for konsekvensen av forholdet. Det blei vidare vist til i debatten at mannen ofte tente meir enn kvinna og at mannen såleis på grunn av

²⁵ Ot.prop. nr. 10, 1892, s.10-11

²⁶ Norges statskalender 1892, s. 358-366 og s. 278-282

²⁷ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 11

dette burde bidra meir til forsørginga enn mora.²⁸ Dette argumentet taler tilsvarande, som det føregåande argumentet, for at rettferdsomsynet ovanfor kvinna var eit omsyn bak føresegna.

I tillegg til desse argumenta med rot i solidaritets- og rettferdsomsyn blei det vidare ført fram at eit auka bidrag ville kunne skremme menn frå å inngå seksuelle forhold med kvinner utanfor ekteskap. Ein ville på denne måten unngå at det i framtida blei fødd barn utanfor ekteskap i like stor grad som før.²⁹ Dette argumentet kan tolkast som eit teknisk argument som støtta dei overordna rettferds- og solidaritetsomsyna ved at føresegna ville virke allmennpreventivt mot at det ville bli fødd barn utanfor ekteskap. Føresegna ville difor forhindra at kvinner og barn i det heile kom i den dårlege økonomiske situasjonen. På den andre sida kan ein tolke argumentet som at barn fødd utanfor ekteskap sin eksistens i samfunnet generelt var uynskt, altså ikkje berre på grunn av at dei leid økonomisk. Dersom sistnemnde tolking var tanken bak argumentet kan det ha vore to separate føremål bak ynskje om å auke bidraget. Det eine kan ha vore å gi rettferd og solidaritet til dei barna og kvinnene som allereie var komen i den aktuelle situasjonen. Det andre kan ha vore å forhindre så langt det lot seg gjere at barn blei fødd utanfor ekteskap, slik at lova var i tråd med haldningar i samfunnet om at ein ikkje ynskja desse barna. Hjå forkjemparane av auka bidrag ser det ut til at ein meinte begge føremåla kunne bli oppnådd med auka bidrag som verkemiddel.

Embetsmennene som var imot forslaget viste til at eit utvida bidrag ville føre til inndrivingsvanskar av bidraget. Dei meinte verkemiddelet for å betre kvinnene og barna si stilling rett og slett ikkje ville fungere i praksis. Dette tekniske argument talte såleis mot utvida bidrag. Ein peikte på at fedrane var unge, fattige og hørde til arbeidarklassa,³⁰ samt at det allereie var eit problem å inndrive den bidragsplikten som var. Ved opptening av kronearbeid, som var ei ordning for at fedrane skulle tene opp pengar til bidraget, var det mange som forsvann når kronearbeidet nærma seg.³¹ Ein frykta av den grunn at eit auka bidrag ville medføre at fleire flykta til utlandet. Desse argumenta om at auka bidrag ikkje ville fungere i praksis kan isolert sett tilseie at motstandarane av auka bidragsplikt i utgangspunktet var for dei grunnleggjande rettferds- og solidaritetsomsyna som forkjemparane promoterte.

²⁸ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 11

²⁹ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 11: «I enkelte Erklæringer har det ogsaa været udtalt, at en Skjærpelse af Barnefaderens Forpligtelser antages at ville ha en afskrækkende Virkning med hensyn til Indgaaelse af usædelige Forbindelser og derigjennem tjene til at formindske Antallet af uægte Fødsler.»

³⁰ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 13: «...den ulige største Del af uægte Børns Fædre er aldeles uformuende, til Arbejderklassen henhørende og ofte ganske unge Personer.»

³¹ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 16: «De fleste Personer af denne Slag forsvinder nemlig, naar kronearbeidstiden nærmer sig...»

Dei meinte derimot at auka bidrag som verkemiddel ikkje ville fungere. Ut frå dette gjekk usemja til no i debatten hovudsakleg ut på korleis ein skulle oppnå dei overordna solidaritets- og rettferdsomsyna.

Det andre motargumentet hjå embetsmennene var at auka bidrag ikkje ville medføre færre utanomekteskapelege fødsjar. Til dømes amtmannen i Kristians amt peikte på at til tross for at det var gjort store framsteg i folkeopplysninga dei siste 25 åra, var sedskapstilstanden i samfunnet ikkje blitt betra. Talet på born fødd utanfor ekteskap var framleis det same som tidlegare, og han meinte at ein av den grunn måtte gå ut frå at lovgivinga med auka bidrag ikkje var heldig for ei forbetring i sedskapstilstanden. I staden for å gå vidare i rettane til mora meinte han at ein heller burde innskrenke dei.³² Motstandarane nytta med dette eit teknisk argument mot auka bidrag ved å peike på at føresegna objektivt sett ikkje ville medføre ei allmennpreventiv verknad mot utanomekteskapeleg seksuelt samkvem. Det var altså ei usemje mellom motstandarane og forkjemparane i om bidraget ville fungere som eit verkemiddel for å få færre uektefødde born i samfunnet. Amtmannen i Nordre Trondhjems amt meinte også at dersom ein ynskja å redusere talet på born fødd utanfor ekteskap burde ein heller innskrenke bidraget framfor å auke det. Ei innskrenking av bidraget ville etter han sitt synspunkt auke kvinna si motstandskraft mot å inngå seksuelle relasjonar utanfor ekteskap.³³ I høve spørsmålet om mannen skulle bidra ved utgifter til barselseng eller utgifter ved mora eller barnet sin død, blei det uttalt av amtmannen i Nordlands amt at det var viktig å ikkje «yderligere...svække den Følelse av Moralsk Ansvar hos Kvinden, der skal tene til at værne hende mod Fald.»³⁴ Motstandarane kopla såleis eit moralsk omsyn med det tekniske ved å peike på at auka økonomisk ansvar hjå mannen ville svekke det moralske ansvaret hjå kvinna. Dette var årsaken til at auka bidrag ikkje ville ha ei allmennpreventiv verknad. Denne koplinga viser haldningar hjå motstandarane om at det var kvinna som etter moralen skulle ha det største ansvaret for å unngå seksuelle relasjonar utanfor ekteskap. Eit utsegn frå amtmannen i Kristians amt kan underbygge trua om at denne haldninga var til stade. Han viste til at medkjensle med situasjonen kvinna var kome ikkje burde vera avgjerande for lovgjevinga, men at ein måtte sjå på kva som var best for samfunnet:

³² Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 14: «Heller and at gaa videre i Retning af at tillægge det uægte Barns Moder Rettigheder mod Faderen syntes der at burde være Spørgsmaal om en Tilbagegang...Naar der i de sidste 25 Aar, hvori der har været gjort store Fremdskridt i Folkeopplysningen, ikke var indtraadt nogen paaviselig Forbedring af Sædelighedstilstanden, idet Antallet af uægte Børn ifølge Statistisk Aarvog for 1883 i de sidste 5 Aar stod i samme Forhold til samtlige levende Fødte som i Aarene 1856 — 60, syntes der nemlig at være Grund til at antage, at vor Lovgivning ikke var heldig for en Forbedring i disse Tilstande.»

³³ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 18

³⁴ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 29

Medfølelse med den faldne kvindes stilling bør efter Amtmandens Mening ikke være bestemmende for Lovgivningen, idet Kvinden, som – Sagen set i sin almindelighet – er like skyldig i det ulovlige Forhold, neppe har nogen paa Moralen hvilende Ret at paaberope sig mod sin Medskyldige, hvorfor Samfundet naar de gjør de Rettighæder gjældende mod dem begge...maa tage Samfundsinteresser i det hele i betragtning...³⁵

Motstandaren sitt moralske argument gjekk såleis på tvers av dei overordna rettferds- og solidaritetsomsyna til forkjemparane ved at ein ønska å oppretthalde det moralske ansvar hjå kvinna i høve seksuelle relasjonar utanfor ekteskap, istadenfor å likestille mannen og kvinna si plikt til å yte, og sørgje for at dei uektefødde barna fekk lik lagnad som barn fødd innanfor ekteskap. Det kan nærmast tolkast som at motstandaren meinte det var urettferdig at kvinna og barnet skulle få auka bidrag dersom kvinna hadde brote sitt moralske ansvar. Det ser dermed ut til at det var ei usemje hjå motstandarane og forkjemparane i kva som var rettferdig ovanfor kvinna og barnet. I tillegg til desse to motpolane i debatten argumenterte nokre av embetsmennene frå ein mellomposisjon. Det blei peikt på at det måtte bli teke ei skjønnsmessig vurdering i kvart konkrete tilfelle om bidrag skulle bli gitt eller ikkje. Vurderinga måtte bli gjort på bakgrunn av blant anna om mora var ei heiderlig og ryktelaus kvinne, og om ekteskapsløfte var inngått mellom partane eller ei.³⁶ Det var altså berre der kvinna hadde oppført seg i samsvar med det ein meinte var hennar moralske ansvar at det var rettferdig med auka bidrag frå mannen.

I stortingdebatten førelåg også solidaritetsomsynet til barna som eit grunnleggjandes omsyn bak argumenta for auka bidragsplikt. Dette ser ein blant anna frå utsegna til høgreman Rynning: «Enhver af os vil jo gjerne at disse Børn skal komme i en saa gunstig Stilling, som Omstændighetene kan tillade.»³⁷ Venstremann Hægstad viste til at ein far hadde same plikter ovanfor eit barn uansett om det var fødd innanfor eller utanfor ekteskap: «...en Fader har same Pligter ligeoverfor sine Børn, hvad enten de er fødte i eller udenfor Ægteskab.»³⁸ Her ser ein at tilhøyrarane til venstrepartiet ikkje berre meinte at barna skulle få det betre økonomisk, men at borna skulle få identisk økonomisk lagnad som born fødd innanfor ekteskap. Venstremann Ullmann uttalte at foreldra måtte ha same ansvar uansett om dei var gift eller ikkje:

³⁵ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 14

³⁶ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 16

³⁷ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 45), 28. mai – ang. Lov om Underholdningsbidrag til uægte Børn, 1892, s. 356

³⁸ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 47), 28. mai, 1892, s. 371

...det er mig ligefrem ufatteligt, at man kan være imod det forhold, at der er aldeles den samme moralske Forpligtelse for Forældre, enten de ere gifte eller ikke gifte...jeg kan ikke tro andet end, at der er adskillig utbredt Stemning for endelig engang at øve Rættferdighed her.³⁹

Ut frå denne utsegna kan ynskje om lik økonomisk lagnad bli sett på som eit rettferdsomsyn ovanfor barna som var fødd utanfor ekteskap. Utsegna kan også takast til inntekt for eit ynskje om rettferd ovanfor kvinna. Det var rettferdig at mannen skulle yte like mykje som henne. Dette omsynet kan såleis ha vore eit føremål bak loven hjå tilhøyrarane av Venstre i stortingsdebatten på same måte som hjå forkjemparane hjå embetsmennene.

Innanfor partitilhøyrarane i Venstre var det likevel usemje om korleis ein skulle oppnå likebehandling ovanfor barna. Nokre meinte at ei bidragsplikt etter økonomisk evne ikkje var vegen å gå. Ei slik utmåling av bidraget ville i realiteten medføre at dei uektefødde barna fekk ei betre behandling enn barn fødd innanfor ekteskap. Venstremann Reinert viste til at det ikkje alltid ville vera slik at faren bidrog etter økonomisk evne til barn han fekk innanfor eit ekteskap. Han meinte faren ville bidra etter kva hensikt og formål han hadde med barnet.⁴⁰ Eit auka bidrag til barn fødd utanfor ekteskap ville difor ikkje stå i samsvar med korleis barn innanfor ekteskap blei behandla. Venstremann Utheim meinte på si side at det var «billigt og retfærdigt» at faren skulle bidra etter økonomisk evne, og han var i tru om at han hadde mange med seg i dette synspunktet.⁴¹ Ullmann si vising til «utbredt Stemning», då han tala om at mannen skulle yte likt med kvinna, kan tilseie ei tilvising til den allmenne rettskjensla i samfunnet. Dette kan tolkast som at demokratiske omsyn også var eit argument for auka bidrag hjå dei som hørde til Venstre.

Det var først og fremst partimedlemer av Høgre som var motstandarar av forslaget om auka bidrag. Det første motargument var, på same måte som hjå embetsmennene, at auka bidrag ville føre til vanskar med å drive det inn. Høgre mann Rønning viste til at fedrane som regel hørde til den fattige arbeidarklassa. Dersom ein gjekk for vidt i forhold til bidragsplikta kunne dette medføre at dei fattige fedrane ville prøve å sno seg unna plikta ved blant anna å

³⁹ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 45), 28. mai, s. 358

⁴⁰ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 47), 28. mai, s. 373: «Faderen vil i intet Tilfælde, saaledes som jeg har oppfattet det, selv ligeoverfor Børn indenfor Ægteskabet, have nogen Pligt til at opdrage Børn annerledes, end som han selv finder overensstemmende med sine Hensigter og Formaal—jeg forudsætter naturligvis indenfor visse Grændser..»

⁴¹ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 48), 30. mai, s. 378: «Jeg for min Del synes –og jeg ved mange med mig—at den Opdragelse, en Fader bør yde sit Barn, skal rette sig efter hans økonomiske Evne.», og så vidare på s. 378.

flykte til utlandet.⁴² Det første motomsynet i denne debatten, på same måte som i debatten hjå embetsmennene, var med dette tekniske omsyn. Vidare blei det vist til som eit motargument frå høgremannen Knudsen at det var bevisproblem i sakene. Årsaka til dette var at det i «mangfoldige Tilfælde» var dei «Løstgite Kvinder...som staaer i Forhold til forskjellige Personer» som fikk barn utanfor ekteskap.⁴³ Ein kan tolke utsegna som at til meir inngripande bidragsplikta skulle vera ovanfor dei dømte mennene, til større tryggleik måtte det vera for at dei faktisk var fedrane til barna. Det var såleis eit rettstryggleiksomsyn som talte mot auka bidrag. Knudsen viste også til prosessøkonomiske omsyn ved at bevisproblema ville føre til uendeleg mange «Skandalsprocesser».⁴⁴

Rynning hadde fleire tekniske argument mot lova. Han frykta at auka bidrag ville få kvinner til å byrje å spekulere i få barn utanfor ekteskap som ei slags forretning. Lova ville då ikkje få nokon allmennpreventiv verknad. Han underbygde argumentet med å vise til erfaringar frå lovgivinga i England. I følgje Rynning var det i England nettopp blitt ein rein forretning for kvinner å få born utanfor ekteskap.⁴⁵ Det ser ut til at Rynning likeins med embetsmennene meinte den allmennpreventive verknaden skulle vera eit av føremåla bak lova. Han var redd for at eit auka bidrag ville medføre at kvinna sin «moralske bederhæftighed» og motstandskraft ville svekkast i utilbørlig grad. Vidare viste Rynning til at dei fleste fedrane var fattige arbeidarklassemenn, og at eit auka bidrag ville medføre fleire falske utleggingar frå kvinnene si side.⁴⁶ Rynning koplpar med dette eit retsteknisk argument, om risikoen for at loven vil føre til fleire barn fødd utanfor ekteskap, med moralske omsyn. Dette gjer han ved å peike på at ei auking av bidraget vil svekke kvinna si moralske motstandskraft og føre til fleire falske utleggingar. I høve seksualmoralen deler Rynning såleis haldningane til motstandarane hjå embetsmennene om at det var kvinna som skulle ha det største moralske ansvar mot å inngå seksuelle relasjonar utanfor ekteskap. Det kan tolkast som at han er for ei oppretthalding av moralen til kvinna for å unngå fleire uektefødde barn og fleire falske

⁴² Forhandlinger i Odelstinget (nr. 45), 28. mai, 1892, s. 356: «..Fædrene hører for en overveiende Del til den simple eller fattigste Arbejdsklasse, som ikke har mere, end de tjener om Dagen.. Er man nu for streng, risikerer man..at Fædrene vil, ved at forlade Landet, søge at undrage sig sin Forpligtelse..»

⁴³ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 45), 28. mai, 1892,s. 356: «I mangfoldige Tilfælde er det jo løstgite Kvinder, som faar Børn, og som Staaer i Forhold til forskjellige Personer, og hvorledes skal man da konstatere Paterniteten?»

⁴⁴Forhandlinger i Odelstinget (nr. 46), 28. mai, 1892, s. 365

⁴⁵ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 45), 28. mai, 1892, s. 356: «Thi at faa uægte Børn blev lidt efter lidt rent en Slags Forretning for Kvindene i England.»

⁴⁶ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 45), 28. mai, 1892, s. 356 «Stiller man Fordringene altfor strenge til Faderen, kan det igjen hænde, at Kvindens moralske Bæderheftighed og Motstandskraft svækkes i en utilbørlig Grad. Det kan lede til, at vi kan faa flere falske Udlægelsser end tidligere.»

utleggingar, i staden for å oppnå lik yting mellom kvinnene og mennene ovanfor barna. Dei tekniske omsyna kopla med dei moralske går såleis på tvers av rettferds- og solidaritetsomsyna ovanfor kvinna og barnet.

Høgre mannen Knudsen var for å stille barna så gunstig som mogleg og utøve full rettferd mot dei, men ha meinte ein likevel måtte sjå på kva konsekvens lova kunne ha ovanfor ekteskapet som institusjon, samfunnsforholda og dei sosiale forholda.⁴⁷ Ei likestilling av barna fødd utanfor ekteskap med barna fødd innanfor ekteskap kunne ikkje vera «den almindelige Stemning i Norges Land»⁴⁸. Han grunn gav dette med at det *skulle* vera ei ulikskap mellom barna fordi ein måtte verne om «Ægteskabets Hellighed».⁴⁹ Rynning viser med dette til eit demokratisk argument mot auka bidrag, på same måten som Ullmann viste til dette argumentet for auka bidrag. Det var altså ei usemje mellom partitilhøyrarane av Høgre og -av Venstre i kva ein meinte den allmenne rettskjensla i samfunnet var. Argumentet om at auka bidrag var ein trussel for heilagdomen til ekteskapet og ein trussel mot samfunnsinteresser ser ut til å vera ei forlenging av argumenta om at ein var redd kvinna sin motstandskraft mot seksuelle relasjonar utanfor ekteskap skulle svekkast. Ein kan også merke seg at Rynning her eksplisitt uttrykker at barn fødd utanfor ekteskap av denne grunn ikkje skal ha like rettar som barn fødd innanfor ekteskap. Det er difor klart at han var imot den grunnleggjandes rettferdstanken på grunn av ei redsle for at kvinna sitt moralsk ansvar skulle bli svekka. Venstremann Nielsen reagerte sterkt mot argumenta til Rynning og uttalte: «Saa skulde altsaa Samfundshensyn, virkelige eller indbilte, være saa stærke, at man skulde lade de uskyldige Børn lide for Faderens Synder!»⁵⁰

Det var ut frå dette ei meiningsforskjell mellom Høgre og Venstre i debatten i om, for det første, bidragstørrelsen påverka moralen til kvinnene, og for det andre, om moralske omsyn i

⁴⁷ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 46), 28. mai, 1892, s. 365: «Man kan nok forstaa, at man gjerne ønsker at stille de uægte Børn saa gunstig som muligt – det antager jeg, vi alle gjør, vi vil, at der skal øves fuld Rætfærdighed mod dem som mod alle andre. Men det kan man jo ikke se bort fra, at naar man skal forme en Lov i denne Materie, saa maa man se til begge Sider, se, hvorledes Loven vil virke i Livet, hvilken Indflydelse den vil have paa de sociale Forhold, paa Samfunnsforhold, og specielt hvilken Indflydelse den vil have ligeoverfor Ægteskabet.»

⁴⁸ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 48), 30. mai, 1892, s. 389: « Det kan saaledes ikke paa nogen Maade antages at være den almindelige Stemning i Norges Land at man skulde sætte uægte Børn i samme Forhold og i samme Stilling i det hele taget som ægte Børn. Man har i det væsentlige holdt paa de nuværende Regler og gaaet en Smule videre; men der er udtalt store Betænkeligheder fra en Masse af Hold.»

⁴⁹ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 46), 28. mai, 1892, s. 360: «Jeg for mit personlige Vedkomende finder; at der bør være nogen Forskjel. Thi man bør, ialfald til en vis Grad, værne om Ægteskabets Helighed, og det mener jeg ogsaa denne Lov maa gjøre, forsaavidt dertil er Anledning. Det gaar ikke an at ligestille ægte og uægte Børn. Der er Forskjel, og der bør efter min Mening være Forskjel.»

⁵⁰ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 46), 28. mai, 1892, s. 368

tilfelle skulle vera eit sterkare omsyn enn solidaritet- og rettferdsomsyna. I stemmegivinga på spørsmålet om forslaget skulle bli tilbakesendt til komiteen, stemte 55 menn mot ei tilbakesending, medan 29 menn stemte for.⁵¹ I realiteten blei det med dette stemt for forslaget om auka bidrag, og forslaget blei med dette vedteke. Solidaritets- og rettferdsomsyna trakk såleis det lengste strået i denne debatten.

Arverett

I høve spørsmålet om barn fødd utanfor ekteskap skulle få arverett etter faren går det fram av forarbeida at 50 fattigkommisjonar i tillegg til futen i Sønd- og Nordfjord, futen i Vinger og Odalen og magistraten i Haugesund var for dette forslaget. Det blir vidare vist til at futane i Øvre Romerike, Ryfylke, Søndre Helgeland og magistratane i Skien og Namsos var imot forslaget. Motivasjonen bak forslaget var at barna ikkje hadde skuld i at dei var fødd utanfor ekteskap. Situasjonen burde difor heller ikkje ha nokon uheldige rettsfølgjer for barnet. Det kan tolkast som om føremålet bak arverettsforslaget, på same vis som forslaget om auka bidrag, var eit rettferdsomsyn for barna. Vidare ser det ut til at det allmennpreventive omsynet, på same vis som i debatten om auka bidrag, var eit omsyn for forkjemparane for arveretten. I høve dette blei det uttalt at ein gjekk ut ifrå at ein arverett ville virke hemmande på sedløysa i samfunnet.⁵²

Skeptikarane til arverettsforslaget meinte det var vanskeleg å bevise farskapet.⁵³ Det var såleis rettstryggleiksomsyn i høve mannen som gjorde seg gjeldande som motargument i debatten. Vidare var ein redd for ei auke i talet på falske utleggingar og falske farskap.⁵⁴ Ein meinte ei svekking av moralen i samfunnet ville finne stad då kvinnene ville lyge i større grad enn før. Det blei også vist til at ein arverett for barna ville føre til spekulering frå lite «aktverdige Fruentimmer» i å få barn med rike menn for å sikre ein god arv til barnet, og indirekte til seg sjølv.⁵⁵ Dette siste argumentet viser ei redsle for at lova ikkje ville ha allmennpreventiv

⁵¹ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 47), 28. mai, 1892, s. 375-376

⁵² Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 32

⁵³ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 32: «...hvis Faderem anerkjender det uægte Barn som sit, i og for sig ikke synes at være nogen Grund til at stille Barnet i noget andet Forhold til Faderen end til Moderen...Hvor Barnets Moder er en berygtet Kvinde, og hvor den angivelige Fader ikke har erklæret det for sit...antager dog fogden, at man som hidtil faar lade Barnet være uden Fader og Faderen uden Barn.»

⁵⁴ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 33: «Af Magistraten i Skien er derhos fremhævet, at Faren for falsk Udlæggelse og falsk Paternitetsed vilde voxe betragtelig, dersom det tildeltes det uægte Barn Arv ogsaa efter Faderen.»

⁵⁵ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 33: «En Bestemmelse, der tildelte uægte Børn Arveret efter Faderen, vilde desuden aabne en vid Mark for lidet agtværdige Fruentimmer til at spekulere i Usædelighed, idet den vilde friste dem til

verknad, men motsett effekt, og at det såleis ville bli fødd fleire barn utanfor ekteskap enn før. I høve debatten om arveretten blei det med dette nytta eit teknisk argumentet kopla med eit moralske omsyn, på same måten som dette blei gjort i debatten om auka bidrag. I motstandarane sine auge måtte forkjemparane si forståing av rettferd vike på arverettsområdet så vel som i høve bidragsspørsmålet, for å oppretthalde moralen i samfunnet.

Eit anna motargument som gjekk igjen i debatten var omsynet til attverande hustru og ektefødde barn til mannen. Magistraten i Namsos meinte ei fullstendig likestilling i arveretten mellom ektefødde og uektefødde barn ville mogleg kunne medføre ei forstyrning i familieforholda og vekke allmenn forarging.⁵⁶ Nokre av forkjemparane for arveretten uttalte at dei berre var for full arverett til barnet dersom mannen ikkje hadde livsarvingar frå før.⁵⁷ Magistraten i Namsos viste til at barn fødd utanfor ekteskap ikkje hadde noko rettferdskrav på å bli likestilt med barn fødd innanfor ekteskap. Han samanlikna situasjonen med det å bli fødd inn i fattigdom. Han påpeikte vidare at ekteskapet var ein «omhegnet Institution» av staten, og at ekteskapet av den grunn kunne tilleggjast rettslege verknader med omsyn til barnet.⁵⁸ Utsegna viser haldningar om at det var mest rettferdig dersom familien innanfor ekteskapet hadde ein einerett på arv frå mannen. Haldningane kan ha stamma frå ei oppfatning av at ekteskapet som institusjon var moralsk riktig, og at familien difor hadde eit rettmessig krav på arv i motsetnad til barn fødd utanfor ekteskap. Moralens kan såleis ha påverka oppfatninga til motstandarane av kva som var rettferdig å gi det uektefødde barnet av rettar. Motstandaren nytta såleis eit rettferdsomsyn for sitt argument, men med eit innhald som gjekk på tvers av forkjemparane sitt syn på rettferd.

I stortingsdebatten var det særleg venstremann Hægstad som argumenterte for arveretten. Han viste til at barnet ikkje sjølv var skuld i at det var fødd utanfor ekteskap, og at det difor var urettferdig dersom barnet skulle lide nokon skade av at det var fødd inn i ein slik situasjon.⁵⁹ Han hadde med dette likeins med forkjemparane hjå embetsmennene, eit overordna rettferdsomsyn han meinte talte for arveretten. Vidare meinte han arveretten ville medføre ei

at forføre formuende Mandfolk, der kunde sætte deres Børn og derigjennem indirekte dem selv i en god økonomisk Stilling.»

⁵⁶ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 33: «En fuldstændig Ligestillen af ægte og uægte Børn med hensyn til Arveret og som Følge deraf ogsaa Aasædesret og Odelsret vilde lettelig lede til en Forstyrrelse af Famileforholdene og vække almindelig Forargelse.»

⁵⁷ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 33: «...de fleste har antaget, at det uægte Børn blot bør være arveberettiget, hvis Faderen ike efterlader Hustru eller ægtefødte Børn...», og s.32: «Fogden i Vinger og Odalen har ligeledes udtalt sig for, at det uægte Barn bør tillægges Arveret efter Faderen, dog kun forsaavidt denne ikke efterlader sig ægte Livsarvinger.»

⁵⁸ Ot.prop. nr. 10, 1892, s. 33

⁵⁹ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 60), ang. Lov om Forandr. i Arveloven, 3. juni, 1892, s. 471

større ansvarskjensle hjå fedrane, og at fedrane såleis kom til å behandle barna betre enn før. Til slutt meinte Hægstad at ein arverett til barnet ville auke kvinns verd.⁶⁰ Det var såleis også sosiale omsyn ovanfor kvinna og barna han meinte talte for arveretten.

Dei fleste stortingsrepresentantane meinte at arverettsspørsmålet var eit stort spørsmål som kunne virke inngripande på mange forhold. Av denne grunn var dei samde om at spørsmålet måtte diskuterast nærare. Det var høgremann Stang som klårast uttrykte motstand mot arverettsforslaget. Han viste til at «Samfundet er Grundet paa Familien, og Familien er grundet paa Ægteskabet.»⁶¹ Han var uroa for korleis det måtte opplevast for ein familie dersom eit barn fødd utanfor ekteskap til dømes kom og gjorde krav på garden til faren ved eit arveoppgjær.⁶² Motargumenta til Stang liknar på motargumenta hjå embetsmennene.

Det kan virke som om det i stortingsdebatten, på same måten som hjå embetsmennene, var ulikt syn på kva som var rettferdig ovanfor det uektefødde barnet, og at årsaka bak usemja hadde si rot i omsynet til ekteskapet som institusjon. Det blei til slutt votert med 43 mot 32 stemmer for at arverettsforslaget ikkje skulle bli teke opp for behandling, og dermed i realiteten mot at det skulle vera arverett for barnet.⁶³ Av dei som var imot arverettsforslaget var det 24 representantar frå Høgre og 17 frå Venstre medan 1 representant ikkje hadde partitilhøyrsløse. Av dei representantane som var for arverettsforslaget, var alle 32 frå Venstre. Vi ser altså klart ut frå denne avstemminga at det var eit hovudskilje i synspunkta etter partitilhøyrsløse, men at det også var noko usemje innanfor Venstre.

3.2 1915-forarbeida

Etter 1892-lova var bidrag etter økonomiske vilkår hjå faren eit faktum. Johan Castberg som hadde følgt arbeidet med barnelovene sidan 1888, og i tillegg hadde vore pådrivar for ein revisjon av dei, tok saka opp på nytt allereie i 1901.⁶⁴ Han tok vidare initiativ i 1906 til at Statistisk sentralbyrå skulle utføre ei undersøking av livsvilkåra til barn fødd utanfor ekteskap. Det viste seg at over halvparten så mange barn somvar fødd utanfor ekteskap opp

⁶⁰ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 60), 3. juni, 1892, s. 473

⁶¹ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 60), 3. juni, 1892, s. 479

⁶² Forhandlinger i Odelstinget (nr. 60), 3. juni, 1892, s. 478: «Og jeg ved ikke, hvad man egentlig vilde sige om det, naar den Ting hændte—som let kunde komme til at hændte—at et Barn var født i Ægteskab og opvoret i den Tro, at den skulde arve Faderens Gaard, men saa kom der efter Faderens Død en mand og sagde: nei, jeg kan bevise, at jeg er hans uægte Søn, født før han indtraadte Ægteskab, væk fra Gaarden!»

⁶³ Forhandlinger i Odelstinget (nr. 62), 1892, s. 489

⁶⁴ <http://www.kildenett.no/portal/artikler/2007/barnelovene> (Mai 2014)

mot barn som var fødd innanfor ekteskap døydde i løpet av dei første leveåra.⁶⁵ Ei av hovudårsakene til dette var som tidlegare nemnt at kvinnene som fekk barn utanfor ekteskap hadde dårlige økonomisk kår, at mange difor måtte setje vekk barnet og at barna ikkje fekk morsmjølk. Lova av 1892 hadde såleis ikkje oppnådd å endra desse tilstandane. Lova bestemte at mødrene måtte gå til sak for å få bidrag. Dette var det få kvinner som gjorde i praksis. Castberg ynskja å endre på ordninga av 1892-lova, slik at mødrene blei sikra bidrag utan å måtte gå til sak. I tillegg foreslo han at barnet endeleg skulle få arverett- og namnerett etter faren.⁶⁶

I 1909 fremja Castberg som justisminister forslag om ny lov om barn fødd utanfor ekteskap. Forslaget ble ikkje behandla av Stortinget grunna saka si ømtolelege karakter. I 1912 blei eit liknande forslag fremja av dåverande justisminister Fredrik Stang. Dette forslaget blei også tilbakesendt av Stortinget, og grunngevinga var denne gongen tidsnaud.⁶⁷ Då Castberg fekk tilbod om å bli handels- og industriminister takka han ja, men på føresetnad av at han framleis fekk arbeide med sosiale saker.⁶⁸ I 1914 la han fram eit nytt forslag til lov om barn fødd utanfor ekteskap. Forslaget blei vedteke i april 1915 etter stor debatt.⁶⁹ Debatten finn ein i odelstingsproposisjonane i forkant av lova. I desse ser ein ytringane til embetsmennene rundt om i landet, og vidare finn ein stortingsdebatten som føregjekk i Odelstinget og Lagtinget. Det var hovudsakleg namne- og arveretten i Castberg sitt revisjonsforslag som blei debattert. Det skal no bli sett nærmare på desse forarbeida.

Arverett- og namnerett

I Ot. prop. nr. 5 frå 1914 blei det vist til synspunkt frå amtmenn rundt om i landet på spørsmålet om arveretten. Dei amtmennene som var for arveretten meinte at det var rettferdig ovanfor barnet med ei rettsleg likestilling av ektefødde og uektefødde barn, at arveretten ville ha ein allmennpreventiv verknad mot at det blei fødd barn utanfor ekteskap og at det var i tråd med kvinns rettslige og sosiale stilling å gje denne retten til barnet. Det blei med dette vist til dei same omsyna for arveretten som i 1892-diskusjonen.

⁶⁵ Ot. prp. nr. 13 (1909), s. 11

⁶⁶ Ot. prp. nr. 13, (1909)

⁶⁷ <http://snl.no/barnelovgivning> (Mai 2014)

⁶⁸ <http://www.fortid.no/tidsskrift/2014/02/de-sosiale-saker-krever-sin-plass-opprettelsen-av-sosialdepartementet-i-1913/> (Mai 2014)

⁶⁹ <http://snl.no/barnelovgivning> (Mai 2014)

Uroa mot arveretten i denne debatten gjekk også ut på det same som i 1892. Ein var redd for at arveretten ville virke forstyrrande på ekteskapet og familien som institusjon, og at det difor ikkje var rettferdig at barna skulle få arverett. Det ser ut til at det framleis var ei usemje i samfunnet om kva ein meinte låg i rettferd for barn fødd utanfor ekteskap .

I stortingsdebatten i Odelstinget var det tilsvarande som i debatten frå 1892 medlemmer av partiet Venstre som var dei største forkjemparane for arve- og namnerett. Castberg var venstremann, og i debatten argumenterte han først og fremst med at arve- og namnerett ville medføre rettferd ovanfor barnet, og at den ville beskytte barna. Han viste i høve dette at kvinner og barn hadde lidd naud fram til no ved at det ikkje var like rettar for desse barna som for barn født innanfor ekteskap.⁷⁰ Det var såleis rettferds- og solidaritetsomsyna som framleis stod i fokus hjå forkjemparane for arveretten hjå stortingsrepresentantane. Statsråd Friis-Petersen argumenterte for namneretten med at det var ein fordel for barnet å ha faren sitt namn:

Jeg tror livet har vist oss at det er en fordel at kunne ha sin fars namn...De føler det selv som en skam, at de ikke har namn efter sin far som andre barn; de faar et stempel paa sig, som det er meget vanskelig at viske ut senere, og de egtefødte barn merker ut blandt sine kamerater dem, som ikke har nogen far.⁷¹

Det ser med dette ut til at det ikkje berre var rettferds- og solidaritetsomsyn, men også sosiale omsyn bak forslaget om namnerett. Utsegna frå Friis-Petersen kan tolkast som eit ynskje om å endre haldningane i samfunnet mot barn fødd utanfor ekteskap, og ei meining om at namneretten kunne betre det sosiale livet til barna.

Høgreman Hagerup Bull var usamd i at ein namne- og arverett kunne skape rettferd. Dersom barna som var fødd utanfor ekteskap kunne velje om dei ville ha faren eller mora sitt namn, ville dei få større rettar enn barn fødd innanfor ekteskap på dette området.⁷² Det ville difor ikkje bli rettferdig ovanfor familien som institusjon, dersom ein slik rett blei gitt uektefødde barn. Det kan såleis sjå ut til at rettferdsomsynet også var eit sentralt omsyn hjå Hagerup Bull, men at han var usamd i om namneretten som verkemiddel skapte rettferd. Når det gjaldt arveretten viste han til at denne ikkje ville skape rettferd då det som regel ikkje ville vera stort å arve frå faren. Fedrane var som oftast fattige menn frå arbeidarklassa, og hadde få verdiar. Dei tinga som var å arve ville først og fremst ha affeksjonsverdi for familien framfor

⁷⁰ Stortingstidende, 1915, Forhandlingar i Lagtinget, 27. januar, s. 23: «...det er det, som ligger under og bærer denne sak, at det er rætfærdighet, den vil, og at den vil beskytte de smaa barn.»

⁷¹ Stortingstidende, 1915, 27. januar, s. 5

⁷² Stortingstidende, 1915, 28. januar, s. 46

pengeverdi.⁷³ Det var såleis eit teknisk omsyn som talte mot at det overordna rettferdsomsynet ville bli møtt med arverett til barna som verkemiddel, i og med at det sjeldan blei noko arv av verdi etter faren. Castberg tok til motmæle mot dette. Han viste til at det avgjerande for om rettferdsomsynet blei møtt ikkje var om barnet reint faktisk fekk ei arv, men at arveretten ville medføre at barnet fekk ein far. Han viste til at faren også truleg ville ta større ansvar for barnet enn han elles ville gjort dersom barnet blei gitt denne retten. Det ser ut til at det var ei ulik forståing hjå representantane av korleis arveretten ville fungere som verkemiddel for å oppnå det overordna rettferdsomsynet, og såleis også ei ulik forståing av kva som låg i rettferdsomgrepet.

Eit motomsyn som gjekk igjen hjå motstandarane mot arve- og namneretten var no, som i debatten i 1892, omsynet til familien. Høgreman Halvorsen peikte i høve dette på at ein ikkje berre kunne sjå på omsynet til barnet ved lovgjevinga, men at ein også måtte sjå på andre omsyn i samfunnet:

Var det bare hensyn at ta til barnet, ja da blev vi snart enige; for der er nu vel ingen, som ikke i sitt hjerte gjerne vil gjøre det saa godt for disse barn, som for alle andre barn...Men hvad tjener det til at se bort fra, at det er andre hensyn, som gjør sig gjældende.⁷⁴

Han meinte at å gi denne type rettar til barn fødd utanfor ekteskap ville gjere at den «løse forbindelse» ville bli gitt same betyding som det legitime familieskap, og at ein dermed gjekk bort ifrå familien som ein av hjørnesteinane i samfunnsordninga.⁷⁵ Det var i debatten, som i 1892-debatten, berre medlemmar av Venstre som var for å gje barn fødd utanfor ekteskap arverett. Det var på den andre sida både venstremenn og høgremenn som var imot forslaget på grunn av omsynet til familien. Venstremann Berg meinte at å gi barn fødd utanfor ekteskap ei viss familierettsleg stilling ovanfor faren, i og med namne- og arverett, tenderte mot ei oppløysing av familien og ei svekking av ekteskapet.⁷⁶

Mange av motstandarane i debatten meinte det var vanskeleg å bevise farskap i sakene. Det blei peikt på at ein måtte nytte indisiebevis som bevis i dei. Hagerup Bull uttrykte ei uro for om ein på grunn av dei spesielle rettferdskrava til barna skulle nøye seg med eit særleg svakt bevis i desse sakene for kven som var faren.⁷⁷ Det blei frå høgreman Ustvedt uttrykt redsle for at dei svake bevisa i sakene kunne medføre at sladder og snakk kom til å spele ei

⁷³ Stortingstidende, 1915, 28. januar, s. 46-47

⁷⁴ Stortingstidende, 1915, 27. januar, s. 12

⁷⁵ Stortingstidende, 1915, 27. januar, s. 12-13

⁷⁶ Stortingstidende, 1915, 27. januar, s. 21

⁷⁷ Stortingstidende, 1915, 28. januar, s. 45

avgjerande rolle ved avgjerslene.⁷⁸ Det ser ut til at omsynet til rettstryggleik låg bak argumenta, og at omsynet etter motstandarane si oppfatning vov tyngre enn rettferdsomsynet til barna. Eit anna motargument frå både Ustvedt og Halvorsen var at dei svake bevisa kom til å medføre ein inkvisitorisk prosess under rettssaken for å finne ut kven faren var. Halvorsen viste til at: «Moren utsættes for en inkquisition, som skulde være fremmed for vor retsopfatning...»⁷⁹. Omsynet til kvinna og privatlivets fred talte såleis etter dette argumentet mot forslaget om arve- og namnerett til barna.

Det blei også vist til nokre av dei same moralske omsyna i stortingsdebatten som ein såg i debatten hjå embetsmennene. Hagerup-Bull frykta at rettane ville føre til fleire falske utleggingar.⁸⁰ Halvorsen meinte det var ein fare for at kvinner ville spekulera i det å verta gravid.⁸¹ Vi ser altså at representantane frå Høgre var redd kvinna si moral ville bli svekka av rettane. Castberg viste, som eit støtteargument for namn- og arveretten, til at rettane ville medføre større sannhet, moral og ansvarskjensle i samfunnet. Rettane ville føre til at barnet fekk ein far, og faren såleis måtte ta meir ansvar for det. Castberg viste sitt samtykke til dette ved å påpeike at den dåverande lovgivinga var ein demoraliserande ordning som frigjorde mannen frå sitt naturlege ansvar, og frista han til lettsindighet:

[Lova er] ikke alene en uret mot moren og barnet, men en demoraliserende ordning, fordi den befri manden fra hans naturlige ansvar og derfor frister han til letsindighet i et forhold, som skulde være det alvorligste og ansvarfuldeste i et menneskes liv.⁸²

Ein meinte med dette at ei pålegging av større ansvar på mannen ville styrke moralen hans. Det var difor ikkje berre rettferdsomsynet for barnet som talte for rettane etter Castberg sitt syn, men også eit omsyn som gjekk ut på å auke mannen sin moral i høve ei inngåing av seksuelle relasjonar utanfor ekteskap, og å styrke ansvarskjensla hans for barn han fekk utanfor ekteskapet. På dette punktet var det likevel usemje om rettane som påla meir ansvar på mannen ville fungere som eit verkemiddel for å auke moralen hans. Venstremann Abrahamsen viste i høve dette til at han ikkje hadde trua på at seksualmoralen kom til å bli styrka på grunn av arveretten:

⁷⁸ Stortingstidende, 1915, 27. januar, s. 43

⁷⁹ Stortingstidende, 1915, 27. januar, s. 13

⁸⁰ Stortingstidende, 1915, 28. januar, s. 46

⁸¹ Stortingstidende, 1915, 27. januar, s. 15

⁸² Stortingstidende, 1915, 28. januar, s. 28

...vi er paa felter, hvor livets mægtigste kræfter syder og bruser, og hvor man hverken tænker paa underholdningsbidag eller arvespørsmål, det er, naar det er vaar i jungelen...hvor alt andet blir bispørsmål.⁸³

Oppsummering

Bidragsplikt og arve- og namneretten ser ut til å ha hatt som føremål å gi rettferd og solidaritet for barn fødd utanfor ekteskap og mødrene deira, samt styrke deira sosiale status i samfunnet. I 1892 var motargumenta mot bidragsplikta i særskilt grad at kvinna måtte ansvarleggjerast så langt det lot seg gjera for at det ikkje skulle oppstå seksuelle relasjonar utanfor ekteskap. Kvinna si moral måtte haldast oppe. Denne haldninga kan ha påverka bruken av farsbidragsføresegna i rettspraksis ved at den kan ha gitt motvilje til å idømme farsbidrag der kvinna ikkje hadde handheva sitt moralske ansvar. Døme på denne typen situasjonar kan vera der kvinna ikkje hadde vore forlova med mannen ho fekk barn med, eller dersom ho til dømes hadde fleire barn utanfor ekteskap frå før. Denne haldninga såg ein likevel berre hjå partimedlem i Høgre i diskusjonen, og det var usemje hjå debattantane om den allmenne oppfatning i samfunnet gjekk ut på det same. Av denne grunn kan ein ikkje gå ut frå at det var ein overvekt av desse haldningane i samfunnet, og ein kan heller ikkje vera sikker på at dommarane i farskapssakene var berarar av dei.

På den andre sida kan det sjå ut til at representantane frå Venstre også var opptekne av å halde moralen oppe hjå kvinna. Dei meinte derimot at auka bidrag til kvinna ikkje ville svekke hennar moral. Dette kan såleis tyde på at moralomsynet hadde breiare omfang i samfunnet enn kva det først såg ut til, og at skiljelinene i debatten låg i om ein meinte bidragsplikta ville svekka moralen til kvinna eller ikkje. I forkant av 1915-lova ser det ut til at haldningane om at kvinna skulle ansvarleggjerast for utanomekteskaplege seksuelle relasjonar hadde felle bort blant meiningsytrarane. Det ser ut til at det var ei semje om at begge partar skulle ansvarleggjerast for seksuelle relasjonar utanfor ekteskap. Bidragsplikta etter 1892 kan difor ha endra, eller i det minste dempa dei fordømmane haldningane i samfunnet mot kvinner som fekk barn utanfor ekteskap .

I debatten om namne- og arveretten var det først og fremst omsynet til familien som var det sterkaste motargument både i forkant av 1892-lova og av 1915-lova. Haldningar om at det var urettferdig for familien til mannen dersom barnet skulle få rettar som gjekk på kostnad av familien som institusjon, eksisterte både innan Venstre-partiet og Høgre-partiet. Dette kan

⁸³ Stortingstidende, 1915, 2. februar, s. 167

tyde på at haldninga var utbreidd i samfunnet. Dersom dommarane i farskapssakene også var berarar av desse haldningane kan det tenkast at dei kan ha påverka dommarane si handsaming av sakene. Haldningane kan ha gitt ei motvilje til å idømme rettar til kvinna og dei uektefødde barna i dei tilfella mannen i saka hadde familie frå før.

Eit anna omsyn som kan ha påverka handsaminga av sakene, er haldninga om at det ikkje var sterke nok bevis i farskapssakene til å idømme farskap. Dommarane kan ha meint at idømming av farskap ikkje var mogleg å gjennomføre samtidig som ein oppretthaldt rettstryggleiken. Det er mogleg at det hjå nokre rettsbrukarar difor i realiteten ikkje blei teke stilling til farskapsspørsmålet, men at ein berre fell ned på farsbidrag ved dømninga.

Sjølv om haldningane om å halde oppe moralen til kvinna ikkje var ei utprega haldning i forkant av 1915-lova, såg vi likevel ein viss frykt for moralsk forfall hjå kvinner i samfunnet. Ein frykta at kvinner ville spekulere i seksuelle relasjonar med rike menn for å sikre ein god arv til seg sjølv og barnet. Ei frykt hjå dommarane for at dette ville skje, og eit ønske om å forhindre denne typen spekulasjonar, kan tenkast førte til ei motvilje til å idømme farskap i saker der kvinna var fattig og mannen var rik.

Til tross for at det var mange omsyn mot bidragsplikta og arve- og namneretten var det likevel rettferds- og solidaritetsomsyna som var dei sterkaste omsyna hjå debattantane, og såleis også truleg i samfunnet elles. Haldninga om at ein ville yte rettferd- og solidaritet kan også tenkjast å ha påverka rettsbruken i farskapssakene. Den gode samaritan, her rettsbrukaren, kan ha blitt for ivrig, og kan ha gløymt sin objektivitet i bevisvurderinga. Ut frå dette kan haldningane vi har sett i forarbeida ha påverka rettsbruken i sakene både i favør og i disfavør av kvinnene og barna.

4 Farskapssakene

Vi har no sett, gjennom utsegna og diskusjonane i forarbeida til farsbidragsføresegnene frå både 1892 og 1915, at det fantes fordømmende haldningar i samfunnet mot kvinner som fekk barn utanfor ekteskap på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. Spørsmålet er vidare om desse haldningane påverka rettsbruken i farskapssakene på 1920-talet. I det følgjande skal det bli sett på om haldningane påverka handsaminga av rettsmøta i sakene, og vidare om dei påverka domspremissane og resultatata i dei. Aller først skal vi sjå på dommane som kjeldegrunnlag.

4.1 Farskapssakene som kjeldegrunnlag

Eg har gjennomgått 136 farskapssaker kor 59 saker var frå Bergen byrett og 77 saker frå Midthordaland sorenskrivarembete. I sakene frå Bergen ligg kvar sak i ei eiga mappe, dommane er handskrivne, lange og utførlege med sidetal som kjem opp i rundt 20 sider. Alle parts- og vitneforklaringane i desse sakene frå Bergen er skrive ned. Vidare er dei fleste av dei skrive ned med same rekkjefølgje på forklaringane til partane, og med same rekkjefølgje for vitna sine forklaringar. Sakene finn stad i Bergen byrett. Dei byrjar med ei oppramsing av alder, yrke og sivilstand til partane.

Partane er omtrent utan unntak frå arbeidarklassa. Kvinnene arbeidar ofte som tenestejenter, medan mennene ofte arbeidar som sjømenn eller har andre arbeidaryrker. Både kvinnene og mennene er som oftast i 20-årsalderen. Det er likevel i nokre av sakene at kvinna eller mannen er eldre enn dette. Ein kan merke seg at utsegna i forarbeida, om at partane i farskapssakene som regel var unge personar som hørde til arbeidarklassa, såleis stemmer. Det er ulike personar som er partar i dei forskjellige sakene, men ein skippar frå Bergen går att som klagar i heile tre av sakene frå Bergen i 1921.⁸⁴

⁸⁴ Skipparen er klagar i sak nr. 3, 21 og 35 (sjå vedlegg for domsnr.)

Etter opprømsinga av formalia får kvinna, «innklagde», fortelje sin versjon av saken før mannen, «klageren», får fortelje sin versjon. Til slutt er det vitneforklaringar, og deretter føretek «administrasjonen» ei vurdering av om partane skal få avleggja eid på sine forklaringar. Det blir deretter avsagt dom. Det blir ikkje gitt eksplisitte grunngevingar for resultatata i sakene frå Bergen.

Dei aller fleste sakene frå Bergen endar med dom, men det er også nokre som blir heva undervegs på grunn av at til dømes klagaren erkjenner farskap. Av dei som endar med dom går sakene i gjennomsnitt over 1 år og har i gjennomsnitt 7 rettsmøter. Den saka som varer lengst strekkjer seg over 2 år og 5 månader, medan den saka som har kortast lengde har ei varighet på 2 månader. Dommen som har flest rettsmøter har 16 møter, medan den som har færrest har 4. Det er ulike årsaker til kvifor sakene har ein kort eller lang varighet, og kvifor det er mange eller få rettsmøter i dei. I dei tilfella det er ein lang varigheten har dette ofte årsak i at partane, som oftast klagaren, ikkje er å finne, og det tek tid før ein får tak i han. I andre tilfelle må ein hente inn personar som det under saka si gang er blitt ynskjelig å kalla inn som vitne. I nokre rettsmøter viser det seg at vitne eller partar som skulle ha møtt opp ikkje er tilstade i retten. Ein utset difor saka for å kalle inn vitna eller den aktuelle parten på nytt.

Det er dei same dommarane som går igjen i sakene frå Bergen. «Assessor Solseth» er einaste dommar i 58% av sakene i Bergen byrett, og han er dommar i 97% av sakene som endar med dom. I 40% av sakene er det fleire enn ein dommar som er innom saka. Det vil seie at det til dømes er ein dommar som har dei første rettsmøta, dei neste er det ein annan dommar som styrer, og dei siste rettsmøta er det ein tredje dommar som leiar. Det varierer om det er to eller tre dommarar innom sakene på denne måten. I dei sakene kor det er fleire dommarar enn ein, er det to andre dommarar som går igjen. Dette er «Assessor O.P Thommessen» og «Assessor Huuse». Betydinga av at det i 40% av sakene er innom fleire enn ein dommar, er at dommaren som til slutt skal ta avgjersla, delvis må halde seg til det som er nedskrive av den førre dommaren når han skal avgjere kva som er bevist. Dommaren baserer seg difor ikkje åleine på det som er kome fram i retten ved dei rettsmøta han har leia, men må delvis også byggje på bevisopptak gjort av ein annan dommar. Det problematiske ved dette frå eit rettstryggleiksynsperspektiv, er at det nedskrive kan ha blitt farga av den førre dommaren sine subjektive oppfatningar. På denne måten kan også fordommar ha påverka nedskrivninga,

og såleis indirekte påverka avgjersla til den siste dommaren. Men dette kan ein naturlegvis ikkje bevisa.

I sakene frå Midthordaland er alle dei 77 dommane å finne i ei handskriven bok med namn: «Sorenskrivaren i Midthordaland- Domsprotokoll for farskapssaker, 1921-1928», kor dei er nedskrive over 1-2 sider kvar. Då dei utførlege dommane frå Bergen nærmast har preg av diktat av utsegna til partane og vitna, er sakene frå Midthordaland i motsetnad forma som samandrag av det som har blitt uttalt i retten. I Midthordaland-sakene er det vidare referert frå generelt færre vitne enn i Bergen-sakene. Dette kan på den eine sida ha sin årsak i at det var færre vitne i desse sakene, eller på den andre sida av at ein valde å berre referere til dei mest sentrale vitna i sakene. Denne siste teorien får støtte av at det tillegg berre var særskilt utvalde setningar frå vitneforklaringane som er blitt nedskrive. I nokre av sakene frå Midthordaland blir det også uttrykkeleg uttalt at ein berre referer til særskilt utvalde vitneforklaringane i saka. Det kan såleis sjå ut til at norma hjå nedskrivarane i Midthordaland var å berre skrive ned den sentrale informasjonen som kom fram i rettsmøta, medan norma i Bergen byrett var å skrive ned alle forklaringane i rettsmøta slik dei føregjekk.

Då ei undersøking av rettsbruken i farskapssakene hovudsakleg må gjerast ut frå ei undersøking av tendensar i sakene, vil det tilfelle at sakene frå Bergen og Midthordaland er skrivne ned på ulike måtar strengt tatt tilseie at dei ikkje er eigna til bli teke med i den same undersøkinga. På den andre sida vil ei undersøking av dommar med to ulike nedskrivingsmåtar kunne skape eit meir heilskapleg bilete av sakene. I eit slikt tilfelle vil undersøkinga bli sterkare dersom ein ser på saker frå begge nedskrivingsmåtar, enn i motsett tilfelle der ein berre undersøker dommar frå ei av dei. Sakene frå Bergen, gir som vi såg, grundig informasjon om alt som kom fram i retten, men lita eller ingen informasjon om retten sine grunngjevingar for resultatata. Sakene frå Midthordaland fokuserer derimot først og fremst på domspremissane. Ein kan då nytte sakene frå Bergen som kjelde til å finne tendensar i rettsmøta i farskapssakene, medan sakene frå Midthordaland kan nyttast som kjelde for undersøking av domspremissane i dei. Ein får med dette heile bilete av sakene framfor berre informasjon om hendingane i rettsmøtet på den eine sida, eller informasjon om domspremissane på den andre sida. Det er såleis ein styrke framfor ein svakheit å ha med saker frå både Midthordaland og Bergen i undersøkinga.

I undersøkinga av resultatata i sakene vil både saker frå Bergen og Midthordaland bli teke med. Det er likevel ikkje alle sakene av dei som har blitt gjennomgått at det førekjem resultat. Av dei 77 sakene frå Midt-Hordaland er det to saker som utgår frå undersøkinga av resultat og grunngjeving. Ein av desse blei heva då det var klart at det var kalla inn feil mann i retten. Den andre blei heva fordi politiet ikkje kunne finne klagaren, enten fordi barnemora hadde oppgitt falsk namn på den ho meinte var far, eller at klagaren hadde oppgitt falsk namn til barnemora. I dei 59 sakene som er gjennomgått frå Bergen er det 36 saker som er pådømt, eller som ein kan sjå resultatet til. Det var 17 av sakene som direkte blei heva. I tillegg til dette var det 4 saker som blei heva etter at saken var i gong ved at klager erkjente bidrag. I 1 sak trakk adoptivforeldra til barnet kravet, og i 2 av sakene står ikkje resultatet nedskrive. Desse sakene fell såleis ut av resultatundersøkinga.

I ei undersøking av rettsbruken i saker, og såleis rettsbruken i farskapssakene frå 1920-talet, har ein berre det som er nedskrive i dommane å halde seg til. Det finnes ikkje noko supplerande kjelder. Det avgjerande for om dommane som einaste kjelder er tilstrekkelege for ei vitenskapleg undersøking av rettsbruken i dei, er at dei gir nok informasjon til å dra konklusjonar om tendensane i rettsbruken i eit heilt sett med saker frå dei. Då vi har sett at dommane frå Bergen og Midthordaland til saman vil gi grundig informasjon om både rettsprosessen og grunngjeving for resultat i sakene, er det klart at dei vil gje ei slik informasjon. Dommane er etter dette eigna til å bli nytta som kjelder for undersøkinga av rettsbruken i sakene utan at undersøkinga går på tvers av vitkapsideala.

4.2 Rettsmøta i farskapssakene

I det følgjande skal vi undersøke rettsmøta i farskapssakene frå 1921 frå Bergen byrett. Det skal bli sett på metoden for å finne fram til om fordommar påverka handsaminga av sakene, og deretter skal metoden nyttast for å undersøke rettsmøta i dei aktuelle sakene.

4.2.1 Metode

I rettsmøtet i ei sak er det atmosfæren i lokalet som vil kunne avsløre om fordommar påverkar handsaminga av sakene og rettsbruken i dei. Det er mange faktorar som skaper atmosfæren i eit slikt tilfelle. Kroppsspråk som blick og tonefall hjå både dommarar, vitne og partane er ein faktor. Andre faktorar som kanskje i større grad seier noko om sjølvne rettsbruken i rettsmøta, og som i tillegg kan observerast i ein nedskreven dom er: 1) Om spørsmåla partane og vitna blei stilt var relevante i høve den aktuelle føresegna. Dersom spørsmåla ikkje var relevante kan det tenkast at det var andre årsaker til at spørsmåla blei stilt. Haldningar og fordommar mot kvinna er døme på slike årsaker. Det andre faktoren ein må sjå på er: 2) om fokuset til dommarane si informasjonshentinga var objektivt i høve det problematiske i sakene.

Spørsmåla som blei stilt i sakene kan isolert sett ut frå føresegna ha vore relevante, men fokuset i informasjonshentinga må også ha stått i forhold til det som faktisk var problematisk i dei. Kva type vitne som blei kalla inn, settet med spørsmål som heilskap og om det var fråvær av spørsmål i sakene som burde ha vore stilt, vil seie noko om fokuset i sakene. Dersom fokuset ikkje var nøytralt kan det tenkast at eventuelle fordommar har påverka handsaminga.

Vi skal i det følgjande sjå på korleis undersøking av dei to nemnde aspekta i rettsmøta kan avsløre om fordommar påverka dommarane si handsaminga av sakene, og samtidig korleis den konkrete undersøkinga av delane skal gå føre seg.

1) Var spørsmåla til dommarane isolert sett relevante i høve føresegna?

Ei undersøking av spørsmåla som blir stilt i eit rettsmøte vil ideelt sett ikkje kunne gi noko peikepinn om kva haldningar dommarane er berarar av. Informasjonen som blir innhenta skal først og fremst ha til eigenskap å kaste lys over bevistemaet i saken. Det er faktaspørsmål det skal hentast- og bli gitt svar på. Dommarane har også til oppgåve å styre rettsprosessen slik at informasjonen som blir gitt held seg innanfor rāmene av kva som er relevant i høve bevistemaet i den aktuelle føresegna i ei sak. Det er ut frå dette utenkjeleg at dommarane søkjer å få fram informasjon frå partane og vitna som er utanfor desse rāmene. Ein kan likevel tenkje seg at informasjonsgivarane eller -hentarane i rettssalen blander saman, bevisst eller ubevisst, siktemålet å kaste lys over det aktuelle bevistemaet i saka med eit siktemål som ikkje høyrer heime i retten: å klårleggje om det har førekome eit brot på ein uskriven

moralregel i samfunnet. Dette kan i teorien hende dersom rettsdeltakaren er berar av ein fordom mot ein av partane, og til dømes ønskjer å bekrefte denne fordommen. I farskapssakene er det seksualmoralen i samfunnet, og fordommar hjå rettsdeltakarane mot at kvinnene har brote denne som er aktuell. I tillegg til informasjon som kan klårleggje bevistemaet, kan det bli gitt eller søkt etter informasjon som har som siktemål å ljosleggje om kvinna har handla i strid med seksualmoralen, og at ho difor er eit meir moralsk klanderverdig individ generelt. Det må på bakgrunn av dette bli føreteke ei undersøking av kva dommarane spør partane og vitna om i farskapssakene.

Det problematiske ved å undersøke kva dommarane spør om i farskapssakene er at det ikkje går fram kva deler av forklaringane til vitna og partane som på den eine sida er gitt på bakgrunn av spørsmål frå dommarane, og kva deler av forklaringane som på den andre sida er gitt på eige initiativ av vitna og partane. Det går difor ikkje uttrykkeleg fram kva spørsmål dommarane har stilt i dei. Ein ser likevel nokre få tilfelle at dette er synleg ut frå utsegn om at vitnet eller parten har svart på «spesiell eksaminasjon». Det er likevel sjeldan at dommarane sine spørsmål er synlege på denne måten. Ein ser likevel at det gjennomgåande i forklaringane til vitna og partane førekjem eksakt same type av informasjon i dei. I tillegg kjem dei ulike aspekta i forklaringane i same rekkjefølgje i alle forklaringane. Det ser nærmast ut som det er nytta ein mal for kva som skal kome først og sist, samt kva moment forklaringane skal innehalde. Ein veit vidare at det var inkvisitoriske element i prosessen i sakene. Ut frå dette er det tydeleg at innhaldet i parts- og vitne forklaringane hovudsakleg er svar på spørsmål som er blitt stilt av dommarane i sakene. Ei inndeling av innhaldet i forklaringane i moment vil difor avsløre kva type spørsmål dommarane har stilt.

Måten ein kan undersøke om dommarane si søking etter informasjon har hatt som siktemål å kaste lys over eit seksualmoralregelbrot, er å vurdere om momenta i forklaringane på den eine sida er relevant i forhold til bevistemaet i farskapsføresegna, eller på den andre sida er relevante til å klårleggje om kvinna har handla på tvers av ein seksualmoralregel. Det er likevel ikkje nok å berre dele inn i desse to kategoriane for å vurdere kva siktemålet til dommarane har vore med spørsmåla. Årsaken til dette er at moment som er irrelevant for bevistemaet ikkje automatisk på grunn av sin irrelevans kan seiast å stamme frå fordommar, eller omvendt. Moment som er relevant for bevistemaet kan også vera relevant for å kaste ljos over eit moralregelbrot, og moment som ikkje er relevant for bevistemaet treng ikkje

nødvendigvis å vera relevant for å ljøsleggje moralregelbrot. I saker med fri bevisvurdering som i farskapssakene, er det svært mykje og ulik informasjon som kan vera relevant for bevistemaene. All informasjon som *kan* belyse bevistemaene er relevant i ei slik vurdering. På grunn av dette er det ikkje umogleg at nokre av momenta i forklaringane kan både ha relevans for å ljøsleggje eit moralregelbrot samtidig som det har relevans for å kaste lys over bevistemaene. Vidare kan det førekome moment som verken er relevant for bevistemaene eller for å ljøsleggje moralregelbrot i saka, men derimot har andre relevante føremål for prosessen. Desse andre relevante føremåla kan til dømes vera å opplyse retten om informasjon om personalia til partane. Spørsmål om kor partane bur og når dei er fødde er eksempel på dette. I «Lov om rettergangsmaaten for tvistemaal» av 13. aug, 1915, nr 6 § 144, punkt 2 går det i høve dette fram kva ein dom skulle inneholde av formalia informasjon på denne tida: «En dom skal inneholde...betegnelse av parterne...med namn, stilling, bopæl...».⁸⁵ Føresegna viser såleis at informasjon om namn, yrke og bustad vil vera relevant formalia informasjon i saker frå denne tidsepoken.

Kategorisering

Situasjonane vi no har sett på er berre døme på korleis moment kan vera relevant for ulike formål i rettsprosessen. Ein kan tenkje seg fleire måtar dei kan vera relevante, og ein kan ut frå dette grovt dele informasjonen som kjem fram i ein rettssak inn i 5 kategoriar. Kategoriane er: A) Informasjon som er relevant for bevistema, men som ikkje er relevant for å belyse om moralregelbrot har førekome. B) Informasjon som er relevant for bevistema, men som også kan vera relevant for å belyse moralregelbrot. C) Informasjon som ikkje er relevant for bevistema eller for å belyse moralregelbrot, men har eit anna formål i rettsmøtet. Døme på dette er personalia til partane som bustadadresse og liknande. D) Informasjon som ikkje er relevant for bevistema, men relevant for andre føremål i rettssaken, og i tillegg kan vera relevant for moralregelspørsmålet. Døme på dette er informasjon om personalia til ein av partane kor informasjonen også kan bidra til å bekrefte eit moralregelbrot. Og til slutt E) Informasjon som ikkje er relevant for bevistema eller har andre openbare føremål i rettssaka, men som har relevans for å belyse moralregelspørsmål, og kan stamme frå fordømmar mot kvinna. Kategoriane er illustrert i figur 1 nedanfor.

⁸⁵ Norsk Lovsamling, Annet bind, 1901-1915, Grøndahl & Sønns Boktrykkeri, Oslo, 1926, s. 997

Figur 1

Kateg- -oriar	A	B	C	D	E
	Berre relevans for bevistema	Relevans for bevistema og moralregel	Andre relevante føremål i saka	Andre relevante føremål i saka og relevans for moralregel	Ingen relevante føremål i saka, men relevans for moralregel
I sak- ene	Bevistema i føresegna		Personaliainformasjon		

Kva kategori informasjonen høyrer heime i kan gi oss ein peikepinn på om informasjonshentinga hjå dommarane kan stamme frå fordommar eller ikkje. Dersom informasjonen er relevant for å ljoslegge moralregelspørsmålet, kan kategorien den fell inn i seie noko om sannsynet for at informasjonshentinga stammer frå fordommar.

I dei tilfella ein finn informasjon som høyrer heime i kategori B), D) og E) er det moglegheit for at formålet med informasjonshentinga har vore å ljosleggje moralregelbrot, at fordommar har påverka spørsmålsstillinga til dommarane og såleis handsaminga av sakene i rettsmøta. Dersom informasjonen høyrer heime i kategori B) er det usikkert om formålet har vore å klårleggje bevistemaet eller moralregelbrot. Ein kan likevel ikkje stengje ute moglegheita for at føremålet har vore å kaste ljøs over eit moralregelbrot.

Dersom informasjonen høyrer heime i kategori D) må ein rekne det som klart at føremålet ikkje har vore å bekrefte eit moralregelbrot. Årsaken til dette er at hentinga av informasjon om standard personalia førekjem i dei fleste saker. Dersom spørsmålet kan bidra til å bekrefte eit moralregelbrot er dette truleg meir eit hendeleg samantreff i ein slik situasjon. Dette kan likevel diskuterast ut frå kva type personalia som blir innhenta og relevansen til informasjonen i saka.

Informasjon som høyrer heime i kategori E) stammer med stort sannsyn frå fordommar. Hentinga av denne informasjonen har ikkje noko anna openbart føremål enn å klårleggje moralregelbrot. I tilfelle ein finn informasjon som høyrer heime i denne kategorien vil dette

tale i sterk retning av at fordommar har påverka spørsmål dommarane har stilt i sakene. Ut frå dette kan ein konkludere med at dersom ein finn moment som høyrer heime i kategori B) og E) kan ein seie det er størst moglegheit for at fordommar har påverka handsaminga av sakene i rettsmøta. Det er likevel ikkje nok at ein finn informasjon som høyrer heime i desse kategoriane i enkeltsaker for å kunne seie at fordommar påverka rettsmøta generelt i farskapssakene. Dersom ein skal påstå dette må det vera tendensar i sakene som taler i ei slik retning.

Seksualmoralen i samfunnet og bevistemaene i farsbidragsføresegna

Førsetnaden for å dele momenta i saksforklaringane inn i dei nemdne kategoriane ovanfor er at innhaldet av den aktuelle moralregelen er avklart. Vidare må ein ha kunnskap om kva dei sentrale bevistemaene i farskapsføresegna var. Det er forarbeidsdiskusjonen som er den sentrale kjelda til informasjon om haldningane i samfunnet på denne tida, og som gir vegleining for kva ein eventuell seksualmoralregel gjekk ut på. Vi såg i gjennomgangen av forarbeida at førestillingane mot å gi auka bidrag samt namne- og arverett til barn fødd utanfor ekteskap var ei redsle for at kvinna sitt moralske ansvar og motstandskraft mot å inngå seksuelle relasjonar utanfor ekteskap skulle bli svekka. Ut frå dette kan det ha eksistert ein seksualmoralregel i samfunnet som fordømte kvinner som hadde seksuelle relasjonar utanfor ekteskap, på same måten som vi såg ein slik moralregel eksisterte på 1700-tallet. Som vi såg hadde haldningane grunnlag i ei frykt for at familien som den grunnleggjandes institusjonen i samfunnet ville forvitre. Ein kan tenkje seg at det var ulike grader av brot på denne seksualmoralregelen av kvinna: Til fleire seksualpartnarar kvinna hadde hatt og til lettare ho gjekk inn i seksuelle relasjonar, eller oppførte seg på ein måte som kan tilseie at ho forsøkte å oppnå seksuelle relasjonar utanfor ekteskap, til større grad av brot på seksualmoralregelen kan ein tenke seg kvinna hadde føreteke. Graden av fordømming kvinna blei møtt med i samfunnet, kan ha blitt påverka av kor grovt ho hadde brote moralregelen.

I tråd med haldningane om å verne om familien som institusjon såg vi ei frykt for at ein eventuell familie til mannen måtte bære ei tung bør dersom dei måtte dele namn og arv med det uektefødde barnet. Eit grovt brot på seksualmoralregelen i samfunnet frå kvinna si side kan ut ifrå dette ha vore definert som tilfelle der kvinna fekk barn med ein mann som allereie var gift. Ho hadde då ikkje berre fått eit barn utanfor ekteskap, og såleis svike moralregelen

sitt prinsipp om at barn skulle bli fødd innanfor ekteskap, men hennar moralregelbrot ville i tillegg medføre negative konsekvens for ein allereie eksisterande familie.

Ein førekomst av spørsmål i sakene som kan ha bidrege til å avklare seksualpraksisen til kvinna kan indikere at fordømmar mot kvinna med rot i den nemnde moralregelen kan ha påverka spørsmåla dommarane stilte. Døme på denne typen spørsmål er klårlegging av om kvinna hadde hatt mange seksualpartnarar, avdekking av om innklagde hadde lett for å gå inn i seksuelle relasjonar utanfor ekteskap og spørsmål som kasta ljøs over om kvinna hadde hatt seksuelle relasjonar med gifte menn. Dersom det blei stilt denne typen spørsmål i sakene, og dersom dei ikkje hadde andre openbare føremål i sakene fell desse momenta som vi såg i kategori E.

Innhaldet i bevistemaene i føresegna som var aktuell i sakene vil avklare om momenta i parts- og vitneforklaringane, og såleis spørsmåla til dommarane, var relevante for den. Vi såg tidlegare at § 13 i 1915-loven var lova som blei nytta i farskapssakene. Dersom klagaren skulle bli idømt bidragsplikt måtte retten finne det bevist at klagaren i saka hadde «hat samleie med moren til saadan tid, at han efter naturens orden kan være barnets far». Det første bevistemaet var såleis om klagaren hadde hatt samleie med innklagde på graviditetstidspunktet. Ei avklåring av dette i forklaringane ville ikkje gi informasjon om kvinna sin seksualpraksis generelt. Moment som bidrog til å avklare dette bevistemaet i sakene vil difor felle i kategori A ved ei kategorisering av informasjonen i forklaringane.

I den same føresegna går det vidare fram at for idømming av farskap måtte det i tillegg bli bevist at mannen hadde hatt «saadant samleie» med kvinna at han kunne vera far til barnet. I ordlyden «saadant samleie» ligg det at samleiet kunne ha virka befruktande. Det måtte såleis ha vore fullbyrda, og det måtte ikkje ha blitt nytta preventive middel. Moment i forklaringane som kasta ljøs over dette bevistemaet ville ikkje kunne ljøsleggje kvinna sin seksualpraksis generelt. Moment som var relevante for dette bevistemaet fell såleis også inn under kategori A.

Vidare måtte retten «ikke finde...grund til at anta» at mora har hatt eit slikt samleie med nokon andre, for å kunne idømme farskap. Det måtte ikkje vera grunn til å tru at innklagde hadde hatt eit fullbyrda samleie med nokon annan mann på graviditetstidspunktet.

Dette bevistemaet kravde at kvinna sin seksualpraksis blei avklart i sakene. Moment som kunne avklare dette ville såleis også samtidig kunne avklare om kvinna hadde brote seksualmoralen i samfunnet. Moment i forklaringane som var relevante for dette bevistemaet vil såleis felle i kategori B ved ei kategorisering etter metoden ovanfor.

Til slutt måtte det heller ikkje føreligge «iøvrig...omstændigheter, som gjør det tvilsomt, om den opgivne far er barnets far». Dette siste vilkåret for idømming av farskap ser ut til å ha vore ein sikkerheitsventil der til dømes klagaren var steril, og han difor umogleg kunne vera far til barnet. Dette kan sjåast som eit fjerde bevistema kor bevistemaet ville variere ut frå påstandsgrunnlaget til mannen. Dersom klagaren sitt syn var at det førelåg slike «omstændigheter» tok retten stilling til det. Moment som kasta ljøs over dette bevistemaet vil normalt tenkjast å felle i kategori A ved at moment som klårlegg bevistemaet normalt ikkje vil kaste ljøs over kvinna sin seksualpraksis.

Då det er forklaringane til partane og vitna, samt truverda til forklaringane deira, som er bevismiddela i sakene, vil relevansen til momenta i høve dei ulike bevistemaene i føresegna avgjerast ut frå momenta sin karakter. Det avgjerande er om momentet direkte kastar ljøs over eit bevistema i føresegna, eller direkte eller indirekte ljøslegg truverda til partsforklaringane. Døme på moment som direkte klårlegg eit bevistema kan vera eit spørsmål til kvinna om kva tidspunkt ho trur ho blei gravid på. Dette vil vera eit moment som direkte bidreg til å avklare graviditetstidspunktet. Det er først og fremst spørsmål til partane som vil ha ein direkte relevans for bevistemaene på denne måten, då det er partane som sitt på førstehandskunnskapen om kva som faktisk har skjedd. Moment i vitneforklaringane vil på den andre sida hovudsakleg bidra til å direkte eller indirekte avklare truverda til partane. I figur 2 nedanfor er illustasjonen av kategoriseringa kopla saman med bevistemaene i føresegna.

Figur 2

Kateg-ori	A				B	C	D	E
	Berre relevans for bevistema				Relevans for bevistema og moralregel	Andre relevante føremål i saka	Andre relevante føremål i saka og relevans for moralregel	Ingen relevante føremål i saka, men relevans for moralregel
Sak-ene	Bevistema i føresegna					Personaliainformasjon		
	Samleie til «saadan tid»	«saadant samleie»	«iøvrigte omstendigheter»	Truv-erd	«ikke finde ...grund» til å anta at mora har hatt samleie med andre til «saadan tid»			

2) Fokuset ved informasjonshentinga

Det er ikkje berre ei undersøking av det enkelte spørsmål dommarane stilte som vil gje eit bilete av atmosfæren i rettsmøta. Eit blick på det heilskaplege fokuset i rettsmøta vil gje eit fullstendig bilete av atmosfæren i dei. Fokuset i sakene må ha stått i forhold til det som faktisk var problematisk i dei, dersom handsaminga av sakene skal kunne seiast å ha vore objektiv. Dersom til dømes ein kalla inn berre vitne med kjennskap til innklagde i sakene, og det vidare var ein stor grad av spørsmål som klårgjorde seksualpraksisen hennar, vil dette fokuset berre kunne rettferdiggjera dersom bevistemaet: om det var grunn til å tru at kvinna hadde hatt samleie med andre menn på graviditetstidspunktet, også i stor grad var problematisk. I motsett tilfelle vil det store fokuset på seksualpraksisen kunne tilseie til dømes eit ynskje om å avdekke seksualmoralregelbrot hjå kvinna framfor ei klårlegging av bevistemaene.

Ei undersøking av relevansen til fokuset i sakene krev at ein har kjennskap til kva som faktisk var det problematiske i dei. Påstandsgrunnlaget til klagarane var avgjerande for dette i farskapsakene. Kva merknadar som blei ført fram frå klagarane i sakene vil gje svar på kva

fokus dommarane skulle ha i si informasjonshenting for ei objektiv handsaming av dei. Det neste som må bli sett på er kva fokuset til dommarane faktisk var i rettsmøta. Undersøkinga av det faktiske fokuset består av ein rekkje punkt i handsaminga som må undersøkast:

- 1) Det første punktet er kva vitnetypar som blei kalla inn. Vitna i farskapssakene kan delast inn i tre hovudkategoriar ut frå kva kjennskap dei har til partane i saka: 1.vitne som berre har kjennskap til innklagde, 2.vitne som berre har kjennskap til klagar, og 3. vitne som har kjennskap til begge partane i saka. Dersom det til dømes i størst grad blei kalla inn vitne som hadde kjennskap til kvinna, kan dette tilseie at dommarane hadde eit ynskje om å hovudsakleg klårgjere truverda til kvinna i sakene.
- 2) Førekomsten av spørsmålssettet som heilskap er det andre punktet som må undersøkast. Ein må sjå på kva bevistema det samanlagt var størst fokus på i sakene ut frå spørsmåla som blei stilt til partane og vitna. Kategoriseringa etter metoden ovanfor vil avdekkje kva bevistema dei ulike spørsmåla frå dommarane avdekkja, og såleis også kva bevistema det var størst fokus på få klårlagt i sakene.
- 3) Det er ikkje berre kva som faktisk blei henta av informasjon i sakene som kan syne kva fokus dommarane hadde, men også kva informasjon som ikkje er blitt henta inn i dei. Dersom det problematiske i sakene kravde eit større fokus på eit tema som i realiteten ikkje- eller i liten grad blei sett på, kan ei manglande klårlegging av temaet tilseie ei unøytral handsaming av sakene.

Etter undersøkinga av det faktiske fokuset i sakene, må det bli føreteke ei vurdering av om fokuset var relevant opp mot kva som faktisk var problematisk i dei.

4.2.2 Undersøking av rettsmøta i sakene

Vi har no sett kva metode ein kan nytte for å observere om fordommar påverka rettsbruken i rettsmøta i farskapssakene. I det følgjande skal metoden bli nytta for å undersøke rettsmøta i dei aktuelle sakene. Det er dommane frå Bergen byrett som vil bli undersøkt i denne delen, då det er desse sakene som i hovudsak gir informasjon om rettsmøta. Den typiske atmosfæren i

sakene skal først bli illustrert. Illustrasjonen vert gjort ved å ta utgangspunkt i ein særskilt utvald sak. Denne standarddommen inneheld svært mange av dei momenta som er gjennomgåande i vitne- og partsforklaringane i sakene frå Bergen, og den har den same strukturelle oppbyggnaden som dei. Det vert føreteke ein gjennomgang av saka slik den er skrivne ned i primærkjelda. Deretter vert det gitt eit overblikk av kva moment parts- og vitneforklaringane bestod av og kva fokus dommarane hadde ved informasjonshentinga. Etter illustrasjonen skal spørsmåla dommarane stilte i dei resterende sakene frå Bergen bli identifisert, og deretter kategorisert og vurdert for å sjå relevansen deira i høve den aktuelle førsegna i sakene. Deretter undersøker vi om fokuset i informasjonshentinga i sakene stod i forhold til det som faktisk var det problematiske i dei.

4.2.2.1 Rettsmøtet i standarddommen

I den følgjande gjennomgåinga av standarddommen har eg anonymisert partane og vitna ved å sensurere etternamna deira. Sensureringa er gjort av personvernssyn ovanfor både dei deltakande i sakene, og av omsyn til eventuelle nolevande etterkomarar. Då etternamna til partane og vitna ikkje er av relevans for undersøkinga i denne oppgåva vil ikkje anonymiseringa gå ut over kvaliteten på den vitskaplege undersøkinga i oppgåva.

Den utvalde standarddommen er sak nr. 53 frå 1921 frå Bergen byrett.

Partane i saka er Lucie (...) mot Karl (...), datoen er 30. mai 1921 og retten er leia av «assessor» O.P Thommesen. I retten er det vidare tilstade to mannlege rettsvitne: Johannes (...) og Johan (...).

Før forklaringane i saka legg administratoren i retten fram: 1) Svangerskapsmelding av 23. februar 1921, 2) skriv frå bidragsfuten i Bergen til fylkesmannen i Hordaland av 24. februar 1921, 3) Fødselsmelding av 8. mars 1921, 4) skriv frå klagaren til Bergen byrett av 26. april 1921, og til slutt 5) forkynt stemning til partane. Begge partane er tilstade i retten og det blir utgreia om kven dei er, først innklagde og deretter klagaren: Innklagde, Luice (...) er fødd 1. desember 1901, ho er forretningsdame, har tidlegare arbeida i ein konditorforretning og har bustadadresse i Bergen. Klagaren, Karl (...) er fødd 5. mai 1900, er postbod og har også bustadadresse i Bergen.

Partane gir deretter sine forklaringar. Luice startar med si forklaring, og byrjar med å fortelje om fødselen til barnet: Ho fødte den 24. februar eit «pikebarn» heime hos sine foreldre i Bergen. Barnet er i live og ho har det heime hos seg. Ho fortel om namnet på jordmora som hjelpte ho ved fødselen, og ho uttaler at ho ikkje har noko imot at jordmora blir oppført som vitne i saken. Ho forklarar vidare at barnet blei fødd ein måned for tidleg. Barnet hadde av denne grunn litt dårleg hudfarge då det blei fødd, men barnet har kome seg godt no. Ho seier vidare at far til barnet er postbod Karl. Luice byrjar så å forklare seg om relasjonen mellom ho og Karl: Dei blei kjent i april eller mai 1920. Klagaren var postbod ved Mindes postkontor, medan ho var konditordame hos Arthur (...) på Minde. Dei møttes i ei forretning og byrja å gå saman. Den 25. juni 1920 hadde ho og klagaren samleie for første gang. Dei hadde samleie tre gonger denne kvelden i planteskogen ved oppgangen til Løvestakken. Etter dette hadde klagaren og ho samleie den 28. juni 1920, 2. juli 1920, 12. juli 1920 og endeleg den 14. juli 1920. Samleia den 28. juni og 12. juli fann stad i planteskogen, medan samleia den 2. juli og 14. juli fann stad på klagaren sitt soverom der han budde.

Kvinna held fram å fortelje at ho hadde sin siste «regle», [menstruasjon], den 18. juni, og nokre dagar framover. Ho hugsar dette fordi den 20. juni var ho i ei gravferd på Vaksdal. Ho hadde denne dagen hatt menstruasjonen i to dagar, og var enda ikkje ferdig med den på dette tidspunktet. Ho viser vidare til at det står i den framlagte fødselsmeldinga høvesvis 18. juli og 24. juli som tidspunkt for «siste regle» og «besvangrelse», men at juli i det nedskrivne må vera ein skrivefeil for juni. Ho viser til at i svangerskapsmeldinga står det også juni. Kvinna fortel vidare at i juli måned fekk ho ikkje menstruasjon, og ho skjønnte da at ho var blitt gravid.

Tre veker etter at kvinna hadde hatt sitt siste samleie med klagaren sa ho til han at ho måtte ha blitt befrukta av han, ho forklarar vidare at han nekta for å vera faren, og at han meinte ho måtte bli kvitt barnet elles risikerte han å miste jobben sin:

Men han sa blot at det var ikke han som var far til barnet, likesom han sa til mig at jeg måtte se at faa det vække igjen, idet han risikerte at miste sin plass, hvis det kom op at han var far til barnet, hvad han dithen ivørig mente at han ikke var.

Kvinna seier så at det er klagaren som er far til barnet fordi ho ikkje har hatt lekamleg omgang med nokon andre til den tid som kan passe til barnet sin fødsel. Ho viser til at i 1920 har ho berre pleia lekamleg omgang med klagaren og ein mann ved namn Alf (...). Ho hadde ikkje samleie med Alf seinare enn i mai 1920. Nedskrivaren har her understreka «mai 1920» i teksten, og i tillegg satt ein V i margen. Kvinna held fram med å forklare seg om relasjonen mellom ho og Alf: Dei gjekk saman frå våren 1919 til byrjinga av mai 1920. I perioden dei gjekk saman hadde dei av og til samleie. Det siste samleie ho hadde med Alf var i byrjinga av mai 1920, og det fann stad oppe ved Fløyen. I 1919 hadde ho forutan med Alf hatt samleie med kontorist Theodor (...). Med han har ho berre hatt eit enkelt samleie og dette fann også stad oppe ved Fløyen.

Etter dette held kvinna fram med å forklare seg om samleia ho har hatt med klagaren: «De samleier jeg og klageren har hat sammen har været fuldbyrdede.» Ho har ikkje noko meining om kven av samleia ho blei gravid av. Ho viser til at ved det siste samleie, den 14. juli 1920, skulle ho ikkje ha menstruasjon igjen, sidan ho hadde hatt for vane å ha menstruasjon regelmessig ein gang i månaden. Ho fortel etter dette om situasjonen mellom Karl og henne etter at ho hadde fortalt Karl om graviditeten:

Efteraft jeg hadde sagt til klageren at jeg måtte være blit besvangret av han, holdt han sig væke fra mig eller undgik mig. En maanedes tid før jeg fødte barnet traf jeg imidlertid kl. paa minde jernbanestation og spurte om han...ikke vilde hjelpe mig. Han svarte imidlertid at han ikke vilde ha noget med barnet at gjøre.

Til slutt i forklaringa kjem kvinna med sin påstand i saka: Ho påstår at klagaren skal «kjendes at være far til barnet», og ho ønsker si mor Lucie (...) og venninna Ragna (...) som vitne. Ho har heller ikkje noko imot at jordmor Anne (...) blir avhørt eller skrive til i høve saka. Ho er også villig til å avlegge eid på forklaringa si. Forklaringa blir etter dette «opplæst og vedtat».

Klagaren stod så fram og forklarte seg. Han forklarte seg først om korleis partane møttes: «Det er riktig at jeg blev kjendt med innklagede paa Minde. Jeg saa hende av og til inde paa en forretning der og kunde da av og til utveksle et par ord med hende.» Han uttaler vidare at han laurdag den 3. juli 1920 møtte innklagde oppe ved Minde, kor dei blei gåande og snakke saman. Deretter tok dei ein tur opp til planteskogen ved Løvstakken. Dei hadde då samleie to gonger saman. Seinare hadde dei samleie den 5. juli 1920 også i planteskogen, samt den 14.

juli og 17. juli 1920. Han uttaler seg så vidare om detaljane ved samleia. Han forklarar at han ved samleiet den 5. juli hugsar at han nytta kondom. Ved dei andre samleia trakk han seg tilbake før sædavgang, men han tør ikkje ha noko meining om innklagde heilt og absolutt var gått fri frå sæd frå hans kjønnsorgan. Han uttaler vidare at dersom det er slik at barnet var fødd noko for tidleg kan han ikkje nekte for at han har pleia lekamleg omgang med innklagde til «saadan tid at» han «kan være far til barnet», og at han såleis i tilfelle er bidragspliktig. Han erkjenner likevel ikkje farskap då han har grunn til å tru at det under saka kan godtgjerast at innklagde, til den tid som kan passe med barnets sin fødsel, også har pleia lekamleg omgang med andre. Han fortel vidare at han møtte innklagde den 3. august på Minde. Ho sa til han ved dette høve at ho var blitt befrukta, og at ho meinte han var faren. Til dette svarte han at han hadde mistanke til ein fjelltur ho hadde vore på frå den 6. til 10. juli med tre kvinner og fire menn. Han uttaler vidare at ho ikkje ville høyre om anna enn at det var han som var faren til barnet, sjølv om han hugsar at det i samtalen kom opp at det var fleire andre som var blitt oppskaka over at ho var blitt gravid, til dømes «Hansemand». Denne «Hansemand» skulle jobbe som kontorist.

Klagaren held fram med å fortelje om vandelen til innklagde:

Om inklagedes vandel tør jeg ikke si noget avgjørende i den ene eller andre retning. Jeg vil dog si at jeg fik indtryk av at hun ikke netop var vanskelig at faa lov til at være sammen med. Det var jo ogsaa paa den første tur vi var ute og gik sammen, at jeg fik lov at være sammen med hende.

Han fortel vidare at det ikkje var noko spesiell grunn til at han og innklagde slutta å gå saman. Han blei ganske oppteken med trening på stadion om kveldane på denne tida, og forholdet gjekk såleis over av seg sjølv. Han forklarar vidare at han og innklagde ikkje var forlova. Denne siste informasjonen er det blitt streka under i dommen, samt satt ein V ved sidan av i margin i teksten. Klagaren uttaler at han ynskjer den nemnde kontoristen Hans avhøyrd som vitne, i tillegg til ein telegrafist som skal ha kjent innklagde frå skuledagane, og som difor klagaren trur kan seie noko om innklagde sin vandel. Forklaringa til klagaren blei så «oplæst og vedtat».

Etter klagaren si forklaring blir begge partane gjort kjent med forklaringane sine, og begge partane fastheld si forklaring. Innklagde uttalte at ho bestemt hugsar at det første samleie fann stad den 25. juni. Ho arbeida i butikken fram til kl. 21 denne dagen, og klagaren stod da å

venta på ho ved stasjonen. Klagaren haldt fast ved at det første samleiet fann stad 3. juli 1920. Innklagde uttalte at ho ikkje hadde vore ute med klagaren nokon laurdag. Innklagde held fast på si forklaring og fortel vidare at ho hadde ferie frå 4. til 18. juli. Deretter fortel ho om fjellturen ho hadde vore på. Ho fortel om kven som var med på turen, og at ho ikkje hadde hatt noko å gjere med nokon mann på turen. Ho fortel vidare at ho aldri har pleia lekamleg omgang med kontoristen Hans, som klagaren nemnde. Innklagde uttalte deretter at ho var sikker på at ho aldri har sagt til klagaren at det var fleire som var blitt oppskaka i høve av at ho hadde blitt gravid. Utsegna blei deretter «oplæst og vedtat». Klagaren uttalte at han var på stadion og trente den 25 .juni frå 8 til 11- halv 12 tida. Etter desse utsegna frå partane blei retten utsatt til måndag 6. juni 1921.

Måndag 6. juni blei retten satt igjen under same leiing og med same rettsvitne som ved det førre rettsmøtet. Administratoren i retten la fram vitnestemning i delvis forkynna stand. Begge partane var tilstade. Alle vitna sine namn, yrke og bustadadresser blei lest opp. Det er 5 vitne som skal forklare seg. Det første vitnet som forklarar seg er jordmora som hjalp innklagde under fødselen: «Jeg erindrer at jeg hjalp innklagede under fødselen av det pikebarn det her gjelder. Jeg husker ogsaa at barnet kom noget for tidlig, mulig ca. 4 ukers tid...». Ho uttaler vidare at barnet bar tydelege teikn på å ha vore fødd for tidleg. Denne utsegna er streka under i dommen. Ho fortel om teikna på at barnet var for tidleg fødd: dun på kroppen og hudfargen. Ho fortel vidare at årsaken til at det stod at barnet var «fuldbåret» i fødselsmeldinga var at ein alltid skreiv dette når barnet var fødd etter den 8. månaden. Denne informasjonen er det laga ein strek ved i margin i dommen. Ho fortel også at det faktum at det var skrive «juli» i fødselsmeldinga var ein skrivefeil, då det skulle stå «juni». Forklaringa blei deretter «oplæst og vedtat». Partane hadde ikkje noko å seie til forklaringa.

Det andre vitnet i saka var ein kamerat av klagaren. Han fortel at han hugsar at klagaren kom til han den 3. august 1920 og fortalte at innklagde, som vitnet aldri hadde høyrte namnet til før, hadde sagt at klagaren hadde gjort henne gravid. Klagaren hadde vidare sagt til vitnet at det ikkje stemte at han hadde gjort henne gravid då han hadde vore varsam då han hadde pleia lekamleg omgang med henne. Han hadde ikkje nemnd når, eller kor ofte han hadde pleia lekamleg omgang med henne til vitnet. Klagaren hadde samtidig bedt vitnet undersøke når han og klagaren hadde vore å trent saman på Brann stadion og Skansemyren i juni og juli. Klagaren hadde sagt til vitnet at dei byrja å trene i byrjinga av juni månad og at dei hadde

trent saman om kveldane til stadighet frå den 16. juni til byrjinga av august. Det er laga ein strek i margin ved sidan av denne sistnemnde informasjonen i dommen. Vitnet uttaler så vidare: «Jeg husker dog at klageren den 23. juni, den 26. juni, den 3. juli og den 5. juli ikke var å trente om kveldene. Likesaa var det er par dager senere i juli han ikke var å trente uten at jeg kan oppgi datoen paa disse.» Vitnet forklarer vidare at treninga og tida fram og tilbake frå trening fann stad mellom 7 og halv 11 om kvelden. Vitnet tek så til å forklare seg om innklagde:

Innklagede kjenner jeg ikke...og kan derfor ikke uttale meg noget...i den ene eller andre retning om hendesandel. Jeg forstod klageren desuten at det ikke hadde vært noget forlovelse eller kjærlighetsforhold mellom henne og innklagede.

Forklaringa blei deretter «oplæst og vedtat».

Etter forklaringa til vitnet uttaler innklagde og klagaren seg igjen. Innklagde fastheld at ho hadde sitt første samleie med klagaren den 25. juni, medan klagaren fastheld at det første samleiet fann stad den 3. juli. Denne informasjonen er det laga ein strek i margin ved sidan av i dommen. Innklagde uttalte vidare at ho er sikker på at ho ikkje har pleia lekamleg omgang med klagaren på nokon laurdag.

Det tredje vitnet er Lucie, innklagde si mor. Ho forklarer at dottera heile tida har budd heime hos henne. Ho uttaler vidare: «Jeg vet at min datter hadde det månedlige den 20. juni 1920. Min datter og jeg var nemlig da i ein begravelse på Vaksdal og hun hadde da hat reglene et par dage, men var enda ikke helt ferdig med den.» Ho fortel vidare at ho hugsar at ho merka at dottera ikkje fekk «reglene» i juli og august. I august snakka ho med dottera om dette som då hadde sagt at den kom vel tilbake. Då dottera heller ikkje fekk menstruasjon i september snakka mora med henne på ny, og dottera hadde då fortalt kva som hadde skjedd. Vitnet fortel vidare: «Som far til barnet oppgav hun kl. Karl (...). Hun sa videre at hun ikke hadde hat med nogen anden at gjøre der kunde være barnets far.» Ho fortalte deretter at dottera hadde sagt at klagaren hadde haldt seg unna henne etter at ho hadde blitt gravid. Vitnet fortel så om vandelen til dottera: «Jeg har ikke merket at min datter har vist nogen hang til letsindighet eller usedelighet.» Ho fortel at ho av denne grunn blei både overraska og skuffa då ho fekk vite kva som hadde skjedd med dottera. Vitnet seier på ny at dottera hadde sagt at det var

klagaren som var far til barnet. Ho uttaler vidare at barnet liknar på klagaren. Forklaringa hennar blei deretter «oplæst og vedtatt».

Det fjerde vitnet, Lars (...), forklarte seg så. Han fortel at han blei kjent med innklagde i mai 1920 eller i alle fall i første halvdel av mai. Denne siste setninga er blitt streka under i dommen. Ein kveld hadde dei gått å snakka saman i lang tid. Seinare møtte dei kvarandre ein fem til seks gonger, og han reknar med at dei gjekk i lag ein tre til fire veker. I denne tida hadde dei høgst hatt fire samleie saman. Samleia fann stad ved to eller tre ulike hendingar. Det eine samleiet fann stad på rommet hans i Nygårdsgata, og to andre samleie fann stad ved Fløyen. Han uttaler så vidare: «Det siste samleiet jeg har hat med innklagede maa efter dette ha fundet sted enten i slutten av mai eller begyndelsen av juni 1920.» Denne setninga er i tillegg til å blitt streka under også blitt laga ein strek ved i margen i dommen. Han forklarer vidare at han trur det var i slutten av mai og ikkje i byrjinga av juni det siste samleiet fann stad sidan han frå 1. juni las på spreng til sine skuleeksamenar. Relasjonen mellom innklagde og vitnet tok slutt i juni då forholdet mellom vitnet og hans tildegare forlovede, som han gifta seg med 1. oktober 1920, blei bra igjen. Han fann difor ut at han måtte trekke seg unna innklagde. Vitnet forklarer at innklagde aldri hadde sagt til han at ho gjekk med barn, og at han først fekk kjennskap til dette ved ein tilfeldighet etter at ho hadde fødd barnet.

Partane fekk så moglegheit til å kome med utsegn etter vitnet si forklaring. Klagaren hadde ikkje noko å merke i høve forklaringa til vitnet. Innklagde uttalte på si side at det var i mai ho og vitnet hadde pleia lekamleg omgang. Ho uttalte også at ho hadde hatt sin siste menstruasjon etter samleiet med vitnet. Innklagde forklarte at årsaken til at ho ikkje hadde sagt noko i si tidlegare forklaring om at ho hadde pleia lekamleg omgang med vitnet, var fordi han no var gift, og i tillegg var ho redd at ein ikkje ville sjå på klagaren sikkert som var far. Dette blei så «oplæst og vedtat». Innklagde sine utsegn var her markert med ein strek i margen i teksten.

Det var så det 5. vitnet, Theodor (..), sin tur til å forklare seg. Han fortel først om sin relasjon med innklagde: «Jeg blev engang høsten 1919 gjennom en kamerat presentert for innkl.. Senere har jeg samme høst spasert med hende et par ganger, likesom jeg ved en leilighet samme høst har pleiet legemlig omgang med hende.» Vitnet forklarer seg så om vandelen til innklagde: Han uttaler at han ikkje kjenner til vandelen hennar i så stor grad at han kan uttale

seg i den eine eller den andre retning. Forklaringa blir deretter «oplæst og vedtat». Partane har ikkje noko å merke i høve dette vitnet si forklaring.

Det 6. vitnet, Ragna (...) fekk så forklare seg. Ho forklarar først at ho og innklagde var gode venninner. Ho held såleis fram: «Jeg kjender til at klageren og innklagede ifjor var noget sammen.» Ho fortel vidare at årsaken til at ho veit dette er at innklagde hadde fortalt ho det. I tillegg hadde ho ved eitt enkelt høve sett klagaren hente venninna. Lucie hadde også fortalt at klagaren var far til barnet då vitnet hadde merka at innklagde var gravid og spurt kven faren var. Ho held så fram med å fortelje om vandelen til venninna. Ho forklarar at ho og innklagde har vore venninner i fleire år og vidare at: «...jeg kan ikke si at jeg har faat forstaaelse av at inklagede skulle være blant dem som var letsindig anlagt og let at faa være sammen med.» Vitnet held så fram med å forklare om fjellturen dei hadde vore på. Ho forklarar at ho er sikker på at innklagde ikkje hadde pleia lekamleg omgang med nokon mann på denne turen. Denne informasjonen er merka med ein strek i marginen i teksten.

Klagaren uttalte deretter at han erkjente seg bidragspliktig, men at han framleis ikkje kunne erkjenne noko farskap. Han meinte at andre menn hadde pleia lekamleg omgang med innklagde på ei tid som kunne passe til barnet sin fødsel.

Saken blei deretter sett til å takast opp på nytt den 20. juni 1921.

Retten blei så satt på nytt den 20. juni 1921 under same leiing, men denne gangen med to nye rettsvitne. Administratoren gav først litt informasjon om nokre av vitna. Eit vitne skulle bli permitert frå jobben i midten av juli, medan vitnet Alf (...) hadde det ikkje vore mogleg å finne adressa til. Klagaren gjekk i frå sitt krav om å kalle inn telegrafist Hagbert (...) som vitne. Saka blei deretter utsett til måndag 25. juli.

Den 25. juli blei retten sett på nytt i byretten sine lokale, administrert av assessor Solseth og med nye rettsvitne. Partane var til stade i retten. Vitnet Alf var møtt opp, medan det andre vitnet som skulle avhøyrast denne dagen var ikkje til stade. Retten si stemninga av vitnet var ikkje kome i retur, og det var såleis ikkje mogleg å sjå om stemninga var forkynna for han.

Den sjuande vitnet Alf byrja å forklare seg. Han forklarte seg først om relasjonen mellom han og Lucie. Han blei kjent med henne sommaren 1918 gjennom ei venninne. Han begynte å

vera med innklagde «leilighetsvis», «spaserte» saman med henne og hadde «sommaren 1919 i løpet av et par måneders tid nogen, en 3 ganger, samleie med innkl...». Disse samleia fann stad i Fjellvegen. Vitnet forklarar vidare at han ikkje var forlova med innklagde, og at etter at det blei ein «ordstrid» mellom dei omtrent ein månad etter det siste samleiet «skiltes de ad». Han såg henne berre ein gong etter dette, ved sporvogna, men han snakka ikkje med henne ved dette høve. Han tek så til å forklare seg om sitt kjennskap til forholdet mellom innklagde og det femte vitnet Theodor. Vitnet fortel at han er kjent med at 5. vitne har hatt samleie med innklagde etter den perioden han hadde samleie med henne. Han veit dette fordi 5. vitne har fortalt han dette. I høve vandelen til kvinna går det fram av forklaringa at: «V. har ikke ellers hørt noget ufordelaktig om indkl. og iagtok ikke selv, mens han gik sammen med hende, noget ufordelaktig av hende, utover at hun paa hans anordning efter ca 1 aars bekjendskap indrømmet ham samleie.» Forklaringa blei deretter «oplæst og vedtat».

Partane hadde ikkje noko å merke i høve forklaringa, men på førespurnad av administratoren uttalte innklagde at det var i 1918 ho lærte vitnet å kjenne, og at det var sommaren 1919 dei hadde samleie. Ho uttaler vidare at hennar forklaring om tidspunktet for forholdet med vitnet som ho kom med i sesjonen 30. mai 1921, «beror paa en erindringsfeil». Denne utsegna er markert av nedskrivaren med ein V i margin i teksten.

Retten blei etter dette heva. Retten blei på nytt sett den 5. august 1921, på same stad som sist og under same leiing, men med 2 nye rettsvitne. Partane var tilstade. Det 8. vitnet i saken, Olai (...), byrja så å forklare seg. Han byrja å forklare seg først om sitt forhold til innklagde. Han hadde kjent innklagde sidan dei begge var 9-10 år gamle då dei hadde vore naboar. «V. har aldrig lagt merke til noget som tyder paa at indkl. var vilter av sig eller hadde herrrebekjendtskap.» Han fortel vidare at han har vore på turar med henne. Fyrste gong dei var på tur var ein pinse. På denne turen var også det 6. vitnet, samt ein rekkje andre personar med. Dei andre herrane hadde med damer på turen, og vitnet hadde såleis med innklagde. Kvinnene og herrane sov på kvart sitt rom og vitnet la ikkje merke til noko som kunne tyde på at det var eit forhold mellom innklagde og nokon av herrane på turen. Han fortel vidare at innklagde kjente herrane frå før, men han hadde aldri sett ho gå saman med nokon av dei verken før eller sidan. Han fortel deretter om eit opphald på Skulestad i juni eller juli 1920, kor innklagde hadde for vane å nytte fritida si om sommaren. Innklagde hadde eit eige soverom på denne turen som varte i 8 dagar. Det var vitnet, ein kamerat og innklagde som var

på turen. Vitnet og kameraten fiska på dagtid. Han uttaler vidare at dei alltid var på rommet sitt om netten, og at han aldri personlig har hatt samleie med innklagde. På førespurnad frå administrator uttalte vitnet at: «...indkl. aldrig har optrædt paa en saadan maade i hans nærvær at han kunde tenke at hun var letsindig av sig, og heller ikke har han hørt noget saadant av andre.» Forklaringa blei deretter «oplæst og vedtat».

Partane hadde ikkje noko å merke i høve forklaringa, og på administratoren sin førespurnad uttalte dei at dei ikkje hadde nokon ytterlegare opplysningar å kome med i saken.

Administrator uttalte til slutt at han måtte utsette saken for å avgjere om partane skulle få eidfeste sine forklaringar. Retten blei deretter heva.

Retten blei sett på nytt 9. november 1921, i byrettens lokale, under leiing av «assessor Halvorsen» og med to rettsvitne. Partane var ikkje skrive til i dette høve då det ikkje blei sett på som nødvendig. Når det gjaldt spørsmålet om innklagde skulle bli eidfesta uttalte administratoren at det ikkje burde bli tale om å eidfeste innklagde. Årsaken til dette var at ho ikkje hadde nemnt forholdet mellom ho og 4. vitnet i si forklaring. Det var difor ikkje til hjelp at hennar forklaring elles i det store og heile hadde gjort eit truverdig inntrykk, og var i samsvar med klagaren sin forklaring.

Det blei deretter uttalt at klagaren etter dei framkomne opplysningar i saken, særleg opplysninga om barnet sin tidlige fødsel, hadde erkjent at han hadde pleia lekamleg omgang med innklagde til ei slik tid at han etter naturen si orden kunne vera far til barnet. Han hadde difor erkjent farsbidrag. Han hadde ikkje kunne erkjenne farskap då han meinte at innklagde på den tid som kunne passe med barnet sin fødsel, hadde pleia lekamleg omgang med andre menn. Det blei vidare uttalt at forklaringa til klagaren ikkje var i samsvar med innklagde si forklaring med omsyn til tidspunkta for samleia, sjølv om ulikskapane i forklaringane var av mindre vesentlig betydning. Det blei sett på som unødvendig samt ikkje heilt ubetenkelig å eidfeste klagaren etter det som var ført fram i saka og etter saka si stilling. Det blei difor funne mest riktig å ikkje eidfeste nokon av partane, og det blei til slutt slege fast at ingen av partane skulle bli eidfesta. Administrator uttalte at ein gjekk ut ifrå at det ikkje kunne skaffast nokon ytterlegare opplysningar i saka. Etter dette blei retten heva.

I denne saka blei ikkje resultatet eksplisitt uttrykt av dommaren. Det førekjem i nokre av dommane at resultatet ikkje står uttrykkeleg. Ein må då tolke ut frå kva som står i dommen elles kva resultatet faktisk blei. I denne dommen ser vi at mannen erkjente farsbidrag, ein må difor gå ut ifrå at resultatet i saka blei farsbidrag, og at dommarane ikkje fant farskap tilstrekkeleg bevist.

Oppsummering

Det problematiske i saka er primært om partane har hatt eit fullbyrda samleie. Subsidiært er spørsmålet om innklagde har hatt samleie med andre menn enn klagaren på graviditetstidspunktet.

Formaliainformasjon blir innhenta frå begge partar i byrjinga av saka.

Forklaringa til innklagde kan delast opp i følgjande moment: 1. Fødselen av barnet/informasjon om barnet, 2. Forholdet mellom partane, 3. Tidspunkt for siste menstruasjon, 4. Om ho fortalte klagaren at ho var gravid, og 5. Forhold med andre menn. Forklaringa avdekkjer graviditetstidspunktet til kvinna, samleietidspunktet med klagaren, om samleiet var fullbyrda og om andre enn klagaren kan vera faren til barnet. Dette er bevistema i den aktuelle føresegna.

Forklaringa til klagaren kan delast inn i desse momenta: 1. Forholdet mellom partane, 2. Om han erkjenner bidragsplikt, 3. Særskilte menn klagaren mistenker at innklagde har hatt samleie med på graviditetstidspunkt, 4. Vandelen til innklagde ,og 5. Kvifor partane slutta å gå saman. Forklaringa avdekkjer samleietidspunktet til partane, om samleiet var fullbyrda og om andre enn klagaren kan vera faren til barnet. Dette er også bevistema i den aktuelle føresegna.

Forklaringane til vitna kan delast inn i desse momenta: 1. Om fødselen til barnet 2. Forholdet mellom partane , 3. Bekrefting av opplysningar , 4. Vandelen til innklagde,5. Tidspunktet for innklagde sin siste mensttrauasjon , 6. Om innklagde har sagt til vitnet at klagaren var far til barnet , 7.Om innklagde var lettsindig , 8.Om barnet liknar på klagaren , 9.Forholdet mellom innklagde og vitne, 10. Om vitnet og innklagde har hatt samleie nokon gong, 11. Korleis vitnet fekk kjennskap til at innklagde var gravid , 12. Kjennskap til innklagde og 13.

Innklagde sitt forhold med andre menn. Momenta avdekkjer i samsvar med momenta i partsforklaringane graviditetstidspunktet, samleietidspunkt og om andre enn klagaren kan vera faren til barnet. Spørsmåla her er også relevante i høve bevistemaene i føresegna.

Det er til saman 8 vitne som er kalla inn i saka. 7 av dei 8 vitna har berre kjennskap til innklagde. Dette er jordmora, mora til innlagde, ei venninne av innklagde, to tidlegare sexpartnarar av henne og ein kamerat. Det er 1 av dei 8 vitna som har kjennskap til klagaren. Dette er kameraten til klagaren. Førekomsten av dei ulike vitnetypane avslører eit stort fokus på å få avdekkja informasjon om innklagde i saka.

I viteforklaringane er det er størst fokus på å kaste ljøs over seksualpraksisen til kvinna, då heile tre av dei sju vitna blei spurt om dei nokon gong hadde hatt samleie med innklagde. I tillegg blei tre av vitna spurt om vandelen til innklagde og om innklagde var lettsindig. Dei andre momenta i forklaringane er det berre ein eller to av vitna som blir spurt om. Vitna blir ikkje spurt spørsmål som kan avklare om samleiet mellom partane har vore fullbyrda eller ikkje.

Ein ser ut frå dette eit stor fokus på å få avklart seksualpraksisen til kvinna i saka, samt fokus på å avklare graviditetstidspunktet til kvinna og samleietidspunkta mellom partane.

Avdekking av om samleiet mellom partane var fullbyrda er eit bevistema som det ikkje er særleg stor vekt på å få avdekka.

4.2.2.2 Rettsmøta i sakene frå Bergen

Vi har no sett eit overblikk av innhaldet i eit typisk rettsmøte i sakene frå Bergen. Det skal i det følgjande bli sett på rettsmøta i alle sakene frå Bergen, og under dette om fordommar kan observerast i sakene ut frå den oppstilte metoden ovanfor. Det ska først bli sett på relevansen til momenta i parts- og vitneforklaringane i høve føresegna, og deretter om fokuset til dommarane i informasjonshentinga står i forhold til det problematiske i sakene.

1. Relevansen til momenta i forklaringane i høve føresegna

I undersøkinga av relevansen til momenta i sakene vil det først bli sett på kva moment som førekom i parts- og vitneforklaringane i sakene. Det vil etter dette høvesvis etter undersøkinga av innklagde, klagar og vitna sine forklaringar bli føreteke ei vurdering og kategorisering av momenta i forklaringane.

Nærmare om dommane som kjeldegrunnlag for undersøking av moment i sakene:

I systematiseringa av sakene frå Bergen har eg nummerert sakene etter rekkjefølgja eg har gått igjennom dei. Det er denne nummereringa eg nyttar i omtalen av dommane i kategoriseringa. Standarddommen har fått nummer 0, og elles har dei andre sakene frå Bergen fått nummer frå 1-58.⁸⁶ Det er ikkje alle sakene som gir informasjon om kva klagar, innklagde og vitna har opplyst om i sakene. Av dei 59 sakene som er gjennomgått er det 17 av sakene som direkte blei heva då dei kom inn for retten⁸⁷, det er difor verken parts- eller vitneforklaringar i desse sakene, og dei utgår frå undersøkinga av kva moment som kom fram i forklaringane i sakene. I dei resterende 41 sakene førekjem det forklaring frå innklagde i alle 41 sakene. Det er likevel berre i 30 saker av desse 41 sakene at klagar forklarar seg. Det er såleis 11 saker som utgår frå undersøkinga av klagar si forklaring.⁸⁸ I dei 41 sakene som ikkje beinveges blei heva er det vidare berre i 38 saker at vitneforklaringar føreligg og som såleis kan vera med i undersøkinga av vitna sine forklaringar.⁸⁹

Grafisk framstilling av moment i parts- og vitneforklaringane i sakene:

⁸⁶ Det er såleis ikkje domsnummera i dommene som det blir referert til her. Ei oversikt over kva domsnummer dei ulike saksnummera representerer finn ein i vedlegg til oppgåva.

⁸⁷ I sak nr.: 14,19,32,40,43,47,48 erkjente klager farskapet. I sak nr.:17 og 8 erkjente klagaren bidraget og partane blei enige om å heve saken. I sak nr: 2 fann ein ikkje klagaren. I sak nr.: 9, 25 og 41 var barnet dødt. I sak nr. 12 hadde mora til barnet døydd av tuberkolose og vergen og hustrua til vergen seier i retten at klagaren har ekjent farskapet og bedt dei ta vare på barnet. I sak nr. 15 innrømmer innklagde å ha oppgitt feil mann som far til barnet, og ho skal opprette ny sak på riktig mann. I sak nr. 16 hadde ikkje klagaren verneting i Norge. I sak nr. 45 var klagaren død.

⁸⁸ I sak nr. 20 er klagar død. I sak nr.: 29, 44, 51 og 52 er klagar på ukjent adresse. I sak nr.: 31 og 57 er klagar reist til Amerika. I sak nr. 39 erkjenner klagar bidraget etter innklagde har forklart seg. I sak nr. 46 er klagar britisk og blir avhøyrd av britisk rettsapparat. I sak nr. 53 er klagar til sjøs. I sak nr. 37 fråfell adoptivforeldre kravet. I dei 41 sakene som ikkje umiddelbart blei heva er det vidare berre i 38 saker at vitneforklaringar føreligg og såleis er gjenstand av undersøking av vitna sine forklaringar.


⁸⁹ Det er ikkje vitneforklaringar i sak nr. 27 fordi at adoptivforeldre fråfalt kravet, sak nr. 39 utgår fordi klager erkjenner bidraget før vitne blir kalla inn, og sak nr. 24 utgår fordi det ikkje er kalla inn vitne i denne saken.

I grafane nedanfor er det illustrert kva moment som kjem fram i høvesvis dei innklagde-, klagarane- og vitna sine forklaringar. Dei grafane som illustrerer innklagde og klagar sine forklaringar viser rekkjefølgja til momenta slik dei kom fram til vanleg. I tillegg viser dei kor mange saker momenta kom fram i og kva saker dette var. Momenta har blitt gitt kvart sitt nummer i grafen, og tabellen under grafen viser kva moment dei ulike nummera representerer. I tillegg blir nokre av dei nærmare presisert i tabellen der det er nødvendig med ei utgreiing. Etter kvar graf vil det bli føreteke ei relevansvurdering og kategorisering av momenta

Grafen som illustrerer vitna forklaringane til vitna skil seg frå grafane som illustrer innklagde og klagar sine forklaringar på eitt punkt: nemleg ved at momenta i grafen er stilt opp etter kor mange saker momentet førekjem i, frå flest til færrest, i staden for etter rekkefølgja dei kjem fram i dommane. Årsaken til denne systematiseringa er at rekkjefølgja på momenta varierte i større grad i vitneforklaringane enn i partsforklaringane. Det er difor meir hensiktsmessig å stille momenta opp etter kor stor grad dei gjer seg gjeldande i sakene.

I undersøkinga av vitneforklaringane vil det i tillegg til å bli danna ein graf over talet på saker ein fann momenta i også bli danna ein graf over prosentvis del av vitna som blir spurt om spørsmålet i dei sakene kor momenta førekjem. Dette for å få det fullstendige biletet av kor sentrale dei ulike momenta var i vitneforklaringane.

Moment i innklaga sine forklaringar- 41 saker med i undersøkinga i alt:



Nr.	Type informasjon	Presisering	Tal saker	Kva saker
1	Formalia	Namn, alder, yrke	41	Alle
2	Sivilstand	Gift/ugift	19	2,3,6,7,11,13,18,20,22,23,26,28,29,30,,31,34,49,51,58,
3	Barn innanfor/utanfor ekteskap frå før		14	5,7,11,12,23,27,29,31,,34,49,51,54,56,58
4	Om barna ho har fødd tidlegare har vore fødd på termin	Om barna har vore «fuldbaaret»	2	49,53
5	Fødselen av barnet/om barnet	Dato for fødsel, kjønn på barnet, stad for fødsel, om barnet lever i dag, kven var jordmor, var barnet fødd på termin, er barnet døypt og kva er barnet døypt, kor er barnet no	33	0,1,2,4,5,10,11,13,18,20,21,22,26,27,31,34,35,36,38,39,42,44,46, 49,50,51,52,53,54,55,56,57,58

6	Forholdet mellom innklagde og klagar	Når møttes partane, kor møttes dei, når byrja dei å gå saman, tidspunkt for første samleiet, kor mange/kor ofte samleie, kor fann samleia stad, var samleia fullbyrda, var partane forlova	41	Alle
7	Tidspunkt for siste menstruasjo-n		39	0,1,2,3,4,5,6,7,10,11,13,18,20,21,22,24,26,27,28 ,29,30,31,34,35,36,37,38,39,42,44,46,49,50,51,52,53,54,56,57.
8	Tidspunkt for første fosterrørsle		15	1,3,5,13,18,20,22,23,26,29,30,31,51,54,58
9	Om innklagde informerte klager om graviditeten		33	0,1,2,3,4,5,6,7,10,11,13,18,20,21,22,26,28,29,30,31 ,35,36,37,39,42,46,50,51,54,55,56,57,58
10	Forhold med andre menn/ «vandel»	Om ho har hatt samleie med noko andre menn på graviditetstidspunktet/ Kven ho tidlegare har hatt samleie med, når desse samleia fann stad, relasjonen mellom innklagde og menn ho har	37	0,1,3,4,5,6,7,10,11, ,13,18,20,21,22,23,24, ,26,27,28,29,30,31,35, ,36,37,38,39,44,46,49, 50,51,53,54,56,57,58

		hatt samleie med tidlegare, om forlova		
11	Alkoholbruk	Om innklagde drakk alkohol/ om det generelt blei nytta alkohol ved særskilt situasjon	5	3,21,22,54,56
12	Barnet liknar på klagaren		3	34,49,55
13	Om innklagde fått hjelp til barnet av klagaren	Om fått noko peng av klagaren etter barnet sin fødsel	2	35,37
14	Om innklagde visste at klagaren var gift		2	10,46

Vurdering og kategorisering av momenta i dei innklagde sine forklaringar:

I dei innklagde sine forklaringar førekjem det, på same måten som i standarddommen, formaliaspørsmål om namn, alder og bustadadresse til kvinna. I tillegg blir det i nokre saker spurt om sivilstanden til kvinna og om ho har barn innanfor eller utanfor ekteskap frå før, Døme på dette er: «Signe (...), gift med handelsreisende Andreas (...), men har bleivet adskilt fra ham i 2 ½ aar, utan at der dog foreligger nogen separasjonsbevilling eller skilsmissebevilling. Har 2 barn i ægteskab i alderen fra 1 ½ - til 2 ½ aar.»⁹⁰ I utgangspunktet fell alle desse momenta i kategori C. Dei har relevante føremål i saka ved at dei opplyser om formalia. Dersom kvinna har barn utanfor ekteskap frå før, kan likevel dette tenkast å ha vekka fordommar om at kvinna hadde dårleg seksualmoral. Momentet kan ha hatt eit objektivt relevant føremål i saka i form av opplysing om formalia, samtidig som det kan ha

⁹⁰ Saksnr.: 23

vore relevant for å kaste lys over moralregelbrot av kvinna. Momentet høyrer difor heime i kategori D.

Tidspunktet for befruktinga hjå kvinna blir avdekka i stort mon i forklaringane. Ein vil avklare tidspunktet for graviditeten, og såleis om samleia partane har hatt har vore til «saadan tid» at klagaren kan vera faren til barnet. Dette såg vi også i standarddommen. Moment som bidreg til å avklare dette er: om barna kvinna har fødd tidlegare har vore fødd på termin, fødselen av barnet og informasjon om barnet, tidspunktet for innklagde si siste menstruasjon og tidspunktet for første fosterrørsle. Eit anna moment som også kan ha hatt dette føremålet er spørsmålet om innklagde informerte klagar om graviditeten. Tidspunktet for ein eventuell informering frå kvinna si side kan ha bidrege til å klårleggje graviditetstidspunktet hennar. Eit anna moment som avklarar om partane hadde samleie «til saadan tid» at klagaren kan vera far til barnet, er spørsmålet om relasjonen mellom partane. Det blir under dette momentet spurt om kva tidpunkt partane gjekk i lag og når dei hadde samleie. Alle desse momenta fell i kategori A: dei har relevans for eit bevistema i saka, men dei har ikkje relevans for å avdekkje seksualpraksisen til kvinna generelt og såleis eventuelle moralregelbrot av henne.

Det blir vidare forsøkt avklart om samleiet partane har hatt har vore fullbyrda. Under momentet «forholdet mellom partane» blei det blant anna spurt om dette. Momentet er såleis også relevant for å klårgjere om partane hadde hatt «saadant samleie» at klagaren kunne vera far til barnet.

Det neste som blir forsøkt avklart er om kvinna kan ha hatt samleie med nokon andre enn klagaren på graviditetstidspunktet. Dette såg vi også i standarddommen. Momentet som omhandlar kvinna sin vandel og forhold med andre menn er ledd i denne avdekkinga. Under dette punktet blir det spurt kor mange seksualpartnarar kvinna har hatt i sitt liv, når forholda fann stad og kor lenge ho hadde kjent mennene før dei hadde samleie fyrste gong. Momenta bidreg til å avklare den seksuelle praksisen til kvinna, og kan såleis også ha bidrege til å klårleggje i kor sterk grad ho eventuelt hadde brote seksualmoralen i samfunnet. Først og fremst bidreg likevel momenta til ei klårlegging av eit bevistema i føresegna. Denne tosidige eigenskapen til momenta gjer såleis at dei fell i kategori B.

Vidare er det ein rekkje moment i forklaringane som indirekte avdekkjer truverda til innklagde i høve alle bevistemaene i sakene. Momenta detta gjeld er: om det blei nytta alkohol ved situasjonar, om barnet liknar på klagaren og om innklagde har fått hjelp til barnet

av klagaren. Spørsmålet om innklagde fortalte klagaren om graviditeten kan også avdekkje truverda til kvinna, då det kan seie noko om kvinna også på eit tidleg tidspunkt i graviditeten meinte klagaren var far til barnet. Desse momenta fell såleis inn under kategori A.

I to saker ser det ut til at blir det spurt innklagde om ho visste at klagaren var gift på det tidspunktet det var ein relasjon mellom dei. I den eine saken går førespurnaden fram på denne måten i innklagde si forklaring: «En gang det av en bekjendt blev stedt tvil om at ikke klageren var en gift mand, sa jeg dette til klageren, men han fremholdt da med bestemthet at saa ikke var tilfælde.»⁹¹ Funksjon til dette momentet ser ut til å ha vore ei avdekking av kvinna sin kunnskap om at klagaren var gift på det tidspunktet då partane hadde ein seksuell relasjon. Dersom ho var klar over at klagaren var i eit ekteskap, kan dette ut frå moralregelen i samfunnet tilseie at ho gjorde eit grovt moralregelbrot ved å ha seksuelt samkvem med han. Informasjonen vil ikkje bidra til å kaste lys over nokon av bevistemaene i føresegna. Ei avdekking av moralregelbrot ser difor ut til å vera den einaste årsaken til at informasjonen er ynskja. Momentet fell såleis i kategori E.

Det kan også sjå ut til at det har vore sentralt å avdekkje om kvinna har vore forlova med klagaren, og dei mennene ho elles har pleia seksuell omgang med. Avdekkinga kan ha vore eit ledd i å finne ut av om det var grunn til å tru at innklagde har hatt samleie med andre menn på graviditetstidspunktet, då ein kan tenkje seg at det er mindre sannsyn for at ho pleia seksuell omgang med andre på graviditetstidspunktet dersom ho var forlova med klagaren på tidspunktet. På den andre sida vil eit spørsmål om ho var forlova med menn ho i fortida har hatt ein seksuell relasjon med ikkje gi informasjon om dette. Spørsmålet kan difor heller tenkjast å ha vore eit ledd i avdekkinga av om kvinna hadde seksuelle relasjonar med menn uavhengig av om det var planar om giftermål. Spørsmålet må ut frå dette bli sett på som eit forsøk på å ljøslegge om det var grunn til å tru at kvinna hadde hatt samleie med andre menn på graviditetstidspunktet. Momentet bidreg såleis også til å avdekkje kvinna sin seksualpraxis. Momentet fell såleis i kategori B.


Kategoriseringa av momenta i dei innklagde sine forklaringar er illustrert nedanfor i den horisontale rekkja med namn **I**. Nummeret på dei momenta som fell i fleire kategoriar er markert med ein parentes i den kategorien som den subsidiært blir sett på å høyre heime i.

⁹¹ Saksnr.:46

Figur 3

Kategori	A				B	C	D	E
	Berre relevans for bevisstema				Relevans for bevisstema og moralregel	Andre relevante føremål i saka	Andre relevante føremål i saka og relevans for moralregel	Ingen relevante føremål i saka, men relevans for moralregel
Sakene	Bevisstema i føresegna					Personaliainformasjon		
	Samleie til «saadan tid»	«saadant samleie»	«iøvrigte omstendigheter»	Truverd	«ikke finde ...grund» til å anta at mora har hatt samleie med andre til «saadan tid»			
I	4,5,6,7, 8,9	(6)		11 12 13	(6),(9), 10	1,2	3	14

Moment i klager sine forklaringar- 30 saker med i undersøkinga:



Nr	Type informasjon	Presisering	Tal saker	Kva saker
1	Formalia	Namn, alder, yrke	30	Alle saker
2	Sivilstand	Gift/ugift	3	11,56,58
3	Barn utanfor/innanfor ekteskap frå før		3	28,56,58
4	Forholdet med innklagde	Korleis møttes dei, når og kor samleie for første gang, kor mange samleie/kor ofte, når fann samleia stad, var samleia fullbyrda	30	Alle saker
5	Om innklagde fortalte klagar om graviditeten		18	0,1,4,3,10,11,13,18,21,26,28,34,35,36,37,50,55,58
6	Karakteristikkar ved innklagde	Påtrengande/lidenskapleg o.l	9	0,1,5,7,2,13,35,56,58
7	Om klagar erkjenner bidragsplikt/farskap		30	Alle
8	Innklagde sin vandel	«Vandel»/ om veit ho har vore med andre menn	11	0,3,4,5,6,10,28,30,34,56,58
9	Særskilt mann/menn klager mistenker at innklagde har hatt samleie med på graviditetstidspunktet		9	1,4,5,7,10,11,13,49,50
10	Kvifor klager slutta å gå med innklagde / evt. kvifor han braut forlovinga		4	0,34,36,37
11	Alkoholbruk	Om innklagde/klager nytta alkohol/om det blei nytta alkohol ved særskilt situasjon	3	10,54,56
12	Blei smitta av kjønnsjukdom			35,10

	av innklagde		2	
--	--------------	--	---	--

Vurdering og kategorisering av momenta i klagarane sine forklaringar:

I klagarane sine forklaringar blir det på same måten som i forklaringane til dei innklagde innhenta formaliainformasjon. Namn, alder og bustadresse er vanleg informasjon om formalia, og fell såleis i kategori C. Sivilstandinformasjon blir også innhenta i nokre av klagarane sine forklaringar: «Thorberg (...), gift men uten barn i sit ægteskab. Har et barn utenfor ægteskab til hvilket som han betaler bidrag...»⁹² Denne informasjonen kjem på same vis som i innklagde sine forklaringar i ein annan kategori enn den fyrstnemnde. Moralregelen kan som vi har sett ha ført til ei fordømming av kvinna dersom ho hadde hatt ein seksuell relasjon til ein mann som hadde familie frå før. Spørsmåla om mannen var gift og hadde barn frå før kan såleis ha bidrege til å kaste lys over eit moralregelbrot frå kvinna si side. Desse momenta fell difor i kategori D.

På same måten som dei innklagde blir klagarane stilt spørsmål om forholdet mellom partane, og om kvinna fortalte klagaren at ho var gravid. Spørsmåla kan ha bidrege til å avklare kva tidspunkt partane hadde samleie på, samt graviditetstidspunktet til kvinna. Momenta kastar ljøs over om partane har hatt samleie til «saadan tid» og «saadant samleie» at klagaren kan vera far til barnet. Dei er på denne måten relevante for bevistemaet og fell i kategori A.

Dersom klagaren nekta for at kvinna hadde informert han om graviditeten, kan dette spørsmålet ha bidrege til å avklare truverda til innklagde. Det kan tenkast å vekka mistanke om kvinna si utnemning av klagaren som far var riktig. Dommarane kan ha sett det som naturleg at kvinna informerte klagaren om graviditeten, dersom ho meinte at han var faren til barnet. Momentet kan såleis også hatt relevans for kvinna si generelle truverd i saka. Eit anna spørsmål som kan ha kaste ljøs over truverda til både innklagde og klagar var om det blei nytta alkohol i særskilte situasjonar. Dersom til dømes klagaren hadde vore full i ein gitt situasjon kan dette ha svekke truverda hans i høve kva som hendte ved den aktuelle situasjonen. Desse momenta er såleis indirekte relevante for bevistemaene og fell i kategori A.

⁹² Saksnr.: 56

Spørsmålet om kvifor klagaren slutta å gå med innklagde ser ut til å hatt til eigenskap å klårleggje om det var nokon særskilt grunn til at klagaren ikkje lenger ville vera saman med innklagde. I nokre tilfelle svarar klagaren at han mistenkte at innklagde var med andre menn, og at han difor ikkje ynskja å vere med ho meir: «Efter nogen tids forløp blev samleiene noget sjeldnere fordi klageren tapte interessen for hende, og begyndte aa bli utrygg paa horvidt hun ogsaa ikke hadde andre forbindelser.»⁹³ Dette momentet kan ha bidrege til ei klårgjering av om det var grunn til å tru at kvinna hadde vore med andre menn på graviditetstidspunktet. Spørsmålet kan likevel nærmast bli sett på som eit leiande spørsmål frå dommarane, der det blir forventat at det var ein særskilt årsak til at partane ikkje lenger gjekk saman, og at det var klagaren som ville avslutte forholdet. Dette kan ein sjå ut frå svara til nokre av klagarane, samtidig som momentet ikkje førekjem i dei innklagde sine forklaringar. Ein kan til tross for dette ikkje påstå at momentet var irrerelevant i høve bevistemaet. I tillegg til relevans for bevistemaet kastar momentet ljøs over kvinna si seksualpraksis og eventuelle moralregelbrot. Momentet fell såleis i kategori B.

Moment som vidare ser ut til å ha hatt til føremål å avdekke om kvinna kan ha vore med andre menn på graviditetstidspunktet er for det første spørsmål om innklagde sin vandel. Det andre spørsmålet er om klagaren mistenker at innklagde har vore med andre menn, og det tredje om klagaren har blitt smitta av kjønssjukdom av innklagde. Det siste momentet førekjem i to forklaringar. I den eine av desse to sakene går momentet fram på følgjande måte:

En 8 dagers tid efter det første samleiet med indklagede merket jeg at jeg var blit syk i mit kjønsorgan. Jeg gik da ogsaa til doktor Halen her i Bergen i den anledning og det viste seg da at jeg hadde faat almindelig dryppert. Da jeg siden i september 1919 kom tilbake til Norge fra Canada ikke hadde pleiet legemlig omgang med nogen andre enn indklagede skjønte jeg at det maatte være hos hende jeg hadde faat denne dryppert og jeg sa da ogsaa dette til hende.⁹⁴

Den låge førekomsten av momentet i sakene kan tale for at klagarane har kome med denne informasjonen på eige initiativ i dei tilfella han har blitt smitta av kjønssjukdom. Føremålet med å gi informasjonen kan ha vore å vise at det var eit sannsyn for at kvinna hadde hatt mange seksualpartnarar, og at ho difor kunne ha vore med andre menn på graviditetstidspunktet. Informasjonen kan vera relevant for bevistemaet, og ein kan difor ikkje

⁹³ Saksnr.: 37

⁹⁴ Saksnr.: 35

seie at dommarane i og med godtakinga av denne informasjonen har teke med irrelevant informasjon. Momentet fell såleis innanfor kategori B.

Til slutt blir det også gitt karakteristikkar av innklagde i nokre av klagarane sine forklaringar. I ei sak viser til dømes klagaren til at innklagde var ei lidenskapleg jente: «I anledning av at innklagede er en ung pike og jeg en eldre mand ønsker jeg at uttale at innklagede var meget lidenskaplig av sig, ja saa meget at det nesten fandt sig som en sykелighet.»⁹⁵ I ei anna sak blir det vist til at innklagde var påtrengande som person: «...kl. la merke til at innklagede var paatrengende, hvilket ogsaa andre konduktører sa var tilfælde...»⁹⁶ Den einaste relevansen denne typen karakteristikkar kan tenkast å ha hatt i saka er å klårleggje om det var grunn til å tru at kvinna hadde hatt samleie med andre menn på graviditetstidspunktet. Relevansen til momentet for ei klårlegging av dette punktet kan diskuterast. Ein karakteristikkk av kvinna vil i liten grad seie noko om ho har hatt samleie med menn. Ein karakteristikkk vil i beste fall berre vera ei subjektiv oppfatning av personen. Ein kan hevde at dommarane har gått for langt i informasjonshentinga om kvinna dersom dei såg dette som relevant informasjon å ha med i dommen. Førekomsten av momentet kan bli sett på som eit utslag av moralregelen og fordømmande haldningar mot kvinna, og momentet vurderast difor til å felle i kategori E.

Kategoriseringa av momenta i klagarane sine forklaringar er illustrert i figuren nedanfor i den horsontale rekkja med namn **K**.


⁹⁵ Saksnr.: 3

⁹⁶ Saksnr.:7

Figur 4

Kategori	A				B	C	D	E
	Berre relevans for bevistema				Relevans for bevistema og moralregel	Andre relevante føremål i saka	Andre relevante føremål i saka og relevans for moralregel	Ingen relevante føremål i saka, men relevans for moralregel
Sakene	Bevistema i føresegna					Personaliainformasjon		
	Samleie til «saadan tid»	«saadant samleie»	«iøvrigte omstendigheter»	Truverd	«ikke finde ...grund» til å anta at mora har hatt samleie med andre til «saadan tid»			
I	4,5,6,7,8,9			11 12 13	(6),(9), 10	1,2	3	14
K	4,5	(4)		(5), 11	8,9,10,12	1	2,3	(6)

Moment i vitneforklaringar – 38 saker med i undersøkinga:



Nr	Type informasjon	Presisering	Tal saker	Kva saker
1	Bekrefting/avkrefting av opplysningar vitne/partar i saken har gitt	Døme: om det stemmer at dei vore på turar i lag o.l	38	Alle
2	Innklagde sitt forhold med andre menn	Om sett ho med andre menn/ om ho pla vera med menn/ om veit ho har hatt samleie med andre menn enn klagar/ om innklagde hatt mykje besøk av menn	36	1,3,4,5,6,7,10,11, 13,18,21,22,23,26, 28,29,30,31,34,35,36, 37,38,42,44,46,49, 50,51,52,53,54,55, 56,57,58
3	Kjennskap til innklagde	Om kjenner innklagde/kor lenge kjent ho/ korleis kjenner ho	35	1,3,4,5,6,7,10,11, 13,18,21,22,23,26, 28,29,30,31,34,35,36, 37,38,42,46,49,50,51 52,53,54,55,56,57,58
4	Vandelen til innklagde	Vandel / om veit eller hørt noko om		0,1,3,4,5,6,7,10,11,


		at innklagde har ufordelaktig vandel	32	13,18,21,22,23,26,28, 30,31,34,35,36,37,42, 44,46,49,50,51,54, 55,56,58
5	Forholdet mellom klager og innklagde	Om såg dei i lag/ om dei var forlova/om inntrykk av forholdet mellom dei	26	0,1,3,5,7,10,6, ,18,23,26,31,34,35,36, ,37,38,42,44,46,50,51, 52,54,55,57,58
6	Generelle karakteristikkar av innklagde	Sett/ hørt noko om ho/ om flink i arbeidet sitt/korleis var som person o.l	23	1,3,4,6,7,10,13,18, ,21,29,30,34,35,36, 38,42,50,51,52,55,56, 57,58
7	Om innklagde har sagt til vitnet at klagaren er far til barnet		22	0,3,4,5,6,10,11,13, 18,29,30,34,35,36, 44,46,49,50,51,52, ,55,58
8	Om vitnet har hatt samleie med innklagde nokon gong	Ofte spurt til vitne som innklagde i sin forklaring har sagt ho har hatt samleie med tidlegare. I tillegg ofte spurt andre mannlige vitne i sakene.	20	1,3,4,10,11,13,18, 21,22,28,30,34,35, ,38,42,46,49,50,54,55
9	Om vitnet snakka med klager	Synes som om spørsmål er søken etter svar på kva klager hadde sagt ifht. det faktum at innklagde var gravid.	18	0,3,4,6,7, 10,11,18, 26,35,46,50,51,54, ,55,56,57,58
10	Kjennskap til klager	Om kjenner klager/kor lenge kjent han/ korleis kjenner han	17	1,4,10,11,21,22,23, 28,30,35,36,42,49, ,50,52,54,57
11	Innklagde sin livsførsel	Livsførsel/om mykje ute om		1,7,10,6,18,21,

		kveldane/om var mykje ute på fornøyelsar	13	,28,30,34,44,54,55,57,
12	Forholdet mellom mannleg vitne og innklagde	Synes som om søkes etter informasjon om innklagde og vitnet har vore i lag meir enn på eit vennskapleg plan.	12	3,4,10,11,13,18, ,21,38,42,46,50,55
13	Tidspunkt for graviditet	Om innklagde sagt noko til vitnet om tidspunktet for graviditeten/ når fekk vitnet kjennskap til graviditeten	10	4,5,7,10,11,13, 36,51,55,58
14	Om innklagde «lettsindig»		10	10,18,21,30,38,46,49 , 50, 51, 53
15	Om innklagde sannferdig		7	6, 10 ,13,29,30,51,58
16	Korleis mannleg vitne fekk kjennskap til at innklagde var gravid/ om innklagde sjølve fortalte vitnet at ho var gravid		7	1,4,10,11,13,34,50
17	Alkoholbruk	Om sett innklagde rusa/ om ho var «drikkfeldig»/ om alkohol blei nytta ved særskilt situasjon	7	10,11,18,30,35,54,56
18	Menstruasjonen til innklagde	Om vitnet veit når innklagde hadde sin siste menstruasjon før graviditeten	5	0,5,23,37,50
19	Jordmor kalla inn som vitne og informerer om fødselen	Når og kor fødselen tok stad, om barnet fødd på termin (om barnet var «fuldbaaret»)	3	0, 49, 52
20	Kjennskap til om innklagde hadde kjønnsjukdom			10,28,53

			3	
21	Om vitnet kan tenke seg at nokon andre enn klagaren kan vera faren til barnet		3	51,54,57
22	Om barnet sin fødsel	Når og kor fødselen tok stad, om barnet fødd på termin (om barnet var «fuldbaaret»)	2	36,52
23	Korleis såg klagaren ut	Info i dei sakene kor klagar ikkje møtt opp/ ukjent adresse o.l	2	29,52
24	Om klager sagt til vitnet at han hadde blitt smitta av kjønnsjukdom av innklagde		2	10,35
25	Om klager sannferdig		2	1,36
26	Om vitnet har kjennskap til det faktum at innklagde har barn utanfor ekteskap frå før	Info. i dei sakene kor innklagde har barn utanfor ekteskap frå før	2	51,58
27	Om vitnet har kjennskap til fedrane til (dei andre) barna til innklagde	Info. i dei sakene kor innklagde har barn utanfor ekteskap frå før	2	56,58

Hyppighet av momenta i vitneforklaringane:

Grafen nedanfor illustrerer gjennomsnittleg prosentiv del av vitna som blei spurt om dei ulike momenta i sakene. Det blir berre sett på moment 1-18 då moment 18-27 har svært låg førekomst i sakene.



Vurdering og kategorisering av momenta i vitneforklaringane:

I partsforklaringane såg vi at det førekom moment som hovudsakleg hadde direkte relevans for bevistemaene. Det vil seie informasjon frå partane som sat på førehandskunnskap om faktum i sakene. Vitneforklaringane er derimot samansett av moment som har indirekte relevans for bevistemaene. Det blir stilt spørsmål til vitna for å avklare kva truverd ein kan ha til partsforklaringane.

Det er for det første ein rekkje moment som direkte bidreg til å avklare truverda til partane. Moment som fell innanfor dette er spørsmål om partane er sannferdige personar. Dette momentet ser ein til dømes ut frå følgjande utsegn: «Innklagede var sannferdig i sine uttalelser saa at der aldrig var nogen misforstaaelser mellom hende [arbeidsgivaren] og innklagede i saa maate...»⁹⁷ I forklaringane til vitna blir det vidare stadfesta særskilte situasjonar eller hendingar som partane har fortalt om. Stadfestinga vil indirekte seie noko om truverda til partane generelt. I tillegg er det også moment som bidreg til å avklare trueverda til informasjonen vitna gir om partane. Spørsmål om kor lenge vitnet har kjent den parten han skal forklare seg om er døme på dette. I ei vitneforklaring blir det i høve dette til dømes uttalt: «V. lærte indklagede å kjende i slutten av febr. eller begyndelsen av mars 1921...»⁹⁸ Lengda for vitnet sitt kjennskap til parten kan ha vore avgjerande for om dommarane la stor eller lita

⁹⁷ Saksnr.: 6

⁹⁸ Saksnr.: 6

vekt på det vitnet kunne fortelje om innklagde eller klagaren. Då spørsmåla vi her har sett berre bidreg til å avklare bevistemaene i saka fell dei i kategori A.

Nokre av vitna må forklare seg om relasjonen mellom partane i saka, og vidare om vitnet har snakka med klagaren om graviditeten. Begge desse momenta kan indirekte ha bidrege til å avklare om partane har hatt sameleie til «saadan tid» at klagaren kan vera faren til barnet. Dei tidspunkta vitna har sett partane vore i lag kan indirekte seie noko om kva tidspunkt partane har hatt samleie. Det tidspunktet vitnet har snakka med klagaren om graviditeten til innklagde kan seie noko om kva tidspunkt klagaren fekk kjennskap til graviditeten. Momenta kan derimot ikkje avdekke seksualpraksisen til kvinna, og dei fell såleis i kategori A.

Det er vidare ein rekkje andre moment i forklaringane som klårgjer graviditetstidspunktet og såleis fell i kategori A. Kjennskap til tidspunktet for innklagde sin siste menstruasjon, informasjon om fødselen av barnet og spørsmål om innklagde fortalte vitnet om graviditetstidspunktet er spørsmål av denne art.

Vidare blir det spurt vitna om innklagde sitt forhold med andre menn, vandelen til innklagde, om innklagde er lettsindig, kjennskap til om innklagde hadde ein kjønssjukdom og om vitnet kan tenkje seg om nokon andre enn klagaren kan vera faren til barnet. Føremålet til alle desse momenta ser ut til å ha vore ei avdekking av kvinna sin seksualpraksis. I høve bevistemaene i føresegna er momenta relevante for om det er grunn til å tru at kvinna har hatt samleie med andre enn klagaren på graviditetstidspunktet. Momenta er samtidig relevante for å avdekke seksualmoralregelbrot, og dei fell såleis i kategori B.

I tillegg til dette førekjem det til vitna, på same måte som til klagaren, spørsmål om karakteristikkar av innklagde. Eksempel på dette er: «...indkl. har alltid paa vidnet git indtryk av at være en ordentlig pike.»⁹⁹. Eit anna døme er: «...indkl. var dygtig og stadig i sit arbejde.»¹⁰⁰ Det førekjem vidare spørsmål om livsførselen til innklagde. Dette ser ein til dømes ut frå utsegn som: «...hun var ikke lenge ute om aftenen»¹⁰¹, «Indkl. har av og til bod hos v., men som regel har de bod hver for sig saa at vidnet ikke kunne følge med i indkl.`s livsførsel.»¹⁰² og «V. vet ikke...hvad indklagede har livnæret seg ved.»¹⁰³. På same vis som momentet som gjeld karakteristikkar kan ein stille spørsmål om livsførselen til innklagde er

⁹⁹ Saksnr.: 4

¹⁰⁰ Saksnr.: 6

¹⁰¹ Saksnr.: 6

¹⁰² Saksnr.: 7

¹⁰³ Saksnr.: 54

relevant informasjon i sakene. Spørsmålet må likevel bli sett inn i den tidsmessige sammenhengen det førekjem i. På 1920- talet kan det ha vore sjeldan at kvinner var ute på fornøyelsar og seint ute om kveldane. Dersom kvinna ofte var ute om kveldane til dømes kan det tilseie at ho kom i møte med ulike menn, noko som kan auke sjansen for at ho hadde samleie med menn. På den andre sida talar ikkje ein slik livførsel i stort mon for at det var grunn til å tru at kvinna hadde hatt seksuelt samkvem med andre menn på graviditetstidspunktet. Sjølv om alt som *kan* vera relevant i ei bevisvurdering kan takast med i ei sak må likevel karakteristikkar og livsførsel ligge utanfor grensa for kva som er relevant å hente informasjon om. Det er ikkje umogleg at negative haldningar mot kvinna med rot i fordommar kan ha medført at dommarane har gått for langt i informasjonshentinga, og at dette er årsaken til spørsmåla. Det kan nærmast sjå ut til at dommarane har bestemt seg for kva «type kvinne» innklagde var, og at dei vil avdekke dette ved å spørje om kvinna sin livsførsel og karakteristikkar. Då det ut frå dette er ein moglegheit for at spørsmåla stammar frå fordommar, og då momenta vurderast til å ikkje vera relevant for bevistemaene fell momenta såleis i kategori E.

Kategoriseringa av momenta i vitneforklaringane er illustrert nedanfor i figur 5 i den horisontale rekkja med namn V. Nummeret på dei momenta som fell i fleire kategoriar er markert med ein parentes i den kategorien som den subsidiært blir sett på å høyre heime i.

Figur 5

Kategori	A				B	C	D	E
	Berre relevans for bevistema				Relevans for bevistema og moralregel	Andre relevante føremål i saka	Andre relevante føremål i saka og relevans for moralregel	Ingen relevante føremål i saka, men relevans for moralregel
Sakene	Bevistema i føresegna					Personaliainformasjon		
	Samleie til «saadan tid»	«saadant samleie»	«iøvrig omstendigheter»	Truverd	«ikke finde ...grund» til å anta at mora har hatt samleie med andre til «saadan tid»			
I	4,5,6,7, 8,9	(6)		11 12 13	(6),(9), 10	1,2	3	14
K	4,5	(4)		(5), 11	8,9,10,12	1	2,3	6
V	5, (7),13,1 8,19,22			1,3,7 ,9,10 ,15,1 7,24, 25,2 6,27	2,4,8,12,14, 16,20,21			6,11

Oppsummering

Gjennomgangen av spørsmåla til vitna og partane viser at dei aller fleste spørsmål dommarane stilte i sakene var relevante i høve bevistemaene i den aktuelle føresegna. Det førekom eit stort tal på spørsmål om seksuallivet til kvinna, som kunne ha relevans for å avdekke om kvinna hadde handla på tvers av seksualmoralen i samfunnet. Desse spørsmåla var relevante for å klargjere eit bevistema i førsegna: om det var grunn til å tru at kvinna hadde hatt samleie med andre menn på graviditetstidspunktet. Det førekom på den andre sida også nokre spørsmål som var irrelevante for bevistemaene i farsbidragsføresegna. Spørsmål om livførselen til innklagde samt karakteristikkar av henne, var spørsmål som blir vurdert til å ha vore utanfor grensa av relevansen av bevistemaene. Det er ikkje umogleg at dommarane kan ha gått for langt i spørsmålsstillinga si på bakgrunn av fordommar mot kvinna. Det blei vidare i nokre saker stilt spørsmål til innklagde om kvinna var klar over at klagaren var ein gift mann. Dette spørsmålet var irrelevant i høve bevisstemaene i sakene, og spørsmålet taler i stor grad for at fordommar mot kvinner som hadde seksuelt samkvem med gifte menn påverka spørsmålsstillinga til dommarane.

2. Fokuset i informasjonsheitinga

Vi har no sett at det i nokon grad førekom spørsmål i sakene som ikkje hadde relevante føremål i dei sett opp mot føresegna, og som difor kan ha stamma frå fordømande haldningar mot kvinna i rettsmøta. Det skal no bli sett på om fokuset generelt i informasjonsheitinga i rettsmøta var relevant i høve det problematiske i dei ved å sjå på kva som faktisk var det problematiske i sakene, kva vitne som blei innhenta, settet med spørsmål som heilskap og fråvær av spørsmål i sakene. Deretter skal det bli føreteke ei vurdering av om fokuset stod i forhold til det problematiske i sakene.

Det problematiske i sakene

Vi såg at det problematiske i standarddommen primært var om partane hadde hatt eit fullbyrda samleie, og subsidiært om innklagde hadde hatt samleie med nokon andre menn enn klagaren på graviditetstidspunktet. Dette var også det problematiske i nokre av dei resterande sakene frå Bergen, men det er i tillegg ein rekkje andre merknadar som blei gjort gjeldande og

som difor medførte variasjon i kva det problematiske var i dei. I dei 58 andre sakene frå Bergen er det i 29 saker klagarane er tilstade. Det er difor i desse det problematiske utrykkeleg går fram, og ein kan dele det inn etter kva klagaren fører fram i sakene:

1. Primært: Klagaren erkjenner verken bidragsplikt eller farskap. Klagar meiner å aldri ha hatt samleie med innklagde.

Døme:

Forholdet er imidlertid at jeg aldrig har pleiet legemlig omgang med indkl., og jeg forstaar ikke hvordan man vil tvinge mig til at ha gjort noget som jeg aldrig har gjort...Jeg tror eg snart nu maa være fri for videre beskyldninger, og jeg lægger trygt saken i rettens haand.¹⁰⁴

Tal på saker: 1

2. Primært: Klagaren erkjenner verken bidragsplikt eller farskap. Klagaren meiner å ikkje ha hatt samleie med innklagde på graviditetstidspunktet:

Døme:

Da jeg saaledes ikke kan si noget sikkert med hensyn til tidspunktet for mit siste samleie med indklagede kan jeg ikke erkjende noget farsskap eller bidragsplikt. Det staar for mig som at det måtte ha vært paa vaarkanten eller sommerkanten at jeg siste gang hadde samleie med indklagede.¹⁰⁵

Tal på saker: 14

I 4/14: Subsidiært: Erkjenner verken bidragsplikt eller farskap. Klager meiner uansett samleiet var ikkje fullbyrda.

I 14/14: Subsidiært/atter subsidiært: Erkjenner ikkje farskap. Klager meiner innklagde har hatt samleie med andre menn på graviditetstidspunktet.

3. Primært: Klagaren erkjenner verken bidragsplikt eller farskap. Klager meiner samleiet ikkje var fullbyrda.

¹⁰⁴ Saksnr.: 36 (Sjå vedlegg for domsnr.)

¹⁰⁵ Saksnr.: 34

Døme:

...Efterpaa gikk kl. og la sig i den kø indkl. benyttet og forsøkte at ha samleie med hende. Han benyttet ikke Condom, men samleiet blev ikke fuldbyrdet da kl. var for beruset.¹⁰⁶

Tal på saker: 6 (I 2 saker førte klagaren fram kondombruk. I 4 saker ført klagaren fram tilbaketrekking før sædavgang)

I 6/6: Subsidiært: Erkjenner ikkje farskap. Innklagde har hatt samleie med andre menn på graviditetstidspunktet.

4. Primært: Klagaren erkjenner bidragsplikt, men ikkje farskap. Klagaren meiner innklagde har hatt samleie med andre menn på graviditetstidspunktet.

Døme:

Kl. uttalte at han antok at indklagede hadde hat samleie med andre mandspersoner end klageren.¹⁰⁷

Tal på saker: 8

Ein ser ut frå dette at det problematiske i sakene hovudsakleg var om aktuelle samleie hadde funne stad på graviditetstidspunktet, om klagaren hadde trekt seg tilbake før sædavgang eller nytta kondom under samleiet, og om innklagde hadde hatt samleie med nokon annan mann på graviditetstidspunktet.

Settet med spørsmål som heilskap

I gjennomgangen av parts- og vitneforklaringane ovanfor såg ein at det generelt var eit stort fokus på å få avdekka om det var grunn til å tru at kvinna hadde vore med andre menn på graviditetstidspunktet. Ein såg vidare at det i forklaringane også var fokus på å få avdekka om partane hadde hatt samleie til «saadan tid» at klagaren kunne vera far til barnet. Dersom ein ser på hyppigheten til momenta i vitneforklaringane var det særleg spørsmålet omandel til innklagde og innklagde sitt forhold til andre menn som i gjennomsnitt blei spurt flest vitne i

¹⁰⁶ Saksnr.: 21

¹⁰⁷ Saksnr.: 23

sakene. I tillegg blei vitna hyppig spurt om forholdet mellom klagar og innklagde. Dommarane hadde etter dette eit stort fokus i sakene å få avdekka samleietidspunkt og om innklagde kunne hatt samleie med andre menn på graviditetstidspunktet.

Vitnetypar i sakene

I sakene kor det førekjem vitneforklaringar hadde i gjennomsnitt 76% av vitna berre, eller i størst grad, kjennskap til innklagde i saka. Med størst kjennskap meinast her relasjonar i form av slektskap eller vennskap, som foreldre, søsken, venninner, kollegaer, eller kontraktbaserte relasjonar som husvert, arbeidsgivar eller liknande. Det var vidare i gjennomsnitt 16% av vitna som berre hadde kjennskap til klager, eller større kjennskap til klager enn innklagde. Til slutt hadde i gjennomsnitt 8% av vitna omtrent like stor kjennskap til både innklagde og klager i saken. Ein ser ut frå dette at ein ynskja flest vinte i sakene som hadde kjennskap til innklagde.

Fråvær av spørsmål

I gjennomgangen av forklaringane i sakene såg ein at det var eitt av bevistemaene som var problematiske i saken som var lite i fokus: spørsmålet om samleiet mellom partane var fullbyrda eller ufullbyrda. Det låge fokuset på dette spørsmålet kan forklarast ut frå at berre partane hadde førstehandskunnskap om dette, og det var difor ikkje nokon hensikt å spørje vitna om samleiet var fullbyrda. På den andre sida kan praksisen til klagaren i høve kondombruk vera eit tema som også vitne kunne hatt kunnskap om. I ein enkeltsak blir eit vitne spurt om dette: : «V. er bekjendt med at kl. har hat Condomer, og kl. har sagt at han har benyttet saadanne, men V. har selvfølgelig ikke kjendskap til kl.`s forhold i dette punkt i hvert enkelt tilfælde.»¹⁰⁸ Det var likevel ikkje kondombruk som i størst grad blei ført fram av klagarane i sakene kor det blei hevda at samleia var ufullbyrda. I dei fleste tilfella kor ufullbyrda samleie blei ført fram var det tilbaketrekking før sædavgang det blei vist til. Då vitner vanskeleg kan seie noko som er bestemmende for truverda til partane i høve om

¹⁰⁸ Saksnr.: 10

samleiet var fullbyrda, er det ikkje umogleg at det har blitt lagt lita vekt på dette bevistemaet i sakene.

Oppsummering og vurdering av fokuset i sakene

Ein har no sett at det i stor grad blei fokusert på kvinna og seksuallivet hennar ved informasjonshevinga i sakene. Vidare blei det fokusert på tidspunkt for graviditeten til kvinna og tidspunkta for samleia mellom partane. Desse temaene var hovudsakleg det problematiske i sakene, og fokuset i dei ser difor til å stå i forhold til dette. Ein ser likevel at det i liten grad blei sett på mannen og truverda hans i høve om samleiet var fullbyrda eller ikkje. Temaet er likevel vanskeleg å kaste ljøs over gjennom vitneforklaringar då vitner normalt vil ha lite kunnskap om dette. Klagaren sin praksis i høve kondombruk kan det tenkast at vitne har hatt informasjon om, men kondombruk blei i liten grad ført fram frå klagaren sitt hold, og var såleis ikkje særleg problematisk i sakene. Fokuset i sakene var etter dette relevant i høve det problematiske i dei, og det store fokuset på kvinna og hennar seksualpraksis i sakene kan ikkje påvisast å stamme frå fordommar.

4.2.2.3 Enkeltsaker

Det har til no blitt sett på tendensar i sakene ut frå undersøking av momenta og fokuset i dei. Det skal i det følgjande bli sett på moment i enkeltsaker. Dersom enkeltsaker har variantar av moment som ein fann i fleire saker, kan dette støtte opp om at informasjonen har vore sentral for dommarane å hente inn. Funn av denne typen kan gi større belegg for å hevde at det førekom tendensar i sakene. Då ein er på leit etter om fordommar kan ha påverka rettsbruken er det særleg interessant å sjå etter moment som ikkje hadde anna føremål i saka enn å avdekke seksualpraksisen til kvinna. Vi såg i gjennomgangen ovanfor at kvinna i nokre tilfelle blei spurt om ho hadde kjennskap til at klagaren var gift, og at dette momentet ikkje hadde anna openbart føremål i sakene enn å avdekke seksualpraksisen og moralregelbrot av kvinna. I ein rekkje enkeltsaker ser ein variantar av dette momentet. Det skal her bli sett litt nærmare på desse enkeltsakene og dei aktuelle momenta.

Den første enkeltsaken er sak nr. 51. Kvinna som er innklagd har tidlegare fått eit barn utanfor ekteskap. I det nedskrive frå forklaringa hennar går det fram at: «...indkl. kjendte ikke saa meget til manden at hun kan si om han var gift eller ikke.». «Manden» det her er tale om

er ikkje klagaren i saken, men det er far til hennar første barn utanfor ekteskap. Litt lenger ute i forklaringa står det at innklagede «undlot at besvare det av adm. paany stillede spørsmål om hvorvidt hun kjente til at Ole (...) var gift da hun blev besvangret av han.». Utdraga frå saka viser at innklagde blei spurt to gonger om mannen som var far til hennar første barn var gift eller ikkje, og vidare om ho visste om dette då ho hadde ein relasjon med han. Ein ser at dommarane etter forholda har hatt eit stort fokus på å få avdekka om kvinna har hatt seksuelt samkvem med ein mann som var gift.

Den neste saka kor ein finn variantar av momentet er i sak nr. 46. I saka førekjem først og fremst moment nr. 14 i vitneforklaringane ut frå følgjande utsegn:

Da det av en bekjent ble stedt tvil om at ikke klageren var gift mand, sa jeg dette til han som have med bestemthet fremholdt at saa ikke var tilfælde. Likesom han en dag hadde en kamerat med sig...forat bekreftede ovenfor mig at saa ikke var tilfælde.

Det interessante vidare i saka er at mora til innklagde også blir spurt om klagaren var gift:

...indkl. har fortalt hende, at han hadde med sig en kamerat ved en leilighet som skulde bevidne at han ikke var gift. Dette nevnte indkl. for vidnet en gang før jul, og vidnet spurte da kl. om han var gift, og bad ham i tilfælde holde sig væk fra indkl. og ikke gjøre hende ulykkelig. Kl. benektet ogsaa ovenfor hende at være gift.

Det er berre i denne saka eit vitne blir spurt om klagaren var gift. Det ser ut til at dommarane vil prøve truverda til innklagde då ho nekta for at klagaren var gift. Denne enkeltsaka indikerer difor også eit stort fokus, i og med spørsmålet til vitnet, på å få avklart om kvinna hadde kjennskap til at klagaren var gift.

Den tredje saka som er aktuell å sjå nærmare på er sak nr. 56. I saka er det streka under eit bekreftande svar frå klagaren på at han var gift på dåverande tidspunkt. I tillegg blir det opplyst frå klager kva tidspunkt han blei gift på: «Kl. opl. ...at han blev gift den 4. nov 1921». Det er ut ifrå dette klart at dommarane også i denne saka har sett på informasjonen om at klagaren var gift og kva tidspunkt han var gift som relevant og viktig informasjon i saka.

Oppsummering og vurdering

I gjennomgangen av dei innklagde sine forklaringar førekom det spørsmålet til kvinna om ho kjente til at klagaren var gift i to saker. Førekomsten var liten for å kunne konkludere med at fordommar påverka spørsmålsstillinga til dommarane. Variantar av momentet i enkeltsakene gir likevel støtte for at det kan ha vore fordommar bak desse spørsmåla. Utsegna i sak

nummer 51 gir særleg sterk støtte for dette då det overhovudet ikkje var relevant for saka å klårere om kvinna visste om faren til hennar første barn var gift. Til tross for irrelevansen til momentet i saka spurte dommarane kvinna dette spørsmålet to gonger. Det er ut ifrå dette stort sannsyn for fordommar påverka spørsmåla til dommarane i rettsmøta i saker kor kvinna hadde hatt ein seksuell relasjon med ein gift mann.

4.3 Domspremissane og resultatata i sakene

Vi har no sett at fordømmende haldningar kan ha påverka dommarane si handsaming av farskapssakene i rettsmøta. Det er likevel ikkje berre i rettsmøta desse haldningane kan ha spela ei rolle då også bevisvurderinga i sakene og resultatata kan ha blitt påverka av dei. Det skal no bli føreteke ei undersøking av domspremissane og resultatata i sakene for å finne ut av om ei slik påverking kan ha funne stad. Det skal først bli sett på metoden som skal nyttast for å undersøke premissane og resultatata. Deretter skal resultatata i dommane frå Bergen og Midthordaland og domspremissane i sakene frå Midthordaland bli undersøkt. Det er som tidlegare nemnd berre i sakene frå Midthordaland at premissane går uttrykkeleg fram i sakene, og det er såleis berre i desse ein kan undersøke domspremissane.

4.3.1 Metode

1) Undersøking av resultatata

Det er i første omgang resultatata i sakene som må undersøkast for å vurdere om fordommar påverka bevisvurderinga og resultatata i dei. Ein må sjå om resultatata i sakene overhovudet var ufordelaktig for kvinna. Dersom det til dømes blei dømt til farskap i alle sakene kan dette tilseie at fordommar ikkje påverka verken bevisvurderinga eller resultatata i avgjerande grad. Motsett vil ei frikjenning av klagaren og såleis eit resultat i kvinna si disfavour i alle sakene kunne indikere ein unøytral rettsbruk, og såleis at fordommar påverka bevisvurderinga og resultatata i dei. Det er ikkje berre der klagaren blei frikjent frå bidragsplikt og farskap at resultatata kan seiast å ha vore ufordelaktig for kvinna. Resultatet kan også seiast å ha vore i disfavour av henne i saker kor mannen erkjente bidragsplikt, men samtidig blei frikjent frå farskap. I begge tilfella har retten hatt større tiltru til klagaren si forklaring opp mot innklagde

si forklaring. I saker kor klagaren verken erkjente bidragsplikt eller farskap, men blei idømt bidragsplikt har retten hatt delvis størst tiltru til klagar og delvis størst tiltru til innklagde. Resultata kan såleis ikkje seiast å ha vore i disfavour av kvinna i desse tilfella.

2) Undersøking av domspremissane

Dersom det var ufordelaktige resultat for kvinnene i sakene, betyr likevel ikkje dette automatisk at resultata blei til på bakgrunn av fordommar mot kvinna og såleis ei motvilje mot å dømme i hennar favør. Det er i domspremissane ein får kunnskap om kva moment dommarane la avgjerande vekt på i bevisvurderinga, og det er difor desse ein må undersøke vidare for å kunne argumentere for at fordommar påverka bevisvurderinga og resultata. Ein må sjå om grunngevingane i dommane var legitime. Ei grunngeving vil vere legitim det det er lagt vekt på moment som er relevante i høve truverda til den parten det blir dømt i favør av. Dersom grunngevinga ikkje er relevant for ei truverdvurdering kan det tenkjast at grunngevinga i realiteten har blitt påverka av subjektive forhold. Fordommar kan vera ei slikt subjektiv forhold, og ein må i eit slikt tilfelle undersøke domspremissane nærmare for å finne ut kva forhold som kan ha påverka bevisvurderinga.

Domspremissane vil likevel ikkje åleine vera kjelda til kunnskap om fordommar kan ha påverka rettsbruken i sakene. Eivind Kohlflaath viser til i si bok «Bevisbedømmelse i praksis» at domspremissane berre git eit innblikk i bevisbedømminga:

Til en viss grad gir domstekster...et innblikk i selve bevisbedømmelsen... Likevel må man ha i tankene at domsteksten er skrevet etter avgjørelsen er tatt, og at teksten er rettens forsøk på å rettferdiggjøre resultatet. Generelt kan domspremissene ikke fullt ut betraktes som en rapport om bevisbedømmelse i den konkrete saken.

Han viser vidare til at det kan tenkast at moment kan ha vore med ei bevisvurdering sjølv om dei ikkje går uttrykkeleg fram av domspremissane:

...[Det kan tenkes] at enkelte momenter som i realiteten veier tungt i vurderingene, ikke inkluderes i domspremissene- for eksempel fordi forfatteren av domsteksten, og eventuelt andre medlemmer av retten, mener at det ikke ville tatt seg godt ut å ha dem med. *Fraværet* i domstekster av visse argumenttyper gir derfor ikke grunnlag for å konkludere med at disse ikke er i spill når bevisbedømmerene tar stilling til faktumsspørsmålet.¹⁰⁹


Det er såleis viktig å merke seg at det kan ha vore andre moment med i bevisvurderinga enn det som går fram av domspremissane, men då det er domspremissane ein får kunnskap om i det nedskrive i sakene er det likevel desse som blir sett på i denne undersøkinga.


¹⁰⁹ Kohlflaath, Eivind, *Bevisbedømmelse i praksis*, Fagbokforlaget, Bergen 2013, s. 28-29

4.3.2 Undersøking av resultata og domspremissane i sakene

Det skal no bli sett på resultata i sakene frå Bergen og Midthordaland, og føreteke ei vurdering av resultata. Deretter vil det bli sett på domspremissane i sakene frå Midthordaland, og det vil bli vurdert om domspremissane var legitime i høve det problematiske i dei.

1) Resultata i sakene





Ein ser at det både i sakene frå Bergen og i sakene frå Midthordaland blir dømt i favør av innklagde og i favør av klager. I sakene frå Bergen har retten hatt størst tiltru til klagaren si forklaring i 39% av sakene og størst tiltru til innklagde i 61% av sakene. I Midthordaland har retten hatt størst tiltru til klagar i 32% av sakene, og størst tiltru til innklagde i 68% av sakene.

Resultata viser at retten generelt har hatt større truverd til dei innklagde enn til klagarane i sakene. Dersom fordømmar påverka bevisvurderinga og resultata i sakene, tilseier desse tala at fordømmar ikkje alltid har vore avgjerande, og at det truleg har vore unntaket framfor regelen at fordømmar har spela ei avgjerande rolle, dersom dei i det heile teke har funne stad. Resultata kan tale for at det skulle noko meir til enn å få barn utanfor ekteskap før fordømmar blei aktivert mot kvinna og påverka bevisvurderinga i avgjerande grad. Det tilfelle at det blei idømt i generelt større grad i favør av kvinna enn mannen treng likevel ikkje å bety at fordømmar ikkje har påverka bevisvurderinga og resultata, då dei kan tenkast å ha påverka bevisvurderinga i dei sakene kor det faktisk blei dømt i disfavour av kvinna.

2) Domspremissane i sakene

Då resultata åleine ikkje kan gje nokon avgjerande peikepinn på om fordømmar mot kvinna påverka bevisvurderinga og resultata, skal det no bli sett på kva grunngjevingane til retten var i sakene kor det blei dømt i disfavour av henne. Kva grunngjeving som vil vera legitime i den enkelte sak, varierer ut frå påstandsgrunnlaget til klagarane i sakene. Påstandsgrunnlaget vil

vera bestemmande for kva som var det problematiske i sakene, og dermed også for kva type moment som kan ha vore relevante for å styrke eller svekke truverda til klagar eller innklagde. I saker kor klagaren er blitt frikjent for både farskap og bidragsplikt ser ein to typar merknadar frå klagaren: 1) at han aldri har hatt seksuelt samkvem med innklagde, og 2) at han ikkje har hatt samleie med innklagde på graviditetstidspunktet. I saker kor klager har erkjent bidragsplikt, men er blitt frikjent for farskap, ser ein også to typer merknader 1) at han ikkje kan idømmast farskap grunna at samleiet på graviditetstidspunktet ikkje var fullbyrda, og 2) at han mistenker at kvinna har hatt samleie med andre menn på graviditetstidspunktet.

Vi skal først sjå på domspremissane i den førstnemnde sakstypen kor klager er blitt frikjent få både bidragsplikt og farskap. Deretter skal vi sjå på grunngjevingane i den andre typen saker kor klager erkjenner bidragsplikt, men blir frådømt farskap.

Domspremissane i saker kor klagarer blitt frikjent frå farsskap og bidragsplikt

I sakene kor klager er frikjent frå både bidragsplikt og farskap på bakgrunn av ei forklaring om at han aldri har hatt samleie med innklagde, har retten i nokre av sakene grunngjeve resultatet med at vitneprova ikkje støtter innklagde si forklaring om at partane har hatt samleie. Det blir vist til at vitna ikkje har lagt merke til at det har vore noko relasjon mellom partane, og at vitneprova med dette støtter klagaren si forklaring. I sak nr. 9/1923 ser vi til dømes denne grunngjevinga i domspremissane:

Retten skal bemerke at den ikke finner det bevist at partene idetheletat har hat samleie. Man har her kun indklagedes egen forklaring. Riktignok finnes det i Emilie (...) [vitne] forklaring ting som kan tyde paa at det bestod et forhold partene imellom, men hendes og indklagedes forklaring forekommer...dog å være et altfor svakt grundlag til å begrunde et bevis for at partene har hat samleie spesielt under hensynstagen til et forhold som det her paastaatte under de av indklagedes oplyste omstendigheter vil neppe kunde foreligge utan at ogsaa nogen av de øvrige avhørte vidner maatte ha iaktatt noget som kunde tyde paa et saadant forhold.

I nokre av sakene blir frikjenninga i tillegg grunngjeve med at forklaringa til klagaren var sikker og bestemt, at klagaren gjorde eit sannferdig inntrykk i retten, og/eller på den andre sida at innklagde si forklaring var vaklande og ubestemt. Dette viser retten til i til dømes dom nr. 14/1926:

Retten finner ikke grunn til å gi dom for bidragsplikt eller farskap. Innklagedes egen forklaring har vært meget vaklende og ubestemt. Dette er uttrykkelig uttalt av administrator i retsmøtet 20/12-1926 og

stadfestet av retsvidnerne. Hun har heller ikke til jordmoren kunne opgi noget tidspunkt for besvangrelsen. På den annen side har klageren i retten gjort et avgjort sikkert inntryk.

Ut frå dette ser ein at retten grunngir tiltrua den har til klagaren med at forklaringa hans har støtte i vitneprov, og vidare med at forklaringa isolert sett har ein karakter som gjer den truverdig.

Eit anna støttemoment som det vidare blir vist til i nokre av desse sakene er at innklagde si forklaring om hennar sedskapsvandelen ikkje ser ut til å vera pålitelig. I nokre av sakene viser retten til opplysningar om at innklagde skal ha hatt forhold med menn, som ho ikkje har opplyst om i si forklaring. Retten meiner det ut ifrå dette ikkje kan bli sett bort ifrå at innklagde si forklaring i saka er ukorrekt. I andre saker kor klagaren blir frikjent på bakgrunn av påstand om at han aldri har hatt samleie med innklagde viser retten til at vitneprova ikkje støtter verken innklagde si forklaring eller klagar si forklaring. Ein står då berre att med partane sine forklaringar, og retten påpeikar at det må noko meir til enn innklagde si forklaring åleine for å kunne idømme farsbidrag. Klagaren må difor frikjennast.

I tilfelle der klagaren har ført fram at han ikkje har hatt samleie med innklagde på graviditetstidspunktet, og kor han har blitt frikjent, er frikjenninga i nokre tilfelle grunngeve med at det har blitt bevist at innklagde har hatt samleie med ein annan mann på graviditetstidspunktet. Dette taler såleis for at klagaren si forklaring er korrekt, og at han må frikjennast. Eit anna moment retten viser til er at innklagde har forklart seg ukorrekt i saken om sine relasjonar til andre menn, eller at ein ser ut frå vitneforklaringane at innklagde har forklart seg ukorrekt på punkt som gjeld hennar forhold til klagaren.

I dei fleste av sakene kor klagaren har ført fram at han ikkje har hatt samleie med innklagde på graviditetstidspunktet er partane usamde om samleietidspunktet. I andre saker er partane samde om samleietidspunktet men usamde om kva tidspunkt kvinna blei gravid på. Der det sistnemnde er det problematisk i sakene, og klager er blitt frikjent, er grunngevinga til retten at samleietidspunktet partane er samde om ikkje var tidspunktet innklagde blei gravid på. Retten viser i desse tilfella til vurderingar føreteke av fagkyndige av kva tidspunkt barnet må ha blitt unnfanga på. I dom nr. 21/1923 blir det vist til dette: «...den sakkyndige har uttalt at han anser det som usandsynlig og nærmest stridende mot naturens orden aa anta at barnet skulde være frukten av samleiet 5. august 1922.»

Domspremissane i saker kor klager har erkjent bidrag, men er blitt frifunne for farskap

I saker kor klagaren erkjenner å ha hatt samleie med innklagde på graviditetstidspunktet, men blir frikjent for farskap, fører han i nokre av sakene primært fram at det aktuelle samleiet ikkje var fullbyrda. Klagarane i nokre av desse sakene påstår at dei trakk seg tilbake før sæduttømming, og i andre saker påstår dei å ha nytta preventive middel. I samtlege av desse sakene viser retten til at ein ikkje kan leggje avgjerande vekt på klagaren sin merknad om at samleiet ikkje var fullbyrda. I ei sak blir det i så tilfelle vist til at: «Den insigelse at samleiene ikke har vært fuldbyrdet finder retten ikke at kunne tillægge nogen betydning hvad der gjælder bidragsplikt, hvorfor klagerens plikt til at betale oppfostringsbidrag anses at være paa det rene.»¹¹⁰ Retten grunngir frikjenninga frå farskap i desse sakene med at det er omstende i saken som taler i retning av at det ikkje berre er klagaren som kan vera faren til barnet.

I dei resterande sakene kor klagaren erkjenner bidragsplikt og blir frikjent frå farskap, er merknaden til klagaren i at han mistenker at innklagde har vore med andre menn på graviditetstidspunktet. I sakene kor dette blir ført fram, og klagaren blir frikjent, blir såleis dette grunngjeve med at retten ikkje kan ha fullstendig tiltru til innklagde si forklaring om at ho ikkje har hatt samleie med andre menn på graviditetstidspunktet.

Omstende det blir vist til i grunngivinga for at retten ikkje har tiltru til innklagde si forklaring er blant anna at partane hadde samleie etter kort tids kjennskap. Til dømes blir det i ei sak vist til at partane hadde samleie dagen etter at dei møtte for fyrste gong. Den omstenda at innklagde innlot seg i kjønnsleg omgang med ein framand mann kunne ifølgje retten vera eitt moment av fleire i saka som talte i retning av at det ikkje berre var klagaren som kunne vera faren til barnet:

Det foreligger dog opplysninger om omstendigheter som gjør det tvilsomt om den opgivne far er barnets far. Dom for farskap vil derfor ikke kunne gives. Saksøkte blev tiltalt av saksøkeren en kveld paa gaten og var allerede neste kveld om bord hos ham og hadde samleie med ham og fleire end disse to ganger har de ikke vært sammen. Hun har saaledes saa åsi med det samme innlatt sig i kjønslig forbindelse med en helt fremmed sjømann.¹¹¹

Grunngjevinga må tolkast som at retten meinte at innklagde hadde lett for å inngå kjønnslege relasjonar med menn, og at det difor ikkje kunne utelukkast at ho også hadde hatt samleie med andre menn enn klagaren rundt graviditetstidspunktet. I sakene kor dette har vore

¹¹⁰ Saksnr.: 2/1925

¹¹¹ Saksnr.: 7/1924

grunngevinga for å ikkje idømme farskap har det også i nokre saker blitt vist til at innklagde påstod å ha gjort motstand mot samleiet, men at retten ikkje kunne ha tiltru til dette. I den eine saka blir det vist til at retten ikkje hadde tiltru til at motstanden hennar var av særleg sterk art då det er på det reine at partane hadde samleie to gonger med kort tids mellomrom: «Den omstendighet at hun 2 gonger med kort mellomrom hadde samleie med klageren gjør det mindre sandsynlig at den motstand hun paastaar at ha gjort var av nevneverdig betydning og alvorlig.»¹¹² Utsegnet kan tolkast på to måtar. Retten kan for det første ha meint at kvinna hadde lett for å inngå seksuelle relasjonar ved at ho ikkje hadde gjort motstand i den aktuelle situasjonen. På den andre sida kan retten ha meint at innklagde ikkje snakka sant i forklaringa i og med påstanden om at ho gjorde motstand, og at dette difor gjorde forklaringa hennar mindre truverdig også på andre punkt.

I ei anna sak kor retten frikjente klagaren på bakgrunn av same grunngeving som ovanfor viste retten til at innklagde straks var villig til å ha samleie med klagaren på slutten av festen kor partane møttes for fyrste gong, og vidare at ho sjølv kledde av seg i senga kor klagaren låg naken ved sidan av ho:

...retten finner...ikke grunn til å gi dom for farskap. Retten finner nemlig at der foreligger omstendigheter som gjør det tvilsomt om den oppgitte far er barnets far. Der lægges således væsentlig vekt paa at innklagede har erkjent at hun natten efter festen...hvor hun blev kjent med klageren- straks var villig til samleie- selv kledde av sig- og dette mens en gut laa naken i sengen ved siden i samme rom. Innklagede hade ved anledningen ikke drukket noget berusende.¹¹³

I ein tredje sak med lik grunngeving blir det vist til at ho tidlegare hadde hatt samleie med ein mann etter kort tids kjennskap ,og at klagaren var framand på staden, og såleis ein framand mann for ho:

Imidlertid har saksøkte selv oplyst at hun en gang tidliger har staat i forhold til en mann og flere ganger hat samleie med han utan at det var nogen nærmere forbindelse mellom hende og denne person som var en fremmed her på stedet. Dette er efter rettens mening en omstendighet som taler sterkt imot hende og som gjør det tvilsomt om saksøkeren er barnets far. Retten finder derfor kun å kunde gi dom for bidragsplikt.¹¹⁴

I andre saker grunngir retten frikjenninga frå farskap med at vitneforklaringar har avslørt at innklagde har hatt samleie med andre menn på graviditetstidspunktet. Det er her menn som

¹¹² Saksnr.: 239/20

¹¹³ Saksnr.:1/1927

¹¹⁴ Saksnr.: 22/1927

har innrømme samleie med innklagde på graviditetstidspunktet, og det er difor klart at også andre menn kan vera far til barnet, og at ein ikkje kan idømme klagaren farskap.

Retten viser i nokre av sakene til at dei ikkje har tiltru til innklagde si forklaring då det gjennom vitneforklaringane er kome fram at innklagde har hatt forhold med andre menn tidlegare som ho ikkje har opplyst om. Dette talar såleis i retning av at innklagde ikkje er pålitelig i sine forklaringar i «seedelige henseende». Retten påpeiker at innklagde hadde vore atterhalden i si forklaring i høve hennar relasjonar med andre menn, og at dette har svekka retten si tiltru til innklagde. I ein del av sakene har innklagde på den andre sida sjølv innrømme samleie med andre menn på graviditetstidspunktet, og det er difor klart i desse sakene at også andre menn enn klagaren kan vera faren til barnet.

I saker kor innklagede har fått barn utanfor ekteskap tidlegare er dette også eit moment som blir nytta som ein del av grunngevinga for at det føreligg omstende som kan tilseie at også andre kan vera far til barnet. Dette er likevel berre eitt av fleire moment i dei aktuelle grunngevingane. I ei sak blir det i grunngevinga vist til at innklagde hadde born utanfor ekteskap frå før, at ho tidlegare hadde hatt kjønssjukdom og at klager som var 4 år yngre en henne har gjort eit betre inntrykk i retten enn henne. Til saman var dette moment som talte for at andre enn klagaren kunne vera far til barnet:

Ved spørsmålet om klageren ogsaa skal dømmes som barnets far er at ta i betraktning at der intet positivt er oplyst om at indklagede paa den antagelige besvangrelsestid har hat med andre end klageren at gjøre, paa den anden side er at ta i betraktning at indklagede som har barn i sit tidligere egteskap ogsaa har et barn fra før av utenfor egteskapet samt at hun i 1921 led av venerisk sygdom og samme aar hadde samleie med en 3dje person... Under hensynstgaen hertil og i betraktning av at klageren som er 4 aar yngre end indklagede for retten har gjort et langt bedre indtryk end henne paa retten, drister retten sig ikke til at dømme klageren til at virkelig være barnets far.¹¹⁵

Oppsummering og vurdering av grunngevingane

I sakene kor det problematiske er om partane har hatt samleie overhovudet eller på graviditetstidspunktet ser ein at retten først og fremst grunngir resultata med at vitneforklaringar har støtta klagar sin forklaring om at det ikkje har førekomme samleie mellom partane på graviditetstidspunktet. Dette må seiast å vera ei legitim grunngeving av resultata då det er vitneforklaringane som er bevisa i sakene. Når det gjeld spørsmålet om

¹¹⁵ Saksnr.: 10/1926

klagaren skal idømmast farskap der han har erkjent bidrag ser vi at det blir vist til moment som kan kaste ljøs over om det er grunn til å tru at ho har vore med andre menn, som også er bevistemaet, og difor ved første augekast ser ut til å vera relevante og legitime domspremissar.

Momenta som retten nyttar for å grunngi at dei ikkje kan ha fullstendig tiltru til innklagde si forklaring om at ho ikkje har vore med andre menn er i seg sjølv relevante, men nokre av dei ser likevel ikkje ut til å gi særleg stor støtte til at innklagde kan ha vore med andre menn. Til dømes der det retten viser til eitt enkelt moment, at innklagde tidlegare hadde hatt samleie med ein framand mann, kan ikkje seiast å gi særleg stor støtte til at ho også kan ha hatt samleie med ein annan mann enn klagaren på graviditetstidspunktet. Det kan difor sjå ut til at nokre av desse momenta er ei grunngjeving av moralregelbrot framfor bevistemaet. På den andre sida har føresegna ein låg terskel for at bevistemaet skal vera oppfylt i og med ordlyden «grund til å anta». Det er vanskeleg å seie kor grensa går for kva som fell utanfor denne låge terskelen. Det ser ut til at alt som kan gi grunn til å tru at kvinna kan ha hatt samleie med menn utanfor ekteskap er tilstrekkelig til at ein må sjå bevistemaet bevist. Ut ifrå dette må grunngjevingane i sakene bli sett på som legitime og tilstrekkelig relevante etter føresegna for å ikkje idømme farskap i sakene.

5 Konklusjon

Det førekom haldningar i forkant av 1982- lova som kan tilseie at det var fordømmende haldningar i samfunnet mot kvinner som fekk barn utanfor ekteskap på denne tida. Desse haldningane såg likevel ut til å vera meir unntaket enn regelen blant dei som uttalte seg i forarbeidsdiskusjonen, og i forkant av 1915-lova gjorde ikkje haldningane seg særleg synlege i diskusjonen lenger. Derimot vekka dei nye forslaga, om namne- og arverett til barn som var fødd utanfor ekteskap, til live haldningar som gjekk i same lei som dei ein såg i forkant av 1892-lova. Det såg ut til at dei fordømmende haldningane mot kvinna i denne diskusjonen hovudsakleg gjaldt kvinner som hadde hatt seksuelt samkvem med gifte menn. Ut frå forarbeidsdiskusjonen kan ein tenke seg at det var ein moralregel i samfunnet som gjekk ut på at kvinna ikkje skulle ha seksuelt samkvem utanfor ekteskap, og i alle fall ikkje med gifte menn.

I rettsmøta i sakene var det dommarane som hadde ansvaret for informasjonshentinga, og forholda låg med dette til rette for at subjektive haldningar hjå dommarane lett kunne påverke handsaminga av sakene. Informasjonshentinga som blei føreteke, avslørte eit stort fokus på kvinnene i sakene. Ein var særleg oppteken av å avdekke seksualpraksisen til kvinnene. I utgangspunktet kunne dette sjå ut til å vera ei uttrykk for fordømmende haldningar mot kvinner som fekk barn utanfor ekteskap.

Det problematiske i sakene og den aktuelle førsegna som blei nytta gjorde likevel at fokuset i informasjonshentinga var både relevant og nødvendig i dei. Dette betyr likevel ikkje at atmosfæren i rettsmøta var heilt fri for fordømmende haldningar mot kvinnene. Undersøkinga av relevansen til dei enkelte spørsmåla dommarane stilte i sakene viste spørsmål som kan vurderast som både inngripande ovanfor kvinna og irrelevant i sakene. I saker kor innklagde hadde hatt samleie med gifte menn spurte dommarane inngåande spørsmål til kvinna om ho hadde kunnskap om sivilstanden til mennene på det tidspunktet dei hadde hatt ein seksuell relasjon. Sivilstanden til mannen var irrelevant for sakene og av den grunn kan ein tolke spørsmåla som uttrykk for dei same fordømmende haldningane mot kvinner som fekk barn med gifte menn som ein såg i forarbeida til 1915-lova.

Resultata i sakene viste at det oftare blei dømt i favør av kvinnene enn i favør av mennene. Dette kan tilseie at eventuelle fordommar mot kvinna ikkje fekk avgjerande betydning for resultata i sakene. På den andre sida kunne fordommar likevel ha påverka resultata i dei dommane kor det faktisk blei dømt i disfavour av kvinna. Ei nærmare undersøking av domspremissane til retten viste likevel ingen påviselege spor av at fordommar påverka bevisvurderinga og såleis resultata i sakene ved at grunngjevingane var relevante ut frå det problematiske i dei og i høve bevistemaene i den aktuelle føresegna. Ein kan difor ikkje konkludere med at det blei dømt i disfavour av kvinnene på grunn av fordommar mot henne.

Etter dette ser det ut til at fordømmende haldningar i samfunnet mot kvinna som fekk barn utanfor ekteskap ikkje var sterke nok til å påverka rettsbruken i avgjerande grad på 1920-talet. Det kan sjå ut til at dei 152 åra med farsbidragsføresegna hadde medført ei bleiking av dei fordømmende haldningane i samfunnet mot kvinner som fekk barn utanfor ekteskap, men at det framleis var sterke fordommar mot kvinner som hadde seksuelt samkvem med gifte menn.

Litteraturliste

Forarbeid

Forhandlinger i Odelstinget (nr. 45-47), 28. mai-30. mai – ang. Lov om Underholdningsbidrag til uægte Børn, 1892

Forhandlinger i Odelstinget (nr. 60 og 62), ang. Lov om Forandr. i Arveloven, 3. juni, 1892

Ot.prop. nr. 10 (1892)

Ot. prp. nr. 13 (1909)

Stortingstidende 1915, bind 8 II, Forhandlinger i Lagtinget, 27-28. januar, 2. februar og 3.mars

Lover

Lov om Børn, hvis Forældre ikke har indg. Ægtesk. m. hinanden, 6.juli, nr. 4, 1892

Lov om barn, viss foreldre ikke har indgaat egteskap med hverandre, 10. april, nr.3, 1915

Lov om rettergangsmaaten for tvistemaal, 13. aug., nr. 6, 1915

Kjelder fra internett

http://snl.no/fordom%2Fhermeneutisk_metode

<http://www.regjeringen.no/en/dep/ud/kampanjer/refleks/innspill/engasjement/vetlesen.html?id=492751>

<http://www.kildenett.no/portal/artikler/2007/barnelovene>

<http://www.fortid.no/tidsskrift/2014/02/de-sosiale-saker-krever-sin-plass-opprettelsen-av-sosialdepartementet-i-1913/>

<http://snl.no/banelovgivning>

Litteratur

Eliassen, Jørgen og Sogner, Sølvi (red.), *Bot eller bryllup, ugifte mødre og gravide bruder i det gamle samfunn*, Universitetsforlaget 1981

Hagerup, Francis, *Forelæsninger over den norske civilproses*, H.Aschehoug & co,s forlag, Kristiania 1895

Holthe, Berit Marion, *Et norsk førsteskritt i rettsutviklingen, Forbedringer i barn født utenfor ekteskaps rettsstilling etter de Castbergske barnelover av 1915, med særlig henblikk på retten til navn og arv etter faren.-Argumentasjon og forutsetning for likestilling*, Stensilserie, Institutt for privatrett, Universitetet i Oslo, Oslo 1986

Kolflaath, Eivind, *Bevisbedømmelse i praksis*, Fagbokforlaget, Bergen 2013

Seip, Anne Lise, *Sosialhjelpstaten blir til Norsk sosialpolitikk 1740-1920*, Gyldendal Norsk forlag, Oslo 1994

Sunde, Jørn Øyrehagen, *Speculum legale- rettsspegelen*, Fagbokforlaget, Bergen 2005

Sunde, Jørn Øyrehagen, *Den juridiske komedien*, Fagbokforlaget, 2007, Bergen

Sunde, Jørn Øyrehagen og Skodvin, Knut Eidar (red.), *Rendezvous of European Legal Cultures*, Fagbokforlaget, Bergen 2009

Oppslagsverk

Norges statskalender 1892

Lister over tabeller, figurer o.l.

Vedlegg 1

Oversikt over domsnummer på sakene frå Bergen fra 1921:

<i>Saksnr. på dommen i oppg.:</i>	<i>Dosmnr.til dommen i Statsarkivet:</i>
0	53
1	54
2	61
3	89
4	64
5	66
6	69
7	70
8	72
9	75
10	74
11	81
12	83
13	86
14	87
15	65

16	112
17	58
18	106
19	101
20	117
21	118
22	120
23	122
24	123
25	116
26	115
27	114
28	113
29	96
30	92
31	90
32	91
33	ukjent
34	16
35	11
36	12

37	14
38	7
39	6
40	13
41	5
42	3
43	4
44	24
45	27
46	28
47	29
48	33
49	34
50	38
51	41
52	42
53	43
54	44
55	49
56	50
57	51

